



Universitetet  
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA

## MASTEROPPGÅVE

|  |  |
|--|--|
| Studieprogram:<br>Lektorutdanning for trinn 8-13, master i<br>lesevitenskap.   | Vårsemesteret, 2022<br><br>Open  |
| Forfatter: Tiril Bukkholm Stegane  | <i>Tiril Bukkholm Stegane</i><br>.....<br>(signatur forfatter)                     |
| Rettleiar: David Albert Natvig   |  |
| Tittel på masteroppgåva: variasjon og endring i fitjardialekta: Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Fitjar kommune i Sunnhordland.                      |  |
| Engelsk tittel: Variation and change in the Fitjar dialect: A sociolinguistic investigation of the language in Fitjar county in Sunnhordland                       |  |
| Emneord:<br>Dialektanalyse, Fitjar, Sunnhordland,<br>endringar, sosiolingvistikk, samfunn og språk,<br>kvalitativ og kvantitativ metodebruk,<br>forskingsintervju. | Tal på sider: 71<br>+ vedlegg/anna: 91<br><br>Stavanger, 25.05.2022<br><br>Dato/år |

# Variasjon og endring i fitjardialekta

-ei sosiolingvistisk undersøkning av målet i Fitjar kommune i Sunnhordland.



*Figur 1: Bilete teke frå Midtfjellet vindpark over Fitjar sentrum, Fitjarvika og øyane<sup>1</sup>.*

«Dialekten forteller andre hvor vi er fra, og gjør at vi sjøl alltid veit hvor *hjemme* egentlig er»  
(Ernst Håkon Jahr, 1990, s.7).

---

<sup>1</sup> Privatfoto teke av Ingrid Hovstad. Attgjeve med løyve frå fotografen.

## Samandrag

Bakgrunnen for denne oppgåva er å kartleggje språklege endringar i den vesle vestlandskommunen Fitjar. Utgangspunktet for oppgåva var å kasta lys over endringar som skjer i dialekta, og vidare granske kvifor endringane skjer. Dialekttrekka som vert granska er differensiasjon og segmentering av konsonantsamband, dei palataliserte formene, omlydsverb og uttale av fonemet -r. Undersøkinga skjer gjennom ein blanda metode som tek omsyn til både kvalitative og kvantitative aspekt, på grunn av at eg søker å talfeste variantane som er i bruk men også å grunngje desse endringane med bakgrunn i samfunnsendringar.

For å finne ut av dette har eg intervjuar ti informantar i tre aldersgrupper, altså 30 informantar til saman. Intervjuet er todelt der den eine delen er ein variabeltest som kan hjelpe meg å talfesta variablane som er i bruk, og den andre delen baserer seg på samfunnstilhøva i liva til dei forskjellige informantane. Problemstillinga eg kastar lys over er som følgjande: *kva variasjonar og endringar finn ein i dialekta på Fitjar, korleis kan samfunnsendringane medverka til dette, og korleis kan språkendringane grunngjevast?*

# Innhald

|   |    |
|---|----|
| FAKULTET FOR UTDANNINGSVITSKAP OG HUMANIORA .....                   | 1  |
| MASTEROPPGÅVE .....   | 1  |
| 1. Føremål og bakgrunn for oppgåva .....                            | 7  |
| 1.1 Innleiing og oversikt.....                                      | 7  |
| 1.1.1 Føremålet med dette forskingsprosjektet.....                  | 7  |
| 1.1.2 Kapittelinndeling.....  | 9  |
| 2. Fitjar kommune .....   | 10 |
| 2.1 Eit historisk tilbakeblikk på Fitjar kommune .....              | 10 |
| 2.1.1 Fitjar som eigen kommune og utbygging .....                   | 10 |
| 2.1.2 Utviklinga i skulesystemet i Fitjar kommune.....              | 11 |
| 2.1.3 Utbygginga i industri og arbeidstilhøve i Fitjar kommune..... | 13 |
| 2.2 Fitjar kommune i dag.....                                       | 14 |
| 2.2.1 Fitjar som geografisk område .....                            | 14 |
| 2.2.2 Sysselsetjing og skulegang.....                               | 16 |
| 2.2.3 Samferdsle.....   | 17 |
| 3. Språket og endringar på Vestlandet .....                         | 18 |
| 3.1 Endringsprosessar .....   | 19 |
| 3.1.1 Endringsteoriar og endringsmønster .....                      | 22 |
| 3.1.2 Regionalisering .....   | 24 |
| 3.1.3 Standardisering .....   | 25 |
| 3.1.4 Sosial nettverksteori.....                                    | 27 |
| 3.1.5 Tilpassingsteori .....  | 29 |
| 3.1.6 Dialekt og identitet.....                                     | 30 |
| 3.2 Endringstendensar på Vestlandet.....                            | 31 |
| 3.3 Talemålet og språkending på Vestlandet .....                    | 32 |
| 3.3.1 Talemålet og språkending i Haugesund.....                     | 34 |
| 3.3.2 Talemålet og språkending i Bergen .....                       | 36 |
| 4. Metode.....  | 40 |
| 4.1 Grunngeving av metodeval.....                                   | 42 |
| 4.2 Informantar og feltarbeid.....                                  | 44 |
| 4.2.1 Informantutval.....   | 44 |
| 4.2.2 Feltarbeidet .....  | 45 |
| 4.3 Korleis kan ein observera språkbruken?.....                     | 47 |
| 4.4 Feiltypar.....  | 48 |

|  |    |
|--|----|
| 5. Resultat.....                                     | 49 |
| 5.1 Dei eldste informantane.....                     | 52 |
| 5.1.1 Språklege resultat.....                        | 52 |
| 5.1.2 Oppvekst og samfunnsvilkår.....                | 56 |
| 5.2 Dei vaksne informantane .....                    | 59 |
| 5.2.1 Dei språklege resultata.....                   | 60 |
| 5.2.2 Oppvekst og samfunn .....                      | 63 |
| 5.3 Dei yngste informantane.....                     | 65 |
| 5.3.1 Dei språklege resultata.....                   | 66 |
| 5.3.2 Oppvekst og samfunn .....                      | 69 |
| 6. Drøfting .....                                    | 72 |
| 6.1 Skilnader i talemålet .....                      | 72 |
| 6.2 Samfunnsendringar som språkendingsfaktor.....    | 75 |
| 6.3 Språkendingsteoriar.....                         | 78 |
| 6.3.1 Regionalisering som faktor .....               | 78 |
| 6.3.2 Standardisering og kontakt. ....               | 80 |
| 6.3.3 Sosial nettverksteori og tilpassingsteori..... | 81 |
| 7. Konklusjon og avslutning.....                     | 82 |
| 8. Kjelder.....                                      | 87 |
| Vedlegg 1:.....                                      | 89 |
| Vedlegg 2:.....                                      | 90 |
| Vedlegg 3:.....                                      | 91 |

## Føreord

Då eg byrja på lektorutdanninga i 2017 hadde eg ingen tankar om å skrive ein master i språkfag, i det minste ikkje ein sosiolingvistisk master. Heile livet mitt har eg elska litteraturen, og difor var eg innstilt på at det var der utdanninga mi kom til å ende. Då eg byrja med nordisk på Universitetet i Agder og etter kvart kom lengre og lengre inn i språkfaga, fatta eg ei ny interesse og vart hugteken av sosiolingvistikken. Språk i utvikling og endring vart det nye store for meg, og eg byrja smått i 2020 då eg skreiv bacheloroppgåve om presensendinga på Fitjar.

Sjølv er eg vaksen opp på Fitjar og budde der fram til eg vart 18 år. No er eg flytta heim att for å kombinere siste del av studietida med arbeid. Eg er stolt fitjabu og har alltid sett på meg sjølv som det. Det vakraste plagget eg eig er fitjarbunaden, eg nyt feriane i det lokale øyriket og «hjartespråket» mitt er fitjardialekta. For meg er det å vere frå Fitjar ein stor del av den personen eg er i dag, og dialekta mi vert i så måte tett knytt til identiteten min. Dialekta gjer det mogleg for meg å vite kvar heime eigentleg er, og det viser kvar eg har røtene mine når eg møter andre personar. Sjølv om eg har budd seks år av livet mitt i andre byar har eg likevel alltid hatt heimen min her.

No som eg er komen attende til Fitjar, har eg denne gongen sett meg som mål å undersøke fleire av dialekttrekka som finst i talemålet her i den vesle vestlandsbygda. Mykje av grunnen for dette er jo at det er heimstaden min og at det ikkje finst noko særleg tidlegare forskning, som vidare legg til rette at det er høve for interessante funn. I tillegg er det dei små tinga eg merkar meg i kvardagen som gjer dette interessant. Når eg snakkar med vennane mine eller syskena mine merkar eg meg ofte at me brukar forskjellige varietetar i daglegspråket, sjølv om me kjem frå relativt homogene språkmiljø, og har kjent kvarandre store delar av livet. Det heile munnar ut i ein tanke om å avdekkja delar av denne variasjonen og kva endringar som kan kartleggjast i målet på Fitjar.

I denne oppgåva har eg hatt behov for å nytte eit utval informantar. Dei vil eg takka umåteleg for at dei har vore villige til å bruka tid på å stille opp på intervju. Dei er grunnpilaren i heile prosjektet, for utan dei hadde det ikkje vore grunnlag til å skrive denne oppgåva. Eg vil også retta ein stor takk til lærarane som har latt meg komma inn i klassen deira og ta ut elevar frå undervisninga. Til sist vil eg takka rettleiaren min som har gitt meg god støtte og grundig rettleiing når eg har hatt behov for det.

# 1. Føremål og bakgrunn for oppgåva

## 1.1 Innleiing og oversikt

### 1.1.1 Føremålet med dette forskingsprosjektet

I Noreg finst det eit enormt mangfald dialektar, og nærast alle stader har si eiga dialekt. Me har ikkje noko standardtalemål og spesielt er det at alle variantar av det norske talemålet er velkomne i både fjernsyn og radio. Det er også dette mange innvandrarak som kjem til Noreg merkar seg tidleg. Det er for mange nordmenn slik at talemålet, eller dialekta heime er den som står dei nærast, og for mange er dette eit hjartespåk. Eit spåk dei tenkjer på, og det målet dei best kan ordleggje seg på. Dialekta er for mange identitetsskapande, og for mange vert det slik at dersom dei mister dialekta, mister dei ein del av seg sjølv (Jahr, 1990, s.7).

I denne masteroppgåva undersøker eg difor målet i Fitjar kommune i regionen Sunnhordland. Bakgrunnen for denne oppgåva er ei sosiolingvistisk gransking av målet som kjem til å kasta lys over variasjonane og dei eventuelle endringane som skjer i talemålet. Med variasjonane snakkar eg då om dei variablane som finst i dialekta, og endringar er dei variablane som er nokolunde etablert og som har erstatta tradisjonelle former. Undersøkinga tek utgangspunkt i dei same variablane, men i forskjellige aldersgrupper. Eg vil gjennom to variabeltestar (jf. vedlegg 1 og vedlegg 2) undersøkje om segmentering og differensiasjon, bakre-r og fremre-r, palatalisering av velarane g og k, framleis er dialekttrekk som står sterkt, og om omlydsverba framleis får omlyd, eller om dei er gått over til forenkla bøyingsformer. Vedlegga baserer seg på direkte spørsmål, der eg søkjer å få dei til å uttala bestemte ord som inneheld eit av desse dialekttrekka.

Eg tek også føre meg samfunnssituasjonen kring informantane med eit tredje vedlegg (vedlegg 3). Her får informantane spørsmål kring oppveksten sin, samfunnet på Fitjar i deira tid, mobilbruken sin og skulegang og jobblivet. Gjennom denne delen av intervjuet vil eg sjå om dei formane informantane brukar i dei første delane går att i den tredje delen der det er snakk om ein naturleg samtale kring dei generelle rammene i deira liv. Alt dette undersøker eg i tre aldersgrupper: dei unge som er mellom 15 og 24 år, dei vaksne som er mellom 37 og 49 år, og dei eldre som er mellom 60 og 72 år.

Dette er gjort fordi eg vil forsøke å kartlegge om det verkeleg skjer ei endring, kva lei den endringa eventuelt tek, og korleis dei kan drøftast mot teorien for å svare på spørsmålet om endring. På grunn av aksiomet om at spåk er konstant variable og i endring, er dette spanande å granske. Undersøkinga er interessant å ta føre seg, for å sjå om dei tradisjonelle språktrekka

som vert brukt i eldre generasjonar framleis er aktuelle hos dei unge, eller om dette er noko som har utvikla seg, eventuelt korleis stoda er i dei forskjellige aldersgruppene. I tillegg er det spanande å sjå dei eventuelle endringane i samband med samfunnsendringa på Fitjar dei siste 70 åra.

Noko eg sjølv opplev og meiner skil generasjonane når det kjem til variablane i dialekta er mellom anna konsonantovergangane  $ll > dl$ ,  $nn > dn$  og  $rn > dn$ , omlydsverb og palatalisering av velarane  $g$  og  $k$ . Desse tradisjonelle formene er noko eg forventar i den eldste informantgruppa, medan eg ikkje ser føre meg at er i noko utbreidd bruk av dei yngste informantane. Dei vaksne informantane ser eg føre meg at har ein noko varierende bruk når det kjem til desse dialekttrekka, og at det kan finnast tilfelle der tradisjonelle og nye former er brukt om ein annan. Noko anna som kan vere interessant å kasta lys over er kor utbreidd den fremre -r er, kontra den relativt nyinnflytta, men etablerte, bakre -r. Dette er interessant på grunn av kor utbreidd han er blitt på heile vestlandet, på stader der den fremre -r tradisjonelt stod sterkt. Magnar Kloster kastar også lys over desse endringane i eit historisk perspektiv, samt andre endringar han meiner er aktuelle blant fitjabuen (Rydland, 2010, s. 34-35).

Desse dialekttrekka er interessante å sjå på først og fremst fordi endringane kan kartleggjast gjennom ei slik undersøking, men også for å sjå om Fitjar følgjer dei same rammene for endring som finst på vestlandet. Dei allereie kartlagde endringane på vestlandet kjem eg tilbake til i del tre av denne oppgåva, og eg vil då sjå på vestlandet generelt, Bergen og Haugesund som påverkande faktorar. Difor blir det naudsynt å også presentere endringane som skjer der, når eg no ser på endringane som skjer på Fitjar. Då kan ein setje Fitjar inn det heilskaplege vestlandsbiletet og seie noko om kvifor endringane skjer. Tidlegare forskning på denne dialekta finst det særst lite av, og det er ikkje noko som er publisert gjennom ein forskingsinstitusjon. Difor er det også interessant å ta føre seg eit emne som det ikkje finst noko særleg om. Det vert som ein introduksjon til fitjardialekta som forskningsemne. Gjennom teorien skal eg prøve å finna svara på fylgjande problemstilling: *kva variasjonar og endringar finn ein i dialekta på Fitjar, korleis kan samfunnsendringane medverka til dette, og korleis kan språkendringane grunngjevast?* Variasjonane i språket eg skal ta føre meg i denne oppgåva er segmenteringa og differensiasjon i konsonantsamband, palataliseringa av velarane -g og -k, uttalen av -r og omlydsverba i fitjardialekta. Variasjonen i språket vil eg sjå gjennom endring i livstilhøva og auka kommunikasjon ved bruk av teknologiske middel, som kjenneteikn på samfunnsendring.



Når eg snakkar om dialekt, eller talemålet i denne oppgåva legg eg til grunn at det er eit munnleg språk som er formidla vidare frå generasjon til generasjon. Vidare legg eg til grunn at talemålet er geografisk avgrensa og ikkje har noko skriftspråk direkte knytt til seg. I tillegg er ikkje språket formelt standardisert i dette området, men innverknaden av dei forskjellige måla fitjabuen vert utsett for vert teke i betraktning når det kjem til endringane eg undersøker. Måla fitjabuen er utsett for reknar eg her som andre talemål i Sunnhordland og andre målformer dei er i kontakt med gjennom jobb, teknologi, skule, reise og privatliv. Det er her snakk om andre norske dialektar, helst dei omliggande, som det er naturleg at dei er mest i kontakt med.

### 1.1.2 Kapittelinnndeling.

Oppgåva vil vere delt inn i kapittel og delkapittel, med fylgjande struktur: I dette fyrste kapitlet vil eg gjere greie for kva som er bakgrunnen for oppgåva og korleis kapitla er delt inn. I kapittel to greier eg ut om Fitjar som kommune med eit historisk tilbakeblikk på samfunnet slik det var før og skriv om samfunnsendringane som har vore viktige for at Fitjar er slik det er i dag. I det tredje kapitlet greier eg ut om språk og endringstendensar på vestlandet, som skal vere med på å skildre språksituasjonen på Fitjar, både når det kjem til korleis språket er, men også for å gje eit bilete av endringstendensane ein kan forventa. Det handlar om teorien bak dialektendringar, då typiske teoriar som er presenterte gjennom til dømes Martin Skjekkeland, Helge Sandøy og Mæhlum og Akselberg (2008). Fokuset i denne delen vert lagt til den sosiolingvistiske sida av teoriane. I del fire kjem skildringa av metoden. Det vil bli presenterte fleire underkapittel i metoden som skal forklara omfanget på forskingsarbeidet, eg greier ut om gjennomføringa og grunngeve vala eg har teke og presenterer gjennomføringa og informantutvalet. I kapittel fem vil eg fortelje om resultatata frå undersøkinga mi, og legge fram funna mine.

Dei siste kapitla handsamar resultatata og kastar lys over problemstillinga gjennom teorien. Kapittel seks vert soleis ei drøfting der eg ser resultatata i lys av teorien. Det sjuande kapitlet kjem til å ta føre seg konklusjonen, og i det åttande og siste kapitlet kjem litteraturlista fram med kjeldene som er brukte i denne oppgåva.

## 2. Fitjar kommune

### 2.1 Eit historisk tilbakeblikk på Fitjar kommune

I denne delen av oppgåva tek eg eit historisk tilbakeblikk på Fitjar som kommune, og korleis bygda har blitt slik som ho står i dag. Eg kjem til å gå gjennom korleis kommunen er blitt bygd opp, korleis skulesystemet har endra seg, og til sist vil eg sjå på korleis industrien har endra seg. Desse tilhøva er viktige å ha med i ei slik oppgåve, for å greie ut om livstilhøva og samfunnsendingane som moglegvis kan bidra til at det også skjer endringar i språket. Ein må nødvendigvis sjå samfunnsutviklinga i samband med språkendingar, og difor er dette ein heilt sentral del av oppgåva som må takast med. Dei samfunnsendingane eg skal sjå på her som skulesystem og industriutbygging vert viktige på grunn av spørsmåla eg har med i undersøkinga mi, som dels handlar om nettopp dette – oppvekst og samfunnet ein er ein del av. Utviklinga i desse sektorane har vidare innverknad på tilgang til ulike tenester og moglegheitene for å lokal samhandling, og er difor sentrale i eit relativt lite samfunn som Fitjar kommune. Dette kjem eg tilbake til i metodekapittelet og greier vidare ut om korleis desse faktorane spelar inn.

I tillegg til dette er samferdsle noko som kan bidra til språkending når det vert større høve for å flytte på seg mellom ulike stader. Utbygging av vegnett og arbeidsstader er også viktige faktorar som spelar inn når det kjem til samhandling. Dersom ein byrjar å jobbe andre stader enn heimstaden legg det vidare til rette for at ein møter folk med andre talemål, som på nytt kan bidra til språkending. På grunn av at kontakt er ein del av ein språkendingssprosess er dette eit kapittel som kan kasta lys over samfunnsendingane som er aktuelle når det kjem til språkending og språkleg variasjon på Fitjar.

#### 2.1.1 Fitjar som eigen kommune og utbygging

Andre halvdel av 1800-talet vart ei tid for omfattande endringar, mellom anna då Fitjar vart ein eigen kommune i 1863 etter splitting frå nabokommunen Stord (Thorsnæs, 2021). På fleire måtar leia dette til at samfunnsutviklinga skaut fart då innbyggjarane måtte syte for eige kommunalt styre og stoda innbyrdes i kommunen. Det første kommunale styret var sett saman av fiskarar og bønder som no måtte engasjere seg i samfunnsspørsmål og ta omsyn til leiarskapen og samarbeid mellom fleire partar (Rydland, 2010, s.28). Tidlegare hadde heradsstyret, som det heitte, hatt hovudsete på Stord. Der var det tre fitjabuar som hadde hatt plass i kommunestyret, og desse fekk naturleg nok ein stad i det nye heradsstyret på Fitjar i

formannskapet. Representantskapet var derimot prega av fitjabuar som ikkje hadde noko tidlegare erfaring (Rydland, 2010, s.40).

Før industrialiseringa tok til var dei fleste busette i Fitjar kommune bønder og fiskarar. Ut frå matrikkelskylda kan ein sjå at gardane var små, og at dei vart mindre. Det meste av kommunikasjon og handel måtte gå sjøvegen, og det var truleg difor det var meir å henta i desse næringane (Rydland, 2010, s.29). Etter byborgarane vart fråtekne eigeretten til å driva handel etter den nye handelslova i 1842, vart det oppretta landhandlar i distrikta. I øyane hadde det vore landhandel i Engesund frå tidlegare, men snart stod også den første krambua klar i Fitjar sentrum. Den vart kalla «sjappo» og stod klar i 1866. Fitjar sparebank vart skipa året før, i 1865, og la tilhøva for den materielle framgangen i kommunen. «Fitjar Postaabneri» vart opna i 1859 og la grunnlag for større grad av kommunikasjon gjennom post (Rydland, 2010, s.31).

Fleire handelsmoglegheiter saman med kommuneutbygginga var grunnlaget for at infrastrukturen vart bygga ut. I tillegg til meir skipstrafikk vart det også naudsynt med fleire vegnett. Den einaste offentlege vegen i kommunen kring 1860 var strekinga mellom Gloppevågen og Sandvikvågen, «prestavegen». Fleire vegar vart fyrst byrja på kring 1870, men vegen mellom dei to nabokommunane Stord og Fitjar stod ikkje ferdig før i 1909. I dette arbeidet var det mange som kom utanfrå dei to kommunane som deltok. Først då det vart behov for hushaldningspersonell i brakkene til arbeidspersonellet, engasjerte dei lokale seg (Rydland, 2010, s. 122).

Før denne vegbygginga tok til måtte dei som skulle til Fitjar ro til prestavegen, stekka mellom Gloppevågen og Sandvikvågen, før dei kunne ferdast vidare til Fitjar. Det var truleg difor mange ikkje såg poenget i at vegen mellom dei to kommunane skulle byggjast, i og med at sjøvegen «alltid» hadde vore det raskaste og framkomstmidla dels avgrensa reisearten på land. Framkomstmidla i kommunen var fram til 1927 avgrensa av hest og sykkel. Då fekk banksjefen på Fitjar, Thor Vestbøstad, sin eigen bil som den første i kommunen (Rydland, 2010, s.129).

### 2.1.2 Utviklinga i skulesystemet i Fitjar kommune.

Fitjar kommune har hatt ei stor utbygging i skulesystemet, for å seinare snevra tilbodet inn att. Skulesystemet er viktig å ta med for å grunnkje kvifor og korleis folk var avgrensa tidlegare, og korleis det lokale skulesystemet bidrog til at folk kunne bu der dei budde. Kvar dei budde, fekk også konsekvensar for språkkontakten. For å kasta lys over den store utbygginga av

skulesystemet i Fitjar, og behovet for dei mange grendaskulane som no er lagde ned, må me tilbake til 1700-talet. Det kom ei ny forordning i skulen i 1739 som sa at skulen skulle setje opp fleire skulekrinsar og at det skulle vere ei viss obligatorisk skulegang for born frå åtte år og oppover. Faga skulle helst krinse kring kristelege fag, og det var på denne tida mange som ikkje kunne lesa og skriva i kommunen. På denne tida var det også vanleg at skulen varte fem til seks veker mellom vårvinna og høgslåtten, når «dagerne er lengre og mindre kolde» (Rydland, 2010, s.79). Først då dei nye skulelovene for landsbygdene kom i 1827 kom skrivning, rekning og song inn som fag i skulen, sjølv om hovudoppgåva til skulen framleis skulle vera «at bibringe Ungdommen sand christelig Oplysning og forskaffe den de Kundskaber og Færdigheder, som ethvert Medlem af Samfundet bør besidde» (Rydland, 2010, s. 89). Etter dette skulle born også gå i skulen frå dei var sju år, og undervisningstida skulle vere på minst to månadar i året.

Skulevegen var for mange lang og tung. Dei fleste skulane som vart sett opp låg i utkanten av kommunesentrum, som berre hadde ein skule. Elles var det fleire skular som vart sette opp i øyane, og elles i grendene som var aktive i mange år. På 40- og 50-talet var det skule på fleire av øyane som Ivarsøy, Fønno, Hatlevik, Aga, Kvarven og Tverderøy. Skulane på fastlandet var Rimbareid, Osternes, Øvrebygda, Sælevik og Hageberg. I alt var det mange grendaskular som var i drift ganske lenge. At dei forskjellige krinsane hadde sine egne skular har avgrensa nødvendigheita av å reise inn til kommunesentrum, og har nok også saman med dei lokale handelsmoglegheitene bidrege til å avgrense språkkontakten i noko måte.

På 60- og 70-talet skjedde det mykje for kommunen som særleg kom til syne i øysamfunnet i Fitjar. Mange hadde vore busette i øyane og borna deira gjekk på skule der. Sildefisket, som mange var avhengige av om vinteren slo feil, og den veksande industrien på Stord trong meir arbeidskraft. Dette leia til at mange flytta inn frå øyane til Stord og Fitjar, og når dei flytta var ikkje behovet for skule like stort, i og med at borna var med på flyttinga. Den siste skulen som vart lagt ned i øyane var på Ivarsøy, og borna som tidlegare hadde gått på skule i øyane vart frakta inn til Fitjar med skuleskyssbåten. Dei fleste skulane på fastlandet vart også lagt ned, den siste på Hageberg i 1990-åra. Med unntak av Rimbareid skule, som no er hovudskulen for barn og ungdom i kommunen overlevde to av dei opphavslege utkantskulane. Grendaskulane i Sælevik og Øvrebygda står att som dei to siste, sjølv om lagnaden deira tidt er usikker enno (Rydland, 2010, s.96).

Den raskt veksande industrien og nedlegginga av grendaskulane er viktige faktorar når det kjem til språkendinga og variasjonen som finst i dag, fordi dei i seg sjølv har lagt til rette for

større grad av språkleg kontakt og samhandling mellom menneske. Når folk valde bort det nokså einsame livet i øyane som bønder og fiskarar til fordel for arbeid i industrien, kom dei i kontakt med andre menneske frå andre stader, som også kanskje hadde eit anna talemål. At dette skjedde først på 60- og 70-talet er også ein sentral del, fordi det kan gje oss eit innsyn i når dei siste store endringane skjedde med tanke på samfunnsutvikling og samhandling med andre språklege variasjonar. Peter Trudgill (1995) forholdet mellom samfunn og språk tidleg vart utforska i Noreg og at det no er ein heilt sentral del i det meste av språkforskning (Trudgill, 1995, s.7). Han peikar også på at språkkontakt er eit sentralt drag i norsk språkforskning (1995, s.13), og det er difor viktig å ta denne delen inn i oppgåva. Ein må rekne med at dei to ovannemnde punkta blir sentrale i ei kvar språkgransking.

### 2.1.3 Utbygginga i industri og arbeidstilhøve i Fitjar kommune

Som tidlegare nemnt var fiske og jordbruk, eller ein kombinasjon av begge, dei viktigaste næringane for bygda på 1800-talet. I så måte kan ein kalla utgangspunktet til Fitjar for ein typisk vestlandskommune. Jordbruket endra seg frå å vera eit hushaldningsjordbruk, til eit jordbruk som produserte for større einingar. Samstundes som industrien utvikla seg har denne næringa også gått ned, og er ikkje lenger så viktig som ho ein gong var for fitjabuane. Det har likevel vore dei maritime ressursane som har vore grunnlag for ein del av den veksande industrien, og dette ser me att, til og med i dag. Sjølv om Austevoll rauk frå oss ein gong på 1800-talet med tanke på fiske, har kommunen teke dette opp i seinare tid og har fleire anlegg og fiskeoppdrett i dag.

Den første store industrien i Fitjar hermetikkfabrikken var i Brandasund, R. Waage & Søn. På fastlandet vaks den første fabrikken fram i Færøysund og laga tønner for lokalt fiskeri. Dette skjedde like etter den første verdskrigen og gav arbeid til om lag fem personar (Rydland, 2010, s.186). I mellomkrigstida var nok A. Andersen og Sønner i Dåfjorden den største industribedrifta. Den bedrifta står enno i dag, og er framleis stor. Ho vart skipa i 1916, men går i dag under namnet Dåfjorden slipp. Etter den andre verdskrigen er det Fitjar mekaniske som har vore den største bedrifta i bygda, og er i dag ein av dei største lokale arbeidsgjevarane i kommunen (Rydland, 2010, s.186).

Det vart skipa trehandel og trevarefabrikk i Koløyo, kraftproduksjon i Brandasund og vegbygginga mellom kommunane som kravde stor arbeidskraft. I tillegg til dette vart det skipa fabrikkar og industribygg i kommunen som gjorde det attraktivt for folk å busetje seg kring dette (Rydland, 2010, s.232). Dette leia også til at det etter andre verdskrigen utvikla seg eit stort behov for bustadhus og husbygging, og entreprenørfirmaet Engevik og Tislevoll AS

vart skipa i 1946. Dette firmaet står i dag som eit av dei leiande driftene i kommunen både når det kjem til arbeidsstader og omsetnad.

Etter at byfolka missa eineretten til å driva handel vaks det fram fleire handelsstader og krambuer på Fitjar. Det hadde allereie vore nokre i øysamfunnet, men no vaks dei første fram også på fastlandet. Det var altså på andre halvdel av 1800-talet og første del av 1900-talet skipa og drive mange fabrikkar og butikkverksemdar på Fitjar. Mange av dei er borte den dag i dag, men nokre av dei har lagt grunnlaget for dei store fabrikkane som folk strøymde til for å arbeide på kring 1960-talet og utover. Sentrumsområdet kring Fitjarsjøen var i stor vekst og det var difor naturleg at det var her behovet for arbeidskraft var. I tillegg vart det heilt slutt med sildefisket som hadde vore ei stor inntektskjelde for mange mot slutten av 1950-talet. Det leia til at folk flytta til staden og let livet dei hadde levd tidlegare på bygda og i øyane ligge bak seg (Rydland, 2010, s.210). Ein arbeidsstad som også er verdt å nemne er hermetikkfabrikken Ocean Packing som var på Higraneset. Den vart opna på 1950-talet av Hellandsfamilien som kom frå Stavanger. Her var det mange av dei som tidlegare hadde drive med jordbruk og fiske som arbeidde fram til fabrikken vart lagt ned på 1980-talet. Mange mista jobben då fabrikken vart lagt ned, og dette gladt spesielt kvinnene (Rydland, 2010, s.2010). Mange av kvinnene som hadde fått seg arbeid på fabrikken var særleg kvinner som hadde vore heimeverande med borna sine, men som no måtte få seg arbeid fordi borna var blitt eldre og flytta ut. Dette stadfestar fleire av dei eldste informantane.

## 2.2 Fitjar kommune i dag.

### 2.2.1 Fitjar som geografisk område

Fitjar er ein liten kommune på øya Stord i regionen Sunnhordland. Kommunen er på 134km<sup>2</sup> og er den nordlege av dei to kommunane. Sunnhordland ligg i Vestland fylke, i det tidlegare Hordaland og er sett saman av dei sju kommunane Tysnes, Etne, Sveio, Bømlo, Kvinnherad, Stord og Fitjar. I kommunen bur det i dag 3201 personar, sjølv om det på heile øya Stord bur 21 750 menneske (Thorsnæs og Kloster, 2021). Dette gjer Fitjar til den nest minste kommunen i regionen, dersom ein tek utgangspunkt i innbyggjartal, som er noko merkeleg i og med at Fitjar kom høgt på lista over innbyggjarar under folketeljinga i 1900. Dette må ein sjå dels i samband med oppdeling av kommunane i seinare tid. I 1964 forsvann ein del av Austevoll som tidlegare hadde vore ein del av Fitjar, og i 1995 mista me ein del av kommunen som i dag høyrer til Bømlo. Som konsekvens av desse reguleringane kan ein sjå at talet på innbyggjarar i Fitjar frå 1960 til 1970 gjekk frå 3183 til 2400, og mellom 1980 og 2001 kunn har auka frå 2902 til 2926 (Rydland, 2010, s.41). Etter denne oppdelinga mista

kommunen altså mange innbyggjarar, og folkeauken i kommunen har ikkje vore særleg stor som følgje av dette. Dagens innbyggjartal hadde truleg vore mykje høgare dersom me ikkje hadde mista dei 783 frå 60-talet. I tillegg til at kommunereguleringane har bidrege til at folkeauken har vore ganske låg dei siste hundra åra, kan også utflytting vere ein del av problematikken kring dette.

Kommunen er sett saman av 114 kvadratkilometer på den nordlege delen av øya Stord, og om lag 350 øyar. I sør grensar altså kommunen til Stord kommune, og i nord grensar kommunen til Selbjørnsfjorden. Det administrative sentrumet i Fitjar ligg i sentrum av kommunen og det er her kommunen vert regulert. Kommunen har altså ei eiga interne regulering. Dette gjer at Fitjar er ein uavhengig kommune og kan administrera det meste av det som skjer i kommunen innbyrdes, og i så måte er lite avhengig av dei andre kommunane når det kjem til styre.



Figur 2: Plasseringa til Fitjar kommune i Hordaland fylke. Fitjar markert i mørk grønn (snl, 2021)<sup>2</sup>

Fitjar er den minste av dei sju kommunane som høyrer til Sunnhordland etter areal, og den nest minste etter folketal med 5,6 prosent av innbyggjarane i regionen (Kloster og Thorsnæs, 2021). Av alle innbyggjarane i Fitjar kommune bur 56 prosent av dei i den einaste tettstaden kring administrasjonssenteret. Dette utgjer 1750 av innbyggjarane. Resten av dei som er

<sup>2</sup> <https://snl.no/Fitjar>

busette i kommunen bur for det meste langs vestsida av øya, men det finst fleire småstader i kommunen der folk er busette. Ein delar gjerne kommunen inn i fleire delar, men dei desidert største bustadstrøka i kommunen ligg kring sentrum. Det at innbyggjarane bur spreitt er ein av føresetnadane for at kommunen enno har aktive grendaskular.

I kommunen finst det meste ein treng til det daglege. Det er dømevis to matbutikkar i kommunen, ein multihandel, to frisørsalongar og elektronikkhandel. I tillegg er det fleire butikkar som sel klede, garn og anna utstyr til fritidsinteresser. I tillegg har Fitjar eit eige legesenter, ein eldreheim og ein helsestasjon. Ein får altso tak i det meste, men dersom det er noko spesielt ein skal ha tak i er det berre 30 minutt med bil til nabokommunen Stord, der dei mellom anna har sjukehus og større kjøpesenter.

### 2.2.2 Sysselsetjing og skulegang.

Per dags dato finst det tre barneskular i kommunen, ein ungdomsskule og ein vidaregåande skule. Alternativa som står er grendaskulane Sælevik og Øvrebygda, og sentrumsskulane Rimbareid barne- og ungdomsskule og Fitjar vidaregåande skule. Det rår usemje i kommunen når det kjem til lagnaden til dei to grendaskulane som berre er barneskular, og kommunen har med fleire høve føreslege at dei to skal leggjast ned. Dei er dei to siste av alle grendaskulane som vart etablerte tidleg, men enn so lenge har dei fått lov å stå, mykje på grunn av det lokale engasjementet. Då det kom forslag om at dei to skulle leggjast ned, stilla mange av lokalbefolkninga opp for å protestere mot dette.

Skuletilbodet er tilrettelagt i kommunen fram til ein byrjar på vidaregåande skule. Då må dei unge velje kvar dei vil gå vidare på skule, alt etter kva yrke dei ser seg ut. På Fitjar vidaregåande er det eit avgrensa fagleg utval, der ein kan velje mellom tre studieretningar. Det er restaurant- og matfag, helsefag og design og handverk. I tillegg tilbyr skulen påbyggingsfag for dei elevane som ikkje vil gå vidare i lære etter to år. Dersom ein ynskjer seg andre fag, som mellom anna elektrofag, TIP, bygg- og anleggsgfag, eller studiespesialisering, må elevane reise til nabokommunen Stord der dei har eit større tilbod enn på Fitjar. Der tilbyr dei ikkje nokon av dei faga dei har på Fitjar vidaregåande, men dei har likevel fleire val når det kjem til studieretning. Stord vidaregåande skule er den største av dei vidaregåande skulane i regionen og elevar frå heile Sunnhordland reiser dertil for å ta den vidare skulegangen sin.

Dette tilseier at det altså er mogleg for elevar å gå på skule på øya frå fyrste til trettande klasse dersom dei ynskjer det. I tillegg til dette er ein av institusjonane til Høgskulen på Vestlandet



plassert på Stord, noko som opnar for vidare studium. Sjølv om mange vel å gå på skule på øya kjem det likevel mange nye og utradisjonelle tilskott til dialektene på Fitjar og Stord.

Fitjar er ei bygd med fleire store arbeidsgjevarar. Utanom kommuneadministrasjonen er det byggje- og anleggsverksemd og kraft- og vassforsyning som er dei viktigaste næringane og utgjør 16 prosent av arbeidsplassane i 2019. Dersom ein legg til industri og bergverk i dette reknestykket, rundar ein 29 prosent. Den mest dominerande industribransjen er verkstadindustrien. Av dei registrerte yrkestakarane i Fitjar har 44 prosent arbeidsstad utanfor kommunen i 2019. Av desse er 32 prosent tilsette i Stord kommune, fire prosent i Bergen og tre prosent både i dei resterande kommunane i Sunnhordland og Austevoll, og i Haugesund/ Karmøy/ Tysvær/ Vindafjord (Thorsnæs og Kloster, snl, 2021). Det er i større grad utbygging og satsting på industri og arbeidsstader i nabokommunen, i og med at Stord har bystatus. I tillegg er det betrakteleg fleire innbyggjarar i kommunen og tilflyttinga er mykje større. Folk kjem frå andre stader i landet så vel som andre stader i verda. Dialekta er truleg på grunn av dette i større grad endra seg på Stord enn på Fitjar, men i og med at 32 prosent av yrkestakarane i Fitjar kommune pendlar til Stord og til dagleg arbeider der, er det nærliggjande å tru at dei også adopterer ein del frå denne dialekta.

### 2.2.3 Samferdsle

Dei to kommunane på øya var ikkje kopla saman av vegnett før vegen stod ferdig i 1909, noko som i si tid leia til ein viss grad av isolasjon og avgrensing. Før vegnettet kom på stell måtte folk ta sjøvegen mellom dei to kommunane. Dersom ein skulle noko var realiteten at ein måtte ut i båt. Dessutan var mange av Fitjabuane busette i øyane fram mot 1960-talet (Rydland, 2010, s.119-134). Etter 60-talet flytta fleire og fleire av øybuane inn til kommunesentrumet på fastlandet. I dag er det ein sjeldanheit at folk vel å busetje seg i øyane, sjølv om det framleis finst eit par tilfelle som er fast busette der.

Dei aller fleste som bur i Fitjar kommune har bil. Før 1970 var det ikkje slik. Dei færraste hadde bil då, og dei aller fleste som arbeidde på Stord reiste med arbeidsbussen som var sett opp. Dei som budde i utkantane av Fitjar måtte då komme seg til riksveg 545 der ruta med arbeidsbussen gjekk. I dag er det framleis nokon som nyttar seg av bussen til arbeid, men det er blitt mykje vanlegare at folk tek bilane sine. Bussane som tidlegare vart snakka om som arbeidsbussar, blir i dag rekna som skulebussar og skyssar dei mange elevane som skal til Stord vidaregåande skule.

Etter at Stordbrua vart sett opp over Digernessundet som den siste komponenten i trekantsambandet i år 2000, har reisetida sørover vorte mykje kortare, og handel og kommunikasjon vart enklare. Før dette måtte ein reise med den velkjende, vestlandske ferja dersom ein skulle reise sør. Slik er det framleis dersom Fitjabuen skal reise nordover, då må ein ta ferja over Selbjørnsfjorden, men ferjene er utbetra og reisetida er korta ned. Fitjar er plassert om lag midt mellom Haugesund og Bergen, og reisetida i begge retningar er om lag like lang. Dette har knytt regionssentra nærare bygdesamfunnet Fitjar, og reisetida ligg på om lag ein og ein halv time. Det er likevel mange som vel å ta turen sørover mot Haugesund, sjølv om reisetida til Bergen er like lang. Dette kan kanskje grunngjevast med at ferjesambandet Sandvikvåg – Halhjem er relativt dyrt, og at E39 går heile vegen frå Fitjar til Haugesund.

Dersom ein ser på dette og tenkjer over sysselsetjingssituasjonen i Fitjar kommune er det fleire faktorar som gjev språkleg input, i og med at ein gjennom dette kjem i kontakt med alskens menneske. Folk som arbeider i større bedrifter må gjerne ta kontakt med andre stader i landet når det kjem til handel og produksjon. Når dette blir ein del av det daglegdagse kan ein tru at adopteringa av dei nye varietetane stor og i høgste grad er røytnleg.

### 3. Språket og endringar på Vestlandet

Språket i Sunnhordland høyrer til det sørvestlandske a-målet. Området som ligg under dette strekk seg frå delar av tidlegare Vest-Agder og opp til indre Sogn. Området har a-ending i infinitivsformer av verb og i bestemt form eintal av svake hokjønnsord. Samstundes finn ein a-ending i somme adjektiv. Ivar Aasen dela på si tid dei vestlandske dialektene inn i tre grupper som var «den nordre bergenske green», «den hordske eller søndre bergenske», og «den stavangerske» (Aasen, 1864, s. 344). Etter Skjekkeland si inndeling er dialektene i det tidlegare Hordaland delt inn i fire eller fem grupper. Det er nordhordlandsmål, sunnhordlandsmål, hardangermål, vossamål og Bergens bymål (Skjekkeland, 2021).

Sunnhordlandsmålet dekkjer også over dialekta på Fitjar, som eg skal greie ut om i denne oppgåva. Som fylgje av at det ikkje er skrivi noko forskingsbasert litteratur om dialekta på Fitjar tidlegare, skal eg i denne oppgåva ta utgangspunkt i dialekta i dei omliggjande byane og regionane for å kaste lys over endringstendensane på Fitjar. Regionssentra i dette området er Bergen og Haugesund, og det er difor relevant å trekkje inn talemålet der, fordi dei innverkar oss. Fitjar er plassert midt i mellom desse to byane, og språket frå begge byane blir difor

sentralt å sjå på, på grunn av endringstendensar eller endringsmønster. I dette kapittelet skal eg difor presentere generelle teoriar knytte til språkending og endringstendensane på Vestlandet, før eg går inn på dei omliggjande dialektane i regionen.

### 3.1 Endringsprosessar

Dialektane er i kontinuerleg endring. Dette heng nok mellom anna saman med den enorme utbygginga av infrastruktur og tilflytting og utflytting kringom i landet. Det er altså ei mykje meir omfattande samfunnsending i dag, enn det det var for berre 50 år sidan. Menneske flyttar for å studere, skaffe seg arbeid eller for å vere nærare familien sin. Det er heller ikkje høve til å studere i alle bygder i Noreg, noko som gjer det naudsynt å flytte på seg dersom ein ynskjer å ta ei utdanning. Dei må difor flytte ut frå bygda dei kjem frå, og til ein annan stad der dei snakkar ei anna dialekt.

Det er ikkje berre denne forflyttinga i samfunnet som er vanlegare no enn før, men kommunikasjonen er også drastisk utbetra. På alle sosiale kanalar som fjernsyn, telefon og radio får ein høyre andre dialektar, og språk. Det er også vakse fram fleire plattformer på internett der mange er sosiale, utan å måtte fysisk interagera med personen dei kommuniserer med. Dette gjer at alle, til ei kvar tid, kan komme i kontakt med fleire dialektar og språk, som vidare kan innverke korleis dei sjølv snakkar og skriv.

Desse faktorane er alle innverkande på oss og språkutviklinga vår, og vert hos Skjekkeland (2013, s. 23) omtala som *ytre* faktorar. Dette er altså dei faktorane me vert utsett for og som finst kring oss heile tida. Det me omgjev oss med spelar inn på korleis me vert innverka. Det handlar om samtalepartnaren og nærleiken ein har til han, det handlar om kven ein ønskjer å assosiere seg med og det handlar om umedviten innverknad frå språka me ser, les og omgjev oss med på til dømes sosiale medium. Dermed kan ein seie at dette er ein av dei største grunnane til at dialektane endrar seg og som også leiar til at det oppstår norvagismar og at me heile tida får nytt ordtilfang.

Denne samanhengen mellom samfunnet og språkendinga er det som i språkvitskapen vert kalla sosiolingvistikk. Sentraliseringa av bygde-Noreg innverkar dialektane i bygdene. Foreldra tek med seg dei nye orda frå jobben sin, og elevane tek med seg nye ord frå skulen. Når dei møtest i heimen frå dei høve til å spreie seg (Mæhlum et al, 2008, s.230). Slik kan dei tradisjonelle formene i bygda vike for dei meir brukte formene frå regionssentra og byane.

Dei *indre* faktorane som er skildra hos Skjekkeland (2013, s.23), er dei som ligg i sjølve språket og som i seg sjølv verkar til endring. I fonologien finst det tendensar til endring og

føringar for kva som vil vere den «naturlege» endringa. Her er «naturleg» sett i klammer, fordi det peikar mot dei endringane som skjer i språket utan nødvendigvis den ytre påverknaden. Helge Sandøy peikar også på faktorar som spelar på dei indre drivkreftene i språket. Han snakkar om at regelinnsvring, regelutviding, analogi, funksjonell tyngd og naturlegheit har mykje å seie for interlingvistisk endring (1996, s.131-135).

Dei *indre* faktorane peikar mot endringar som ligg naturleg hos språkbrukarane og som skjer umedvite hos den einskilde, som forenklingar i verbbyggingane. Dette ser ein mellom anna når språket vert overført frå ein generasjon til ein annan. Då kan det oppstå språklege forenklingar i læringsprosessen, som når eit barn lærer seg eit morsmål. Døme på dette kan vere verb som får nye endingar, og dermed vert noko forenkla i bygginga. Då kan verb gå frå *å bere* – *bærte* (*bar*), eller *å lese* – *leste* (*las*). Barnet har ikkje noko tidlegare kjennskap til denne prosessen og har heller ikkje noko tidlegare innlært system å setja det inn i. Det kan difor kome fram mindre avvik i språket som følgjer barn et opp i vaksen alder (Skjekkeland, 2021).

Det er viktig å presisere at dei indre og ytre faktorane utgjer eit samspel når det kjem til språkendring. Språket endrar seg ikkje av seg sjølv og ein må difor sjå desse to faktorane i eit samspel der begge partane innverkar kvarandre. I den tidlegaste fasen av språklæringa etterapar barna ofte det dei høyrer kring seg og har eigentleg ingen føresetnad for å lære seg eit språk i utgangspunktet. Ein kan trekkje dei ytre faktorane som særleg påverkande i slike tilfelle, der språket ein vert utsett for seier ein ting, men ettersom barnet vert utsett frå språk og talemåtar frå fleire hald som fjernsyn, radio eller kjem inn i eit nytt språkleg miljø som barnehagen er det klart at også dei språklege normene spelar ei rolle. I så måte er det to faktorar ein må sjå i samhald med ein annan.

På grunn av alle desse faktorane som er nemnde er det i grunn overraskande at dialektane har halde seg så godt som dei har gjort her til lands fram mot vår eiga tid. Hos Skjekkeland (2005, s. 26-27) kan ein lese at det finst fleire grunnar til at det ikkje er større endringar i dialektane. I samfunnet finst det bestemte språknormer som me innrettar oss etter når me lærer språk. For at me skal kunne forstå einannan er det naudsynt med ei felles norm om korleis språket skal vera, og dessutan vil me vere like einannan på mange plattformer, også i språket. Alle har eit ynskje om å høyre til ein stad, og det er difor vanleg at ein innrettar seg etter dei etablerte normene i ei gruppe. I dette moderne samfunnet me lev i vil dei sosiale omgjevnadane endre seg mykje i løpet av ein levealder. Ettersom tida går kan me identifisere oss med andre grupper, noko som på nytt kan leggje til rette for endringa. På denne måten får språket ein

identifiseringsfunksjon, og denne funksjonen held dialektutviklinga nokolunde i sjakk med tanke på kor fort utviklinga kunne gått føre seg (Torp og Vikør, 2014, s.113).

Helge Sandøy påpeikar på same måte som Martin Skjekkeland, at temperaturen og tempoet kring språkending har endra seg gjennom tidene. Dette kan mellom anna vere på grunn av det utbetra kommunikasjonsnettet vårt, men også gjennom drivkreftene i menneska, som er ein del av dei indre faktorane i språket som bidreg til endring. Barn sitt eige talemål vil verte prega av at dei tek etter foreldra sine og andre dei omgjev seg med, og dette er faktisk med å bremse språkendinga og bidreg til å halde noko av språket relativt stabil. På den andre sida er det endringar han trekk fram som raske og som skjer i ein heidundrande fart (Mæhlum et al, 2008, s.197). Dømet han kjem med er samanfallet av -skj og -kj lyden i Bergen. Skal ein tru prognosen hans vi dei siste som skil desse lydane vekse opp kring 2020, og dei kjem truleg til å leve til 2110, og dette kan vere dei siste i Bergen som skil desse lydane. Først då, 150 år etter endringa kom til kan sluttstreken for endringa setjast. I språkleg samanheng er dette nær ein augneblink, dersom ein ser på andre endringar som har skjedd. Dette dømet skildrar kor raskt ei språkending kan skje, og bidreg til å gje ei forståing når det kjem til hastigheita språkendingar kan ha.

Den kommunikative innverknaden på språkending skildrar Helge Sandøy (2015, s.201) på den andre sida gjennom e-mål og a-mål på Vestlandet.

[...]At ytre Sogn har e-mål, kan verke underleg, men det viser nok at kontakten nordover og tvers over fjorden har vore betre enn langsetter fjorden. Denne klare og strukturelt viktige grensa har knapt flytta seg ein meter frå 1800 til 2000 (Sandøy, 2015, s. 201).

Dette funnet til Sandøy understrekar både korleis språkkontakten innverkar til språkending, men også korleis eit språktrekk kan haldast i hevd av dei indre faktorane i språket, når det ikkje har endra seg på om lag 200 år. På denne måten blir det altså snakk om både språkkontakt som har leia til endring, men også indre faktorar som har leia til at dialekttrekket har halde seg så godt.

Sjølv om ein gjennom dette kan sjå at det er ulik hastigheit og omfang når det kjem til endring, kan ein ikkje danne seg eit bilete av at dette er noko som skjer like raskt alle stader. Sjølv om samanfallet mellom -kj og -skj lydane i Bergen ser ut til å vere i full sving, kan ein ikkje sjå bort frå at det andre stader i landet finst plassar som ikkje har dette trekket. På same måte kan ein sjå på tjukk-l eller den bakre -r som fenomen som kom inn i språket og etablerte seg somme stader, medan det i dag er mange stader som ikkje har desse trekka i dialekta si. På denne måten kan samanfallet mellom -kj og -skj lyden i Bergen vere tilfelle om kanskje 150

år, men det vil ta umåteleg mykje lengre tid før det blir eit etablert språktrekk og er tilfelle for språket i heile Noreg. Det er heller ikkje sikkert at det er tilfelle at det vil spreie seg til heile landet. Fleire av språktrekka som har kome inn i språket vårt har også stoppa opp etter dei har etablert seg somme stader, og det er nettopp dette som bidreg når me i dag skal setje dialektgrenser eller heimfeste enkelte dialektar. Det er altså ein lang og tidkrevjande prosess frå ei språkending oppstår til ein kan seie at ho er omfattande og gjennomført (Mæhlum et al, 2008, s. 203-204).

Når ein skal sjå på dialekter på ein einskild stad er det difor viktig å ha dette i bakhovudet. Med innverknad frå så mange ulike stader med ulike dialekttrekk og ulike språkmiljø må ein difor sjå på dei forskjellige endringsmønster som kan grunnge kvar endringa har kome frå og eventuelt kva som har leia til at ho har etablert seg. I det neste delkapittelet vil eg difor sjå på kva endringsmønster og teoriar kring endring som ligg til grunn når ein skal grunnge ei dialektending eller eit nytt språktrekk.

### 3.1.1 Endringsteoriar og endringsmønster

I denne delen av oppgåva vil eg komma med dei endringsteoriane og endringsmønster som er presenterte når det kjem til språkending. Når eg i denne oppgåva skal kartleggje dei språklege endringane på Fitjar, er det naudsynt å også sjå på dette for å kunne grunnge kvar endringane eventuelt kjem frå. Bølgjemodellen, frømodellen og hoppteorien som vert presenterte først viser til korleis endringane kan spreie seg, medan dei vidare endringsteoriane forklarar korleis endringane skjer, eller kvar endringane kan oppstå. Desse vert alle aktuelle når ein skal forstå språkending og difor må dei med her. Standardiseringa innverkar heile landet, medan regionaliseringa truleg vert relevant for Fitjar, i og med at staden ligg midt i mellom dei store regionssentera Bergen og Haugesund. Når det kjem til tilpassingsteori og sosial nettverksteori er det noko som spelar inn på dei aller fleste menneske som interagerer med andre, og må soleis også takast med som relevant for også Fitjar. Det finst ulike sosiale grupper og andre samfunnsinndelingar enn tidlegare, og den sosiale nettverksteorien vert difor relevant når ein skal kartlegga talemålet. Når samfunnet endrar seg må ein også rekne med at dei sosiale nettverka fylgjer etter.

Bølgjemodellen eller bølgjeteorien vart presentert for fyrste for på andre halvdel av 1800-talet og blir brukt for å snakke om språklege endringar som oppstår gjennom kontakt, og kan

illustrerast med at ein kastar ein stein i eit vatn. Helge Sandøy snakkar også om denne typen språkspreiing i «Talemål». Han seier at:

[...]Når eit språkdrag breier seg geografisk, kan vi tenke oss at det går ut ifrå eit sentrum og til dei næraste områda rundt. Det breier seg utover slik ringane eller bølgjene gjør det når vi kastar ein stein i vatnet. Kastar vi fleire steinar i vatnet, vil ringane frå kvar av dei krysse kvarandre, og flatene dei teiknar vil overlappe. På dialektkartet blir det òg kryssande grenser og dialektdrag som overlappar – oftast delvis, sjeldan heilt (Sandøy, 1996, s.145)

Der steinen treff vatnet vil bølgjene breie seg kring. Då kan ein sjå det området som bølgjene dekkjer som *spreiingsområdet*, altså, området der endringane spreier seg til og der dei får grobotn. Området der bølgjene går ut i frå og der språkdraget oppstår kan ein kalla *novasjonsområde*, og området der endringa er om lag gjennomført kan ein kalle *kjerneområdet*. I det området vil endringane allereie vere etablerte og nesten konsekvent gjennomført blant språkbrukarane. Tjukk-I er eit eksempel Skjekkeland («dialektendring», 2021) brukar for å illustrere effekten av denne teorien.

Som eit tilskot til denne modellen finst *frømodellen*, som byggjer på det same fenomenet som bølgjemodellen. Ein teori som kastar lys over den same prosessen med andre ord. I denne teorien ser ein føre seg eit språkområde som ein bar åker, der ein plantar frø av forskjellige slag på forskjellige stader i åkeren. Dei ulike plantene som veks fram illustrerer etablerte språktrekk på den bestemde plassen. Plantene vil etter kvart breie om seg og danne nye frø som på nytt vert til nye planter, på same måte som dei nye fenomena i språket breier om seg. Etter ei stund vert det ei blanding av alle dei forskjellige planteslaga i åkeren som veks saman, på same måte som forskjellige dialekttrekk kan overleve og vere i bruk samstundes i eit språksamfunn. Det som er fordelene med denne modellen, kontra bølgjemodellen er at plantene som veks fram ikkje vil forsvinne frå biletet, slik som bølgjene i vatnet vil forsvinne etter kvart. Bølgjemodellen vert difor noko upresis når ein snakkar om dialekttrekk fordi dei eldre eller nyvunne dialekttrekka ikkje nødvendigvis forsvinn, men kan sjåast som tilskot til ei dialekt framfor som ei erstatning.

Dialektendingar og nye tilskot til dialektene vert også forklarte gjennom eit hoppe-mønster (Skjekkeland, 2021). I dette hoppemønsteret kan ein sjå føre seg korleis eit dialekttrekk oppstår og hoppar frå stad til stad gjennom sosial kontakt. Dialekttrekket kan oppstå i ein by og dermed spreie seg til andre bygder eller tettstader. Den bakre -r er eit eksempel på dette. Her meiner mange språkforskarar at trekket har oppstått i Paris kring 1600, og etter det spreidde seg til fleire byar i Europa. Han spreidde seg mellom anna til Tyskland og København, og med tanke på dei nære handelskontaktane i Tyskland og i Danmark, kan det

vere nærliggjande å tru at han har hoppa vidare derifrå til Noreg. Frå dei store byane har han soleis truleg hoppa til dei mindre, omliggjande byane.

### 3.1.2 Regionalisering

Martin Skjekkeland (2005, s.139) og Helge Sandøy (1996, s.145) peikar på at språket vårt går mot å verta eit *regionmål*. Det vil seie at språket går gjennom ein regionaliseringsprosess, der språket i byane spelar ei sentral innverknadsrolle på språket i regionen.

Regionaliseringsprosessen er ein av dei meir omfattande endringsprosessane ein ser i dag. Det skjer kringom alle byar som er i regionsenteret i ein region. Byane i regionane er viktige av fleire grunnar. Det er ein kulturby som ofte har fleire tilbod enn dei mindre byane og bygdene elles i regionen, språket innverkar dei omliggjande stadene. «Som oftast er det ei modifisert form av det folkelege bymålet som fungerer som norm, og det er dette språket som breier seg til mindre tettstader og til bygdene i regionen» (Skjekkeland, 2013, s.24). Bymåla spreier seg vidare til andre tettstader og byar før det kan trengjer inn i dei omliggjande bygdemåla. Ein annan vesentleg skilnad på by og bygd er at det finst fleire regionale identitetar på grunn av dei mange motsetnadene me har i landet. Skjekkeland peikar på Sandøy si forskning om at austlandet har ei heilt sær eigen utvikling når det kjem til språk, og at det der borte går mot eit standardtalemål. Trøndelag heldt også på å utvikla ei felles regional språknorm seg i mellom (Skjekkeland, 2013, s.25).

For å illustrera denne effekten er det sett fram to modellar: *bølgjemodellen* og *sprangteorien*, der sprangteorien er ei vidare utbygging av den tidlegare bølgjemodellen som vart presentert på andre halvdel av 1800-talet (Skjekkeland, 2021). Begge modellane føreset derimot at endringa skjer gjennom språkkontakt, men dei skil seg der bølgjemodellen legg større vekt på den geografiske nærleiken i kontakten og sprangmodellen legg større tyngd på at sentrumssamfunn har betre vilkår for å ta til seg nye språktrekk (Mæhlum et al, 2008, s.223). Bølgjeteorien føreset at endringa går ut frå eit sentrum og til omliggjande bygder, medan sprangteorien skildrar at eit språkdrag hoppar frå eit sentrum til eit anna. Difor ser ein ofte desse modellane saman, fordi språkending som breier om seg eller hoppar frå eit sentrum til eit anna spreier seg etter bølgjemodellen. For at eit språkdrag skal få rot, må fleire ta i bruk den nye varianten, og ofte følgjer denne endringa ei sokalla s-kurve.

Mindre regionar og landsdelane viser ofte at dei får fleire og fleire felles trekk i dialektane og det er ålment at dei mindre dialektene misser dei typiske særtrekka sine og tek inn språkdrag som er vanlege i eit større område (Sandøy, 1996, s.145). Dei stadene som tek inn dei formene som i større grad er utbreidd i byane, blir dei stadene der dialekta endrar seg og dei



blir dermed meir like talemålet elles i regionen. Eit spørsmål Helge Sandøy vidare stiller seg er om språkendringa ikkje alltid har vore slik, og at det er slik det har føregått. Dette er ein påstand som ikkje let seg stadfeste eller avkrefta, ettersom det er mange endringar i språket ein ikkje har fylgd tett gjennom historia, fordi dei ikkje er tydeleg markerte i skriftspråket. På denne måten kan ein i stor grad berre spekulere i kva endingar som har skjedd, og kva tid spreingsperioden var (Sandøy, 1996, s.145).

Dialektgrensene slik dei står i dag er eit nokolunde resultat av dei endringa og språkutviklinga som har skjedd frå om lag 1300 til i dag. Ein måte å tolka denne utviklinga på er å sjå føre seg eit nytt dialekttrekk som har oppstått ein stad, eller i eit miljø, har spreidd seg som resultatet av sosial kontakt mellom menneske i områda som ligg rundt området (Skjekkeland, 2021 og Sandøy, 1996, s.146). Slik dialektgrensene står i dag kan oppfattast som ei samling av mange små «regionaliseringar» frå tidlegare tider der ein tek omsyn til dei ytre faktorane som innverkar språket, som er skildra under 3.1.

Denne regionaliseringsprosessen går i stor grad ut på at byane breier om seg og spreier talemålsvariantane sine ut i bygdene. Klårast er denne effekten på Sørlandet «der ser det ut til at det utviklar seg ei språknorm som byggjer på drag som har vid geografisk støtte...» (Mæhlum et al, 2008, s.226), og Austlandet der det held på å danne seg underregionar med felles språk. Helge Sandøy påpeikar derimot i «Språkmøter» på at endringstendensen ikkje er like klår på Vestlandet og at det ikkje er ei like klår utjamning av dei mange vestlandsdialektene.

### 3.1.3 Standardisering

Standardiseringa peikar mot at dei norske dialektane utviklar seg mot eit standardtalemål. Dialektane i Noreg har alltid hatt ein sentral posisjon, spesielt etter ein skulle finne det norske og lage eit nytt språk. Aasen reiste kringom i Noreg i mange år og samla saman eit felles skriftspråk for dei aller fleste norske dialektane. Der han ikkje fann samsvar mellom dei forskjellige dialektane, gjekk han attende til norrønt for å finne ei ekte, norsk form. Standardiseringsprosessen av det norske språket munnar ut i at standardtalemålet tek over, og at dei tradisjonelle formene som tidlegare har stått sterkt i bygdene vik for vanlegare former som har kome inn i språket. Dette overregionale talemålet innverkar dialektane, og denne prosessen heng i stor grad saman med regionaliseringsprosessen som eg greia ut om i førre avsnitt. Dette er mykje på grunn av at hovudkjelda til standardtalemålet er byane, og breier om seg. I tillegg handlar standardiseringa om kva status det overregionale talemålet har blant

folk flest og i samfunnet elles. Det er austlandsk, eller vestkantmålet i Oslo, som vert rekna som standardtalemålet i Noreg, nok fordi dette er sentrum for det meste som skjer i Noreg. Oslo er hovudstaden i landet vårt, og dei viktige avgjerslene når det kjem til kulturliv, språk, politikk og økonomi vert vedteke her. I tillegg er det her ein finn stortinget, og det er heimstaden til den kjære kongefamilien vår. Dette gjev oss eit inntrykk om at Oslo, og då også talemålet er viktigare enn andre stader og språk i landet vårt, sjølv om verdiane som vert produserte i Noreg ofte er i periferien (Mæhlum et al, 2008, s.25-26). Bokmålet er basert på denne «danna daglegtalen» som ein gjerne kallar det, og sidan heile 90 prosent av den norske befolkninga har dette som skriftspråk kan det bli oppfatta som viktigare enn nynorsk. Når talemålet ligg så nært det normerte skriftspråket kan det også bli sett på som meir «korrekt» enn dialektene ein helst finn på bygdene. Skriftspråket er vedteke og godkjent av Stortinget, som medfører ein viss autorisasjon av språket. Til skilnad frå Danmark og Sverige som har riksdansk og rikssvensk, har Noreg gått bort frå tanken om eit standardtalemål, og det er dermed ikkje noko normert talemål i Noreg. Det handlar som sagt i større grad om kva folk oppfattar som standardtalemål (Mæhlum et al, 2008, s.25-26).

Skjekkeland kan likevel melde om at det på austlandet går mot eit standardtalemål, *standardaustnorsk*, som truleg har utspring i Oslo (Skjekkeland, 2013, s.25). Vidare peikar han på at det nødvendigvis ikkje er det «fine» vikamålet som breier om seg, men at det ser ut for at det er det generelle folkemålet på sentralaustlandet som ser ut til å få medvind i ekspansjonen. På grunn av den språklege likskapen når det kjem til intonasjon, trykktilhøve og aksent, spreier det standardiserte målet seg lett (Skjekkeland, 2013, s.25).

Dette er nok viktige grunnar for at språket frå vestkanten i Oslo vert legitimert som eit standardtalemål, men det finst fleire ytre faktorar som spelar inn på denne oppfatninga. Teknologien, kommunikasjonen og infrastrukturen er veldig utbetra berre dei siste 20 åra, og det er som oftast dette talemålet ein vert utsett for dersom ein ser fjernsyn, høyrer radio og podkast, eller opnar nettbrettet for å lesa nyhende. I så måte vert dette språket ein normal for den norske befolkninga og som fylgje av dette kan ein sjå språkending på ulike nivå. Det er i veldig mange samanhengar dette språket ein ser og dette språket ein høyrer.

Ei av dei språkendingane som kan underbyggja denne prosessen er dei blaute konsonantane på Sørlandet som no er på veg ut. Fleire og fleire unge, då spesielt dei som er fødte etter år 2000, snakkar med harde konsonantar og seier ikkje lenger *kage*, *bage* eller *pibe*, men har gått over til å seia *bake*, *kake* og *pipe* (Skjekkeland, 2021).

### 3.1.4 Sosial nettverksteori

«Dei fleste kjenner nok til at ein ordlegg seg litt annleis til kameratane enn til f.eks. besteforeldra» (Sandøy, 1996, s.97). På same måte som ein skil mellom venner og besteforeldre, skil ein naturlegvis mellom dei som er fjerne og dei som er nære. Det er naturleg for oss å ta omsyn til den personen me snakkar med når me snakkar saman med nokon. Korleis ein snakkar heng også tett saman med situasjonen ein er i. Dersom ein sit på jobbintervju er det ein heilt annan situasjon enn å sitje hos venninna og ete middag. Ein snakkar her om ein formell og ein uformell samtalesituasjon som innverkar språkbruken.

Alle menneske har eit behov for å høyre til ein stad. Slik vert det også med språket. Dersom ein skal høyre til ein stad, er måten ein snakkar på i vennegjengen ein måte å vise tilhøyrslø. Den sosiale nettverksteorien tek utgangspunkt i det språkmiljøet eit individ er ein del av, og som personen er avhengig av sosialt. Ein person kan vere med i fleire språklege miljø og nettverk samstundes. Ein har gjerne ein annleis språkbruk blant vennar og familie enn det ein har på jobb blant kollegaar. Denne nettverksmodellen viser korleis individ heng saman i nettverket og kva som bind individa i nettverket saman. På eit vis kan ein snakka om at denne modellen handlar om språkleg lojalitet (Mæhlum et al, 2008, s. 212). Ved å sjå på dei forskjellige gradene av lojalitet ein har til nettverka sine, og ikkje minst den kryssande lojaliteten, kan ein difor granske konservering av språket på ei side, og endring på den hin sida.

Sjølv om ein vert sosialisert inn i ei gruppe, kan ein likevel ha eit ynskje om å høyre til ei annan gruppe og dermed ha ein annan identitet. Då kan ein leggje om språket sitt, slik at ein kan passe inn i den andre gruppa. Ei slik språkendring hos ein sjølv gjev både gruppa og ein sjølv eit anna inntrykk av kven ein er, og det endrar identiteten. På denne måten kan ein spele fleire og ulike roller for forskjellige grupper (Sandøy, 1996, s.115).

I tillegg til dette er det ikkje slik at menneska er del av same gruppa heile livet. Livstilhøva endrar seg, kven og kva ein vil identifisere seg med endrar seg og kven ein skal kommunisere med endrar seg. Når dette skjer og ein ønskjer å identifisere seg med andre grupper, endrar ein også talemålet sitt. Når ein er i gruppa vil ein derimot vera solidariske og syna lojalitet til gruppa vår, og difor snakke som gruppa gjer (Skjekkeland, 2013, s.27). Denne identifiseringsfunksjonen er ein av faktorane som heldt dialekta i sjakk og verkar konserverande på språket (Skjekkeland, 2013, s.27).

Nettverka som vert danna er ikkje tilfeldige, og i eit samfunn er det vilkår for kven som dannar grupper, og for kor sterke bandet i gruppene blir. Dette kan mellom anna handle om korleis ein vaks opp, korleis ein bur eller kva tilhøve som ligg til grunn for at me har blitt like og ulike. I samfunnet ligg det også kulturelle, sosiale, politiske og økonomiske strukturar som legg retningslinjer for kven dei naturlege nettverka oppstår mellom (Milroy og Milroy, 1992, s.23). Dei fortel vidare at dei tette nettverka er mindre påverkelege frå utsida når det kjem til språkleg endring, enn det dei lause nettverka er (Milroy og Milroy, 1992, s.13). Dette kan ha ein samanheng med gruppeidentiteten og at personane i gruppa har ei språkleg semje når det kjem til kva former dei skal bruka.

Tida etter den andre verdskrigen har lagt grunnlaget for den ungdomskulturen me kjenner til i dag. Ungdommar studerer ved universitet og høgskular, og held seg lengre borte frå arbeidslivet og sjølve vaksentilværet i lengre tider no enn før. Dermed er det mindre samhandling mellom dei unge og dei vaksne i dag, enn det gjerne var før. Ungdommar går ikkje inn i eit arbeidsliv med mange vaksne frå dei er 14 år, slik som det gjerne var før denne tida. Dette leiår til at ungdommar ikkje dannar ei naturleg gruppe med vaksne. Det vert marknadsført produkt for ungdommar, som igjen gjer at dei kjenner seg sterkare som eiga gruppe (Mæhlum et al, 2008, s. 213). På denne måten har samfunnsendringa leia til nye språklege tilhøve når det kjem til gruppedanningar, men også nye mønster for ideal og haldningar hos dei forskjellige gruppene.

Til skilnad til dette var det før i tida tettare nettverk mellom menneska. Ungdommar byrja gjerne i arbeid då dei var fjorten, og måtte arbeide for å få mat på bordet. Då hadde dei ikkje noko anna val enn å bli «tidleg vaksne» og måtte vere saman med dei som var godt vaksne som hadde vore i arbeid ei stund. Det var også slik at menneske før i tida for det meste levde av fiske og var bønder på Fitjar. Dette kan sjåast i samband med Milroy og Milroy (1992), der dei snakkar om *Life-mode 1*. Her skildrar dei korleis den felles familiebedrifta som strakk seg over på fritida, dannar eit tett nettverk mellom familiemedlem og samarbeidspartnarane deira. Heile familien arbeidde for å få ein viss fridom både økonomisk og sosialt, og dette skapa ei kjensle av samhold og styrka nok lojaliteten internt i nettverket (Milroy og Milroy, 1992, s.19).

I dag er det helst slik at mange tek ei utdanning av ein eller annan form, og gjennom læretid eller studium finn jamaldrande å vere saman med. I tillegg til dette har jo dei digitale plattformene endra seg drastisk dei siste ti åra, og på nettet i dag kan ein vere med i ulike nettverk, enno ein ikkje veit kven som sit på andre sida av skjermen. Dette nettverket vil ofte

vere nokså laust, men det er likevel eit representativt eksempel på korleis nettsamfunna fungerer.

Det er i ungdomstida menneske er mest utsette for gruppedanningar, nærare bestemd i alderen frå 14 til 18 år, og difor er det berre naturleg å tru at det er i denne tida ein skapar flest språkendingar (Mæhlum et al, 2008, s.213).

[...]Det nettverksteorien ikkje fangar så godt opp, er tilfelle der nettverket står i opposisjon til eller har konflikt med verda utfor gruppa, *Nabooposisjon* er likt kalla i norsk sosiolingvistisk tradisjon, og den hindrar naturleg nok at drag blir formidla over grensene mellom grupper pga. den forsterka indre lojaliteten (Mæhlum et al, 2008, s. 213).

Gjennom alle desse forskjellige språksituasjonane vert dei aller fleste deltakarar i fleire forskjellige nettverk, noko som innverkar den naturlege talen me legg oss til. Alle tek del i fleire og forskjellige nettverk som innverkar korleis det er naturleg å snakka. Ein kan gjerne ta med seg fleire trekk frå ulike grupper som ein brukar til ulike tider. Men, til sjuande og sist innverkar alle dei forskjellige språkmiljøa språket til individet i ei retning, og då er det naturleg at språkmiljøet ein har størst tilhøyr til innverkar mest. Heile poenget med denne modellen er å konkretisere forholdet mellom dei einskilde individa og det som bind samfunnet saman. Det blir ein reiskap for å betre forstå det me ikkje ser, nemleg språket og endringane som skjer i språket vårt (Sandøy, 1996, s.104).

### 3.1.5 Tilpassingsteori

Tilpassingsteorien handlar om ei viss identitetstolking når det kjem til talemålet og tek føre seg kva tyding den einskilde sin identitet har å seie for språkbruken. Ein endrar normalt sett talemåten sin etter kven ein snakkar med og tilpassar språket til situasjonen. Denne teorien er difor passande å nemne når det kjem til språkending. Dersom ein tilpassar seg ofte nok kan språkendinga verte ein normal del av språket, og ein kan legge seg til å bruke noko som i utgangspunktet var unaturleg. I tillegg ligg det i menneska sin natur å ha ein stad å høyra til. Difor vil ein gjerne tilpasse seg ved fleire høve, også språkleg, for å få nærare band til den gruppa menneske ein vil passe inn i.

Teorien fortel om korleis ein tilpassar språket sitt og språkbruken etter kven ein ynskjer å identifisere seg med. Her har språkbrukaren hovudsakleg to val. Han kan anten tilpasse talemåten sin slik at han nærar seg samtalepartnaren sin talemåte, og i så måte *konvergere*. Dersom språkbrukaren ikkje gjer dette og syner soleis at han ynskjer å halde dei språklege skilnadane oppe, *divergerer* han. På denne måten held språkbrukaren ein viss avstand til samtalepartnaren sin, og viser at han ikkje identifiserer seg med den andre parten. Dette

munnar ikkje berre ut i uinteressant samtale, men er heller eit ynskje om å ikkje verte meir kjend med han, eller for å syne avstanden som ligg mellom dei samhandlande partane (Mæhlum et al., 2008, s. 114-115). Teorien er i så måte ein måte å forklare kven ein ynskjer å identifisere seg med og ikkje. Dette kan også sjåast i ein større samanheng der det ikkje handlar om at ein skal bli kjende med kvarandre, men at ein gjerne skal bli akseptert. Eksempel på dette kan vere på ein arbeidsstad der ein skal inn i eit større miljø, og verte ein del av ei bedrift der det er behov for samarbeid og kontakt på tvers av avdelingar. Då vert det naudsynt at ein kan tilpasse seg arbeidsmiljøet, sjølv om ein ikkje skal interagere med personane på privaten, er det likevel viktig å vise at ein er villig til å tilpasse seg for å høyre til i arbeidsmiljøet.

### 3.1.6 Dialekt og identitet

Ernst Håkon Jahr seier at «Dialekten forteller andre hvor vi er fra, og gjør at vi sjøl alltid veit hvor *hjemme* egentlig er» (Ernst Håkon Jahr, 1990, s.7). Dette sitatet seier at dialekta ein snakkar skal hengje saman med den personen ein er, og i noko grad kva ein identifiserer seg med. Det som skjer i den sosialiseringssprosessen me går gjennom når me vert ein del av samfunnet, er at me lærer oss dei sosiale normene og verdiane som ligg til grunn i gruppa. Den sosiale identiteten ein tileignar seg vert i så måte den trygge staden der ein er akseptert og har ein viss tryggleik. Med dette kjem ein identitet som også vert knytt til denne gruppa (Sandøy, 1996, s.115). Talemålet er eit av særmerka til gruppa, og om ein ynskjer å høyre til snakkar ein gjerne slik som dei andre i gruppa og fylgjer dei etablerte språknormene. Når språket igjen kan knytast til den gruppa ein ønskjer å vere ein del av, kan ein seie at det har ein identitetsfunksjon der ein syner kvar ein sjølv høyrer til. Det er den gruppa ein er sett inn i, og det er normene til denne gruppa som gjeld for individet.

I følgje Milroy og Milroy har lokal lojalitet mykje å seie for å halde på språklege og kulturelle normer som er i opposisjon med det normaliserte og standardiserte (Milroy og Milroy, 1992, s.6). Dette får stønad frå ein artikkel henta frå forskning.no, der dei påpeikar at dei som er stolte over heimstaden sin held meir på dialekta. I så måte har språket ein identifiseringsfaktor når det kjem til dei personane ein ikkje ønskjer å vere lik. Den språklege lojaliteten går begge vegar. Forsking.no skriv at «kjem du frå ei bygd som har noko å vere stolt over, er det meir sannsynleg at du vil halde på dialekten. Folk frå identitetslause stader som har lite å skryte av legg lettare om» (2002). Dette byggjer på at dialekta kan identifisere kvar ein kjem frå, skal ein tru artikkelen som ligg ute er det større sannsyn for at dei som ikkje er stolte over heimstaden sin legg lettare om på dialekta si, enn dei som er det.

At ein kan finne ein lokal identitet og ønskje å ha den med seg er viktig for korleis ein snakkar, sjølv om ein flyttar bort. Dersom ein ikkje ønskjer den identiteten ein har på heimstaden, kan ein nok lettare leggja om språket sitt dersom ein flyttar bort. Vidare seier Milroy og Milroy at det har blitt føreslege at tette nettverk er noko ein finn oftare på bygda og små samfunn der alle veit kven alle er, og at det finst fleire lause nettverk i dei moderne byane (1992, s.6). Dette spelar også ei rolle når det kjem til språkkontakten ein har i dag. Dersom ein har mykje kontakt med folk i byane som truleg er med i fleire lause nettverk, kan ein enkelt ta desse formene dersom ein ønskjer å identifisere seg med dei. Dette aspektet er jo tydeleg utvida i dag, i og med at ein har dei sosiale media som legg til rette for kommunikasjon over alt.

Den auka kommunikasjonen i samfunnet spelar inn på kor tilgjengelege andre talemål er, og det same kan ein seie om den geografiske mobiliteten som har oppstått i det moderne samfunnet. Det at folk flyttar bort eller finn seg arbeid andre stader er nok også med på å innverke identifiseringsfaktoren, på same måte som at folk flyttar vekk og har kortare opphald andre stader for å ta utdanning.

Ei anna samfunnsendring som har vore med på å endra denne identifiseringa er at avstanden til vaksenlivet for dei unge har blitt større. Som eg nemnde tidlegare var det vanleg at folk byrja å arbeide ganske nært konfirmasjonsalder, og dermed kom inn i eit arbeidsmiljø der dei måtte bli ein del av den vaksne gruppa som allereie arbeidde der. Identifikasjonen med dei vaksne byrja dermed tidlegare og kommunikasjonen i arbeidslivet vart sterkare (Sandøy, 1996, s.137). I dag blir det meir og meir vanleg at folk flyttar bort for å studere, og dessutan tek dei aller fleste ein vidare skulegang på ein vidaregåande skule om det er studieretta eller yrkesretta.

### 3.2 Endringstendensar på Vestlandet

Som eg nemnde tidlegare påpeikar Helge Sandøy at regionaliseringsprosessen ikkje kjem like tydeleg fram blant vestlandsdialektene og at det ikkje går mot noko tydeleg regionalmål. Målet på Vestlandet er likevel i endring, og det er fleire endringar å merke seg også her. I denne oppgåva tek eg føre meg konsonantovergangane  $ll > dn$ ,  $nn > dn$  og  $rn > dn$ , sterke verb og palatalisering av velarane  $g$  og  $k$ . Noko anna som kan vere interessant å kasta lys over er kor utbreidd fremre-r er, kontra den relativt nyinnflytta bekre-r. For å finna ut av dette er det naudsynt å sjå på dei generelle endringstendensane på Vestlandet, slik at eg kan drøfta om

endringane kan sjåast i lys av dei generelle endringane, eller om endringane tek ein annan veg enn dei generelle endringane elles på Vestlandet. For å kasta lys over dette skal eg no sjå på talemålet og endringstendensane på Vestlandet, før eg seier noko om talemålet og endringstendensane i Haugesund, Bergen og Sunnhordland.

### 3.3 Talemålet og språkending på Vestlandet

Dersom ein skal forstå dei endringane som skjer på Fitjar, er det viktigare å setje staden inn i ein større kontekst. For det første finst det ikkje noko stor eller formell forskning på dialekta her, og det er heller ikkje noko som er presist nok til at ein kan seie noko direkte om endringane nettopp her. På grunn av dette vil eg ta utgangspunkt i talemålet på vestlandet for å gjere greie for den generelle språksituasjonen no, og før. Vidare skal eg gjere greie for noko av det som er skrive om dei endringane eg ser på i byane Bergen og Haugesund. Grunnen for at dette vert ein sentral og relevant del av oppgåva er for å få eit innsnevra bilete på kva som kan ha innverka dialekta på Fitjar gjennom å granska endringane som er skjedd der. Bergen og Haugesund vert sentrale dialektområde når det kjem til mi gransking, nettopp på grunn av at Fitjar er plassert midt i mellom dei to regionssentra. Eg kjem difor til å sjå på både dialektendingane i Bergen og i Haugesund i kvart sitt underkapittel, før eg snevrar det enno meir inn og ser på det som er skrive om dialektane og dialektendingane i Sunnhordland for å skapa eit bilete av kva ein kan vente seg når det kjem til endringane som kan finnast på Fitjar. Sjølv om endringane som har skjedd i Bergen og Haugesund er relevante kjelder for det heilskaplege, er det talemålet i Sunnhordland som vert det viktigaste, i og med at det er regionen Fitjar er ein del av.

«Hovudskiljet på Vestlandet går mellom e-mål og a-mål, og grensene mellom dei to dialektområda ligg fast» (Sandøy, 2015, s. 201). På 1900-talet vaks det mange industristader fram på Vestlandet og i dag er det mange tettstadar, som kan ha vore med å setje i gong endringsprosessane her. Vestlandet er langt og nokon stadar uhamslig med alle sine fjell og fjordar. På 1960-talet oppstod det store grensereguleringar på Vestlandet, men før dette var det vanleg at kommunar hadde land på kvar side av dei mange fjordane på Vestlandet. Det førte til at ein køyrde gjennom mange fleire kommunar enn ein må i dag for å komme til destinasjonen sin. Før dette var det vanlegaste å nytte seg av båt dersom ein skulle over fjorden, eller berre til andre side av øya som er tilfellet på Fitjar. Folk måtte nytte havet som næraste og raskaste ferdaveg, medan det på mange stader no er slik at ein ikkje lenger treng å nytte båt, men det er bygd bruer, ferjer og tunellar som har samanfatta kommunikasjonsnetta.



Dialektar med likskapar og skilnadar var difor mykje meir isolert og mindre utsett for kommunikasjon med andre dialekter før dette (Jahr, 1990, s.63).

Den største lydendringa etter 1800 i det vestlandske talemålet er den bakre-r. Det har vore ei omfattande endring, og ho har gått fort. Helge Sandøy (1996, s.154) skriv at skarre-r er eit fenomen som kjem frå Paris på 1600-talet. Seinare har han teke vegen lenger opp i Europa, og har etablert seg mange stader sidan den gong. I tillegg reknar han med at denne bakre r-en vart teken i bruk i Bergen og Kristiansand kring på 1800-talet. Han har spreidd seg vidt på relativt kort tid, og allereie i 1840 nemner Aasen dette fenomenet i Ullensvang (Sandøy, 1996, s.154). Kring 1900 var han etablert på sørlandskysten, og Sandøy seier vidare at dette er resultatet av eit hoppemønster, der språktrekket har etablert seg i byane før han har spreidd seg til dei omliggjande bygdene. Sandøy skriv vidare i «Talemål etter 1800» at eidsvollsmannen Fredrik Meltzer sine to søner uttalar -r på ulik måte. Den seks år gamle sonen «skurrer på R», og den andre sonen som vart fødd to år før «uttaler R meget tydeligen», om ein skal tru brevet Meltzer skreiv i 1824 (Sandøy, 2015, s. 206). Dette er interessant og gjev belegg for å tru at det var i denne tida det var eit skifte på uttalen av -r i byen. Ikkje mykje seinare finst det kjelder frå Ivar Aasen (1864, s. 25), som nemnde hos Sandøy, der han fortel at den eigentlege og den ekte norske måten å uttale -r på, som også samsvarar med den svenske og islandske måten, er den fremre -r som «foregaar ved et Stød med Tungespidsen imod Tandkjødet eller den forreste Deel af Ganen». Det at han kjem med denne uttalen tyder på at den bakre-r eller skarre-r, ikkje var den utbreidde på denne tida. Men, på same tida som han seier dette presiserer han også at

[...] Denne Udtale, som her maa kaldes fremmed, forekommer af og til i den sydligste Deel af Landet, især i Byerne i Kristiansands Stift samt i Bergen og, besynderlig nok, ogsaa i et lidet Strøg i hardanger (Aasen, 1864, s.25).

Her er skarringa dokumentert på presise stader i landet og dette kan tyda på at skarre-r er noko som har breidd om seg på relativt kort tid, og er blitt utbreidd og etablert allereie på 1860-talet. Når ein tenkjer på tendensen kring denne spreinga, og samfunnsutviklinga etter 1860, er det nærliggjande å tru at endinga har gått fortare etter han her er dokumentert hos Aasen. Helge Sandøy seier likevel at denne tendensen kom først til Sørlandet, og til Bergen relativt seint. Han meiner også at det må vere snakk om to forskjellige utviklingar i Bergen og Ullensvang i og med at lyden vert dokumentert om lag samstundes (Sandøy, 2015, s.208).

Når det kjem til segmenteringa og differensiasjon av konsonantsambanda eg tek føre meg i denne oppgåva, har dette vore ålment utbreidd i sørvestlandsk. Det kan ein lese både hos

Sandøy (1996 og 2015), Skjekkeland (2013, s.65) og hos Jahr. Sandøy (2015, s.209) peikar på ei undersøking han gjorde i Øygarden i 2009, der han viser at 100% av dei unge har hått over til *-rn* i staden for den typiske *-dn* som har vore utbreidd tidlegare. No seier dei unge *korn* i staden for *kodn*, som tidlegare har vore den utbreidde forma. Sjølv om Sandøy (1996, s.174) peikar på at dette er eit trekk som er gjennomført annleis i dei vestnorske dialektene understrekar han at dette nok har kome inn som konsekvens av ein sosial kontakt i området, og at det ikkje er ein del av eit fast mønster i dag ettersom trekket ikkje er gjennomført lenger. At *-rn* er kome inn i talemålet ser han også som ein konsekvens av bymålet i regionen eller skriftspråket (2015, s.209). Det at segmenteringa var tidlegast på Island, ser andre forskarar på denne teorien som usannsynleg, og ein må tenkje seg, som med skarre-*r* at dette trekket har oppstått synkront fleire stader.

Når det kjem til palataliseringa av velarane *-g* og *-k* skriv Sandøy at dette trekket har vore vanleg fram til i dag og har følgd dei historiske vilkåra i gammalnorsk fonologi. I indre Sunnhordland og ytre Hardanger peikar han derimot på at denne regelen er blitt «komplisert ved at han ikkje gjeld etter lang vokal». Orda *kjake* og *hage* står dermed utan palatalisering av desse velarane. I dette området var grensene for desse trekka tydeleg på plass kring 1800, og dei har haldt seg i hevd fram til no når heile regelen er på veg til å falla bort (Sandøy, 2015, s.210). «Eit vanleg mønster i vestlandsk er at første etterkrigskulla har palataliseringa nokså gjennomført, mens dei yngre fødd ved utangen av 1900-talet manglar». Her viser han vidare til resultat frå Nordhordland der 6,3% av dei som var fødde kring 1994 følgde regelen, i Ullensvang var talet nede på 2,2% og på Sunnmøre følgde ingen av ungdommane fødd kring 1996 denne regelen.

### 3.3.1 Talemålet og språkending i Haugesund

For å gjere greie for stoda når det kjem til trekka eg undersøker i denne oppgåva, kjem eg til å ta utgangspunkt i Finn Gabrielsen si bok frå 1991, «Haugesund Bymål». Dette var i grunn eit deltidsarbeid som starta kring 1987 og varte til 1991. Empirien her er altså noko gammal, men endringstendensane som kjem fram her vil likevel vere aktuelle når ein ser på dei endringane som skjer på Fitjar, og kan kanskje også bidra til å kasta lys over når endringane skjedde.

Boknafjorden har tidlegare vore kanalen for samferdsle og handel i Rogaland. Dei aller fleste handelsnetta Haugesund hadde gjekk over denne fjorden. Stavanger var den første byen som kunne ta opp kampen mot Bergensarane sin fiskehandel, men silda flytta seg etter kvart

nordover, og Haugesund vart det nye sentrumet for fiskedrift (Gabrielsen, 1991, s.11). Etter dette strøynde det folk til frå landsbygdene på heile sørvestlandet. Medan Stavanger tidleg var grunnlagd som by, var det på 1800-talet ikkje noko by der Haugesund ligg i dag. I 1835 hadde Haugesund 37 innbyggjarar, medan dei berre 20 år seinare hadde kome opp i 1000 personar. Dette seier noko om kor stor folkeveksten var, når det berre 20 år seinare, i 1854, var 963 innbyggjarar meir. Det var på dette tidspunktet at Haugesund fekk status som «ladestad». Gabrielsen(1991, s.12) poengterer at grunnen til at Haugesund vaks så fort var den strategiske plasseringa med tanke på sildefisket. Det har dermed blitt det store, og det er vel difor ein i dag kan seie at Haugesund er ein by som er bygd på «sildabein og sildarisp».

Når det kjem til talemålet er det jo også her naturleg å tenkje seg at det har skjedd forskjellige ting. Då sildefisket vart stort i Haugesund kom det som sagt folk frå landsbygdene på heile sørvestlandet. Sjølv om dette er ein region som har nokolunde likt talemål, er det likevel stor skilnad på målet i Haugesund eller målet på Jæren. Gabrielsen understrekar at det byhistoriske aspektet fortel lite om dialekta i Haugesund, og at det korkje finst skriftlege kjelder eller går an å seie noko sikkert om utviklinga av talemålet. Han tillèt seg likevel å spekulera over dette, som han kallar det, og at ein ikkje står heilt på bar bakke når det kjem til spekulasjonane (Gabrielsen, 1991, s.13).

Skarre-r er eit av dei språklege trekka som har stått sterkt i bymålet til Haugesund. Dersom ein til dømes ser på kartet til Arne Torp (2000, s.83), kan ein sjå at så tidleg som 1900 var skarring eit gjennomført dialekttrekk blant Haugesundarane.

Når det kjem til korleis konsonantsambanda *-ll*, *-nn* og *-rn* vert uttala i Haugesund, seier Gabrielsen at det frå gammalt av har vore vanleg å segmentere konsonantsambandet *-ll* og *-nn*. Dei vil til dømes seie *adle* (alle) og *vidle* (ville). «Ein må likevel rekna med at ein del av desse formene er på vikande front, slik at ein kan finna /<sup>v</sup>adle/ side om side med /<sup>v</sup>ale/» (Gabrielsen 1991, s.38). Vidare kan han fortelje at differensiasjonen av konsonantsambandet *-rn* har stått sterkt, og at det har vore vanleg med dette språktrekket. På den andre sida understrekar han at desse formene ikkje lenger er vanlege i skrivande tidspunkt, altså i 1991, men at ein kan finna det i einskilde ord. Han kan eksempelvis dokumentere at nokon framleis seier *badn*, i staden for *barn* (Gabrielsen, 1991, s.38).

Det er også slik at palataliseringa ikkje står sterkt i Haugesund. Gabrielsen (1991, s.31) seier at dette er eit vanlegare språktrekk på Karmøy og i Ryfylke. Ut i frå dette finst det ikkje belegg for å seia at palatalisering er eit av dialekttrekka i Haugesund (Gabrielsen, 1991, s.31).

Dei sterke verba i Haugesund er tradisjonelt kjenneteikna av at det er vokalskifte frå infinitiv til preteritum og perfektum partisipp, presens har tonem 1 og endar på trykklett /e/, preteritum har inga bøyingsending, og perfektum partisipp endar som oftast på /e/ (Gabrielsen, 1991, s.51). Gabrielsen peikar vidare på at det ikkje er mange verb som framleis heldt seg til omlydsbøyinga. Han seier at presensforma /'fe:re/ skil seg ut i bøyinga fordi «...det er det einaste verbet i Hbm som framleis har vokalskifte i rotvikkalen frå infinitiv til presens (såkalla i-omlyd) (Gabrielsen, 1991, s.55). Elles viser det seg at det er vanleg å seia til dømes *komme* i staden for *kjem*, og også *grafte* for *grov* er på veg inn i Hbm, på dette tidspunktet (Gabrielsen, 1991, s.55).

### 3.3.2 Talemålet og språkending i Bergen

Samanlikna med dei andre byane i Noreg har Bergen ein spesiell historie. Sjølv om bymåla i Noreg utan tvil er yngre enn bygdemåla, er bymålet i Bergen eit av dei eldste bymåla, som truleg har skilt seg ut frå dei omliggjande bygdemåla allereie i mellomalderen (Gabrielsen, 1991, s. 19). Vidare har det truleg på første halvdel av 1800-talet utvikla seg ei overklassedialekt i Bergen «... ved at borgar- og embetsstanda tok til å nytte eit skriftmålstilpassa talemåte som kvardagsspråk, og det enda med at borna fekk det som sitt morsmål (førstedialekt)» (Sandøy, 2015, s.219). Før dette hadde eit slikt talemål berre vore vanleg i formelle situasjonar, og det var i så lite omfang at det ikkje hadde gitt grunnlag for ei ny dialekt.

Målet i Bergen er spesielt og skil seg frå dei omliggjande dialektane på mange måtar. Larsen og Stoltz peikar i «Bergens bymål» på det frå vikingtida har busett seg folk frå forskjellige stader i «kjøbstaden Bjørgvin» (1911, s.14). Dei legg også vekt på at dette har vore ein kjøpstad for internasjonal handel, særleg fisk, der handelen også gjekk på tvers i landet. Dei fortel at dei som busette seg i Bergen først og fremst kom frå omliggjande bygder og tettstader, men at det truleg må ha kome mange folk frå austlandet, særleg frå visse delar av Trondheims stift og Nordland på grunn av «sprogets nuværende beskaffenhet» (Larsen og Stoltz, 1911, s.14). I tillegg har Bergen teke imot innvandrarak frå Danmark, Nederland, Tyskland og Skottland (Skjekkeland, 2021 og Jahr, 1991, s.199). Det var i følgje Larsen og Stoltz desse folka som utgjorde den første arbeidarklassen i Bergen. Mot slutten av handelen sin blomstringsperiode, altså dei første tiåra etter 1400, har Bergen vore ein by med høgt befolkningstal der størstedelen var oppvaksne i byen og som har levd av handelen. «Hermed, men kanskje også først hermed, er Bergens åndelige og sproglige selvstændighet ovenfor de

nærmeste landdistrikter grundlagt» (Larsen og Stoltz, 1911, s.15). Denne utsegna om korleis stoda var utover 1400-talet, saman med det store talet på lånord som kom inn i Bergensk på 1300-talet (Skjekkeland, 2021) underbyggjer også Sandøy si hevding om at Bergen fekk sitt eige bymål mot slutten av mellomalderen. Vidare seier Larsen og Stoltz at bergensk skil seg frå dei andre språka i landet og

[...] ialfald tyder visse sprogforhold i bergensk hen på at det stedlige grundlag for talesproget tidlig er blit opløst ved sterk berøring med fremmede, især østnorske, sprogformer, som dog ikke har hat betingelser for at bli gennemført i sin renhet og helhet (Larsen og Stoltz, 1911, s.15 – 16).

Skarre-r kjem fram som eit fenomen også tidleg i Bergen. Som eg skreiv tidlegare under delkapittel 3.3, er dette ei endring som er dokumentert hos Aasen og Sandøy relativt tidleg, og begge omtalar han som tidleg etablert. Larsen og Stoltz peikar på at dette trekket «er formodentlig foranlediget fra Tyskland eller Danmark» (1911, s.91). Ein av grunnane for at denne har blitt verande forklarar dei med at denne er enklare å uttale «end den trillende tungespids -r, og især når man, således som ofte i BBm., i virekeligheten ikke uttaler nogen drøbeltrille». Vidare påpeikar dei at dette trekket neppe kan vere noko gammalt, og dei tenkjer seg at det er frå 1800-talet.

«Gammel palatalisering av k og g» høyrer til dei eldre bergenske talespråka som i utgangspunktet var danske, men med farging frå norsk. Dei har visstnok alltid hatt denne palataliseringa av *-k* og *-g* i framlyd i dei orda som frå gammal tid var felles for dansk og norsk (Larsen og Stoltz, 1911, s.85). Det vert også peika på at dette er langt frå gjennomført i ord som kjem av meir eller mindre framand opphav, og likevel er mange av dei orda med som er palataliserte komen med dei som er vandra inn til Bergen frå utkantbygdene. Larsen og Stoltz peikar på at dette nok er den einaste grunnen for at palataliseringa av *-g* og *-k* er halden i hevd i Bergen.

Når det kjem til segmenteringa og differensiasjon i konsonantsambanda *-ll* til *-dl* og *-rn* til *-dn*, peikar dei på at assimilasjon av konsonantar er mykje meir vanleg i Bergen, og er det som er det tradisjonelle trekket i bymålet. «Særdeles ofte indtræer assimilationer og dissimilationer ...» (Larsen og Stoltz, 1911, s.93). Dei stadfestar likevel at bygdemåla i stiftet har konsonantovergangane *dl<ll* og *dn<nn*, men at bymålet er vaklande her, og heller trekk mot austlandsk når det kjem til dette trekket. Ein kan heller ikkje finne noko om dette hos Jahr (1991, s. 199 – 203), noko som peikar mot at dette ikkje er noko som er vanleg i dialekta i Bergen.

Dei sterke omlydsverba i Bergen var allereie i 1911 gått over til å bli svake skal ein tru Larsen og Stoltz (1911, s.96). Dette gjeldt spesielt dei sterke verba som ikkje har konsonant etter rotvokalen. I tillegg er det «... ingen betegnelse av i-omlyden i præsens av sådanne sterke verber hvis vokal i infinitiv er mottagelig for den» (Larsen og Stoltz, 1911, s.97). Dette grunnjev dei med at Bergen i stor grad har blitt innverka av det danske språket frå 1500-talet, men også kanskje på grunn av innverknaden frå det svenske språket sidan alle samfunnssklassane er komne i kontakt med «...handelen og skibsfartens sprog». Ein annan faktor dei legg til grunn for at denne språkendinga har skjedd er samansetninga av folk i Bergen by. Når ei slik samansetning skal forstå einannan er dei nøydde for å komme fram til ei «språkleg semje» som alle kan forstå (Larsen og Stoltz, 1911, s.98).

### 3.3.3 Talemålet og språkending i Sunnhordland

Det mest sentrale dialektområdet eg ser på med tanke på det eg vil finne ut av er Sunnhordland. Målet i Sunnhordland vert rekna som ein del av det som vert kalla *det sørvestlandske a-målet*. Med unntak frå Bergen strekk det seg frå store delar av Vest-Agder til indre Sogn (Skjekkeland, 2021). Ivar Aasen (1864, s. 344 – 345) omtalar dialektene i «den vestenfjeldske Række» i Sunnhordland på denne måten:

Den hordske eller søndre bergenske Maalgren omfatter maalene i Sogn (for den største Deel), Voss, Hardanger og Nordhordland. (Det søndhordlandske hører egentlig ogsaa hertil, men fraskiller sig noget i Bøiningsformen saa at det bekvemmere kan regnes til den stavangerske Green).

Ut i frå det som vert sagt her, vil Aasen sette Sunnhordlandske dialekter inn i same system som dialektane kringom Stavanger. Dette kan henge saman med bøyingsystemet me har i substantiv, der bestemt form hokjønn får ending på *-o*. I følgje Aasen gjekk den Stavangerske språkgreina frå Sunnhordland i nord til Lister i sør. Grunnen for at dette er at målet «fraskiller sig for det meste ved en større Simpelhed i Bøiningen» (Aasen, 1864, s.347). Han peikar mellom anna på at infinitiv sluttar på *-a*, og at den bestemte hokjønnsforma får endinga *-o* i eintalsform. I tillegg til dette merkar han seg overgangsformene *-dl* for *-ll*, *-dn* for *-rn*, samt *-dl* for *-l* og *-dn* for *-n* etter lang vokal. Eksempla han kjem med her er *stodl* for *stol*, og *steid* for *stein* (Aasen, 1864, s. 347). Vidare deler han den Stavangerske språkgreina inn i fire (s. 348), der sunnhordlandsk er ei av greinene.

Når det kjem til segmentering og differensiering av konsonantsambanda har dette vore utbreidd på vestlandet. Christian Vidsteen peikar på dette og kan fortelje at «L gaar over til d i

ll, der overalt uttales som dl, - Fjedl, adl, Gudl, Vødl...» (Vidsteen, 1882, s.34). Ein kan finne dette att hos Sandøy (2015, s.208). Her peikar han på at dette har vore ålment utbreidd på sørvestlandet, men at det no er på veg ut av språket. Han fortel at dette språkdraget ikkje er fonologisk styrt lenger, fordi at nye ord ikkje er blitt endra. Denne mangelen på regelstyring har innverka trekka til å bli leksikaliserte, og når dei ikkje lenger er fonologisk styrte, er det vanskeleg at det skal vere eit munnleg trekk som held ut (Sandøy, 2015, s.209). Gjennom undersøkingar Helge Sandøy har utført kan han også fortelje at dette er språkdrag som er på veg ut i Øygarden og at yngre i 2009 hadde fått 100% av *rn* for *dn*.

Også Ernst Håkon Jahr plasserer dei sunnhordlandske dialektene i same system som dialektane frå Ryfylket. Den fyrste likskapen han peikar på som ein fellesnemnar i dei nemnde talemåla er skarre-r-en som er utbreidd langs heile sørvestlandet. Det er eit trekk som kom tidleg inn i språket, og som no har solid rot i forhold til den føregåande rulle-r. Christian Bang Vidsteen var tidlege ute og er blant dei første som skreiv noko som helst om talemålet i Sunnhordland. Skal ein tru han, har skarre-r kome til Stord kring 1900, og foreldra ergra seg over borna som snakka med skarre-r som har kome «...ved smitte fra de om Someren talrige Byfolk...» (Vidsteen, 1983, XVI).

«Språkmøte» (Mæhlum et al, 2008, s.205), Torp (2000, s.85) og Sandøy (2015, s.207) viser kvar skarre-r var utbreidd blant dei som er fødde kring 1970. Her ser ein at den bakre-r var utbreidd blant alle på Stord, men er markert som «halvparten skarrer» på Fitjar. Dersom ein går tilbake til 1900, syner Arne Torp eit kart der den bakre-r er utbreidd. Når ein ser på dette ser ein at skarre-r ikkje var kome til Stord på dette tidspunktet, men at han allereie var etablert i Rogaland (Torp, 2000, s.83). Dette er noko interessant med tanke på kor nærliggjande dei to kommunane Stord og Fitjar er og korleis kommunikasjonen har vorte utbetra etter 1950. På grunn av utbetringa i kommunikasjonsnettlet kan ein også tenkje seg at det er difor endringa har skjedd noko i etterkant.

Dei palataliserte formene som tradisjonelt sett har stått sterkt på vestlandet, men som no er på veg ut (Sandøy, 2015, s.210). Regelen tilseier at -g og -k skal få ein palatal variant. I følgje Aasen var dette på plass allereie kring 1800, men etter undersøkinga Sandøy gjorde i Øygarden er det lite att. Dei ungdommane som var fødde i 1994 brukte palataliserte former i 6,3 prosent av tilfella (Sandøy, 2015, s.210).

Når det kjem til presens av dei sterke verba, seier Helge Sandøy (1996, s.146) at presens av dei sterke verb vert laga slik i sunnhordlandsmålet:

- [...] 1. Dei følgjer regelen om at sterke verb har endinga /-e/ og tonem 1.  
2. noen få får vokalskifte i rota. Det må opplyst for kvart verb kva vokalar som skiftar (Sandøy, 1996, s.146).

I sunnhordlandsmålet kan ein difor seie at i presens av dei gamle i-omlydsverba følgjer det same mønsteret som på austlandet, der dialektene kring Oslofjorden manglar dette i dag. Omlyd i presens manglar også i dei fleste bymåla, og dei fleste stader i landet finn ein vokalskifte frå infinitiv til presens. Skal ein tru Helge Sandøy er det allereie her dokumentert at presensforma av sterke verb var i endring i 1996. Punkt 2) som er presentert her går difor ut, og formene går under hovudmønsteret for dei sterke verba. I dette tilfellet blir den tradisjonelle presensforma av verbet å komma: *kjem* til *komme*. På Leirvik, som er bysentrum på øya Stord er dette allereie gjennomført i 1996, då «Talemål» vart gjeven ut (Sandøy, 1996, s.146). Sandøy påpeikar vidare at denne forma er på veg inn i andre tettstader, og at ein kan rekne med at det er ein viss innverknad frå bymålet i Bergen sjølv om det ikkje er den heilt Bergenske forma som er komen inn i talemålet av di -r ikkje følgjer med i ordet.

Gjennom dette kan ein sjå at det er fleire meldte dialektendringar som allereie er i gong i sunnhordlandsmålet. Skarre-r er tilsynelatande gjennomført i Sunnhordland for ei god stund sidan, i og med at halvparten av dei som var fødte på 1970-talet skarra. I tillegg ser ein her at omlydsverba allereie var i ein endringsprosess i 1996 skal ein tru Sandøy. Segmenteringa og differensiasjonen av konsonantsambanda har også vore i ei endring langs heile vestlandet, og både Jahr og Sandøy peikar mot at dette, og palatalisering av velarane, er eit språktrekk som er på veg ut. At Aasen tidlegare har peika på dette som eit sentralt trekk gjev igjen grunnlag for å sjå dette som eit språktrekk i endring.

#### 4. Metode

Forskingsspørsmåla i denne oppgåva baserer seg på å finne og kartlegge endringar i dialekta på Fitjar gjennom problemstillinga: *kva endringar kan ein finna i dialekta på Fitjar, kva samfunnsendringar har medverka til dette, og korleis kan språkendringane grunnjevast?* For å kartlegge dette er forskinga basert på skjema for variabeltestar og eit kvalitativt forskingsintervju. Gjennom dei to første vedlegga, som kan kallast variabeltestar, vil eg sjå på bruken av segmentering og differensiering, omlydsverb og palataliserte former (sjå del 4.2.2). Den andre delen er eit meir omfattande intervju som tek utgangspunkt i å kartlegga samfunnsendringane på Fitjar og samfunnstilhøva dei forskjellige informantane har hatt. Det er ei prioritering at eg gjennom kvalitative intervju skal kunna skapa eit bilete av utbreiinga



når det kjem til dei forskjellige varietetane. Dei kortaste intervju er på rett under 30 min, og dei lengste intervju varte i to timar.

Dei språklege resultatane frå variabeltestane skal presenterast i tabellar med tal, som vert resultatet av oppteljinga av variablane. I så måte vert dette direkte knytt til variablane og skal kasta lys over i oppgåva mi. Den siste delen av intervjuet, altså den delen som tek føre seg samfunnstilhøve og samfunnsendingar, vert presentert som ein tekst under kvar informantgruppe og blir eit eige underkapittel i resultatkapittelet.

Problemstillinga eg kastar lys over er *kva endringar kan ein finna i dialekta på Fitjar, kva samfunnsendingar har medverka til dette, og korleis kan språkendingane grunngjevast?* For å finne svar på forskingsspørsmåla vil undersøkinga basere seg på konkret utforma spørsmål i variabeltestane og deretter ein samtale om samfunnsendinga og levkåra til dei einskilde. Samstundes vert det spurt litt om haldningar og identitetskjenne i dialekta.

Den kvalitative sosiolingvistikken er oppteken av individet og språkbruken åt den einskilde. Individua i samfunnet er i undersøkingstilfelle deltakarar i samfunnet som også handlar medvitne med omsyn til andre sosiale faktorar. Det som er typisk for ein kvalitativ metode er at ein gjennom individuelle og noko strukturerte intervju med dei utvalde informantane kan ein danne seg eit omfattande bilete av dei språklege strategiane dei nyttar i sin daglegtale. Det at intervju kunn er «noko» strukturerte tyder at intervjuet ikkje ekskluderer andre spørsmål enn dei eg allereie har klare, og intervjuet vil i så måte ikkje berre ta utgangspunkt i dei, men innehalde supplerande spørsmål. Det vil i større grad bli lagt vekt på forholdet som oppstår mellom intervjuar og informant, og mindre fokus på at innhaldet skal vere samanliknbart. På denne måten vert intervjuet i større grad eit samarbeid mellom forskaren og informanten.

Den kvalitative sosiolingvistikken søkjer å forstå språket frå informantens si side. Å avdekke korleis dei brukar språket utan vitskaplege erfaringar er eit overordna mål. Den kvalitative metoden innan sosiolingvistikken ser eg difor som verdiar eller utsegner som ein ikkje måler på noko statistisk måte eller som kan formast i tabellar som målbare tal, før materialet er koda. Dette krev at ein analyserer dei dataa ein har fått samla inn, før ein kan setje dei inn i ein slik oversikt. Oversikta over dei kvalitative dataa kan setjast inn i tabellar, men dei vil då ikkje innehalde tal, men tekst. Kvalitative studium kan på denne måten kaste lys over kvifor endingane skjer, framfor å sjå på kor omfattande endringa er.

Innanfor den kvantitative delen av sosiolingvistikken er ein difor oppteken av å sjå sosiale og språklege variablar slik at ein kan danne eit heilskapleg bilete av språkbruken i samfunnet.

Statistikk er ein vanleg framstillingsmåte på det innsamla materialet, og det er vanleg å setje det fram som tal som vert illustrerte gjennom tabellar eller diagram. Intervjua eigna seg godt til dette, i og med at ein er interessert i å finne fram til eit representativt bilete av grupper i samfunnet, og ein ikkje legg mykje viktighet i det einskilde individet i gruppa. Innsamlinga av data skal vere strukturerte slik at det er mogleg å vidare systematisere og gjennomføre samanlikningar mellom dei ulike individa i informantgruppa.

Dei kvantitative metodane kan i så måte seie å vere ein metode for innsamling av data som er målbare i tal, og som kan setjast opp statistisk. Dette tyder at dei kan visast gjennom tabellar og skjema og at verdiane kan samanliknast. Det er heller ikkje naudsynt å samle inn denne typen data gjennom intervju, men dei kan basera seg på tidlegare publiserte tal, databasar eller ulike register. Ein kan difor seie at kvantitative metodar rettar fokus mot ei representativ oversikt eller generelle situasjonar for å teste hypotesar.

Desse metodane er ulike, men dei kan utfylle kvarandre for å kome fram til eit heilskapleg bilete. Sjølv om kvalitative og hermeneutiske analysar er utprega i humanvitskapen, er det ofte dei kvantitative metodane som har vore gjeldande innanfor sosiolingvistiske granskingar. Likevel finst det etter kvart mange sosiolingvistiske forskarar som meiner at den kvalitative metoden er gode for visse føremål, og kanskje spesielt når det kjem til språkbruken i samfunnet. Kva metode ein skal velje heng tett saman med kva som er føremålet med forskingsprosjektet, og heng saman med problemstillinga. Men, det er heller ikkje sikkert at ein er nøydd for å ta eit absolutt val mellom desse to metodane, fordi dei ikkje står i eit motsetnadsforhold til einannan. Ein kan heller sjå på dei som komplementære, og at dei kan utfylle einannan. Dersom ein går strategisk fram gjennom dei to metodane og ser dei som suppleringar, vil ein kome fram til ei meir heilskapleg forståing av informantane enn det bilete berre ein av metodane ville gitt. Ein vil dermed kome fram til samanliknbare tal, samstundes som ein kan forstå kvifor tala er slik dei er.

#### 4.1 Grunngeving av metodeval.

Når eg no skal undersøke endringar, passar vanlegvis dei kvantitative metodane best, medan den kvalitative sida vil sjå meir på årsakene til endringa. I denne masteroppgåva søkjer eg å kartlegge den språklege stoda på Fitjar, og sjå på eventuelle endringar eller variasjonar i dialekta. I tillegg vil det vere aktuelt å undersøkje kva som leiar til at nettopp desse endringane skjer. I så måte vil det vere naudsynt å bruke både ei kvalitativ og ei kvantitativ

tilnærming. Den kvantitative er meir føremålstenleg når det kjem til å finne ut av endringane, men når eg skal sjå på kvifor desse endringane skjer vil det vere naudsynt å nytte kvalitative metodar.

Val av metode er avgjerande for kva materiale ein får samla inn, og eg har difor valt i å nytte meg av intervju når det kjem til innsamling av data og hovudmaterialet eg kjem til å bruke i denne oppgåva. Eg har intervjuet 30 personar til saman, der det er ti informantar i kvar aldersgruppe. Intervjua vert gjennomførte med ein informant av gongen der eg først går gjennom variabeltestane, før eg går vidare til ein samtale mellom meg og informantane. I tillegg til dei planlagde spørsmåla (jf. vedlegg 3) kjem det opp supplerande spørsmål undervegs som eg stilte for å kasta lys over situasjonen til informantane eller høvet for eksponering av andre talemål.

I intervjuet gjekk eg altså inn med tre testskjema, der to av dei er planlagde variabeltestar. Variabeltestane som er lagde fram i denne oppgåva er inspirert av og liknar skjemaet Notland nytta i undersøkinga si i 2001<sup>3</sup>. Ho har kome fram til gode svar i si avhandling og det er difor føremålstenleg å ta utgangspunkt i ein liknande framgangsmåte. Den tredje oppgåva i intervjuet byggjer på samfunnsendringane og samfunnsrammene informantane har hatt kring seg. Variabeltestane tek relativt kort tid å gjennomføre og vart som ein spørsmål-svar situasjon, og i den tredje delen finst det difor spørsmål som informantane må snakke rundt. Dei kortaste intervjua varte rett under 30 min, og dei lengste intervjua vart i to timar.

Intervjua var naturlegvis av ulik lengd, men dei er gjennomført på same måte. Eg trur at mykje av grunnen til at intervjua er av så ulik lengd er at dei eldre og dei vaksne kunne fortelje meir oppvekst og tidlegare samfunnstilhøve enn det dei unge kunne. Då eg snakka med informantane var det typisk at dei vaksne kunne fortelje mykje om oppvekst og eit Fitjar som har vore og er i endring, medan dei unge er vaksne opp på Fitjar slik det er i dag og difor ikkje hadde så mykje å snakka om når det kom til samfunnsendringar.

Vonleg vil eg kunne seie noko om den heilskaplege stoda gjennom funna mine. Gjennom denne blanda metodebruken vert det mogleg å talfesta variasjonen i dei språklege variablane eg har peika meg ut i denne oppgåva. Gjennom metoden vil det også vere mogleg å talfeste dei variablane som eg skal sjå i forhold til ein annan. Denne metoden eignar seg difor godt når

---

<sup>3</sup> Vibeke Notland skreiv i 2001 ei sosiolingvistisk gransking av målet på Bømlo kommune i Sunnhordland.

hypotesar og teoriar skal testast ut, slik som i denne oppgåva når eg skal kartlegge dialekta på Fitjar.

Resultata kan gjennom denne metoden verte framstilte som statistiske og verte framstilla i tabellar og diagram. Det er språket i aldersgruppa som heilskap eg skal sjå på, og difor vil den einskilde sine svar vere av mindre tyding enn svara frå heile gruppa. Eg vil samle inn informasjon på mest mogleg strukturert vis, slik at det er mogleg å gjennomføre samanlikningar mellom dei ulike gruppene og individa.

#### 4.2 Informantar og feltarbeid.

Hos Kvale og Brinkmann (2010, s.129) kan ein lese at mengda informantar bør vere «...så mange personer som det trengs for å finne ut det du trenger å vite». Dersom talet informantar vert for lite er det vanskeleg å generalisere dei eventuelle endringane. Dersom talet på informantar er for stort vil tida ikkje strekke til for å gjennomføre ein djuptgåande analyse av intervjua. Eg har på grunnlag av fråsegna til Kvale og Brinkmann og Labov sin tidlegare forskning sett meg ut tretti informantar i forskjellige aldersgrupper som gjennom intervjuet kan hjelpe meg å kaste lys over den språklege stoda på Fitjar.

##### 4.2.1 Informantutval

Når det kjem til val av informantar vil eg ta utgangspunkt i tre aldersgrupper. Gjennom å inkludere informantar frå ulike aldersgrupper vil eg kunne samanlikne kva variablar dei nyttar seg av, og om, eventuelt korleis dei har endra seg. Gjennom eit utval ungdommar og unge vaksne i alderen 15-24, ei gruppe vaksne menneske i aldersgruppa 37-49, og ei gruppe eldre menneske i alderen 60-72, vil eg intervju og samle saman data som kan kaste lys over korleis segmentering og differensiasjon, uttalen av -r, verbbøying og palataliseringa på Fitjar har endra seg over lengre tid. Til saman har eg intervju 30 personar og har delt dei opp til ti i kvar aldersgruppe.

For å vere med i undersøkinga må informantane vere fødde og oppvaksne på Fitjar. Eg tek ikkje omsyn til kvar dei føresette kjem frå, primært fordi dette hadde skapa vanskar når eg skulle få tak i informantar, og for det andre at informantane som er oppvaksne her har gått på skulen og delteke i lokalsamfunnet, og difor har vore ein del av språkmiljøet på Fitjar heile livet. Det er difor nærliggjande å tru at språket deira er tilpassa dei daglegdagse situasjonane

dei er i, at dei har tilpassa seg miljøet dei er ein del av, og ikkje er sterkt påverka av korleis dei føresette snakkar.

I undersøkinga mi kjem eg ikkje til å gå inn på korleis språkbruken er hos dei forskjellige kjønna, sjølv om det vert rekna som ein viktig faktor når det kjem til språkbruken. Dette er primært på grunn av interessa kring deltaking på prosjektet og det leia til at eg ikkje fekk likt tal på menn og kvinner til intervju. Av dei til saman 30 informantane er det 7 av dei som er menn. På grunn av denne skeive fordelinga når det kjem til kjønn, samt omfanget på oppgåva vert det ikkje rom for å diskutere det, eller få ei fullstending samanlikning. På same tid seier Helge Sandøy (1996, s.106) at det er i bysamfunn det først og fremst har vore stor forskjell på språket hos menn og kvinner. På grunn av dette er det aldersskilnaden som ligg til grunn for endingane eg kan kartleggja.

#### 4.2.2 Feltarbeidet

Feltarbeidet inneheld kartleggingsintervju med informantane, der det einaste av personopplysningar som er naudsynt for meg å samle inn er alder. Det eg søker å samle inn av data er som tidlegare nemnd kva variablar dei nyttar i dialekta si. Dette vil eg finne ut av gjennom å til dømes spørje dei om bestemte setningar i forskjellige verbtider, der dei skal svare i ei annan verbtid enn den eg gjev dei (jf. Vedlegg 1). Dette vil eg finne ut av gjennom å til dømes spørje dei om bestemte setningar i forskjellige verbtider, der dei skal svare i ei annan verbtid enn den eg gjev dei (jf. Vedlegg 1). Eksempel på dette er til dømes: *I dag gjev eg han til deg*, der eg då vil at informantane skal svare: *i går gav/ gidde eg han til deg*. Gjennom slike setningar kan eg få svar på kva for variant dei trur og rapporterer at dei brukar når det kjem til fortidsforma av verbet *å gje*. I tillegg til omlydsverba kjem det også spørsmål om palataliserte verbformer. Eg kan då seie: *I går tenkte eg*, med føremål at dei skal seie *i dag tenkje/ tenke eg*. Dette vil gje meg innblikk i kva former dei brukar av dei gjevne orda.

Ein annan del av undersøkinga som er nokolunde bestemt vert delen med substantiv, der eg vil finna ut om assimilasjonen av konsonantsambanda og palataliseringa av velarane -g og -k står sterkt i dei forskjellige aldersgruppene (jf. Vedlegg2). Eksempel på det eg kan spørje om her er: *kvar oppstår det bølger når det er uver?* Eg vil då at dei skal prøve å svara med heile setningar og svara med *det oppstår bølger på sjøen/ sjødn når det er uver*. I desse to variabeltestane er det høve for at det kan komma fram ei blanding, eller at informantane sjølv

er uvisse på kva form av ordet dei brukar. I desse høva vil eg setje opp ein oversikt over blanda former når eg seinare presenterer resultata eg får frå undersøkingane mine.

Variabeltestane mine munnar kort ut i å undersøkje desse variablane:

- 1) Differensiering av *-rn* og segmentering av *-ll* og *-nn*: om *korn* vert til *kodn*, og om *alle* og *brønn* blir til *adle* og *brødn/ brydn*.
- 2) Om omlydsverba framleis følgjer dei tradisjonelle bøyningane: *å komma* (infinitiv) blir til *komme* eller *kjeme* i presens.
- 3) Om dei formene som tradisjonelt har vore palataliserte framleis er det. *Åt å tenkja* (infinitiv) blir til *tenkje* eller *tenke* i presens.
- 4) Om informantane brukar den tradisjonelle fremre *-r*, eller om dei brukar den bakre *-r*.

Til sist har eg eit utvalt sett spørsmål der dei må snakke kring samfunnet dei er ein del av no, eventuelt korleis det var tidlegare, og litt om identiteten i dialekta. På grunn av språket deira, vil eg ikkje leggje for mykje vekt på den språklege delen eller informere dei om akkurat kva eg lyttar etter når eg skal snakka med dei, i og med at dei då kan tenkje seg om og leggje seg til ein unaturleg tale. Det er derimot ikkje alltid enkelt å skilje mellom naturleg og unaturleg tale, og difor må heile situasjonen der talen førekjem skildrast.

Begge delane av intervjuet granskar det lingvistiske, medan den andre delen lagar større rom for å finne svar på den sosiale delen av problemstillinga mi. Denne individuelle gjennomføringa kjem eg til å ha utgangspunkt i for alle informantane, slik at intervjustrukturen ikkje vert ei kjelde til variasjon. Intervjuet vil fungere som ein samtale mellom meg og informantane, heller enn at eg spør og dei svarar på enkeltstilla spørsmål. Dei tre aldersgruppene vil likevel ta del i same undersøkinga og det same materialet når det kjem til kva eg skal undersøka, i og med at granskinga tek føre seg dei same dialekttrekka.

Eg vil på strategisk vis velje ut setningar og verbtider som eg veit speglar seg i dialekttrekka eg skal ta føre meg. Vidare munnar intervjuet ut i ein samtale med både lingvistiske og sosiale granskingar, for å kartlegge korleis dei brukar varietetane i naturleg samtale og i ein spørsmål-og-svar situasjon. I denne delen av undersøkinga mi tok eg utgangspunkt i Labov (1984) sine forskingsspørsmål, der han presenterer spørsmål som er aktuelle for å finna ut av samfunnsendringar i ei sosiolingvistisk gransking. Der er det spørsmål om informanten sin bakgrunn og rammene rundt livet til den einskilde<sup>4</sup>.

---

<sup>4</sup> <https://www.ling.upenn.edu/~wlabov/L470/Labov1984.pdf>

På denne måten kan eg finne ut om korleis varietetane eg skal undersøke står blant dei forskjellige informantane. Gjennom materialet eg laga til og samtalen eg hadde med informantane ser eg føre meg at dette kan leggje grunnlaget for å skape eit heilskapleg bilete av dialekta på Fitjar, slik ho er blant dei forskjellige aldersgruppene. I tillegg kan det bidra til å kaste lys over den andre delen av problemstillinga der eg søker å finne ut kva for sosiale og samfunnsbaserte faktorar som bidreg til endring.

Det er primært differensiasjon og segmentering av konsonantsambanda *-nn*, *-rn* og *-ll*, omlydsverb og palatalisering av velarane *g* og *k* som står i fokus på dei oppsette spørsmåla dei skal svare på (jf. Vedlegg 1 og 2). Vedlegg 3 viser samtalspørsmåla etterpå som er baserte på samfunnsmessige vilkår som skapar rom for oppfølgingsspørsmål og ein meir naturleg tale. I og med at dei skal svare med heile setningar, ser eg føre meg at situasjonen vert naturleg på alle punkta i intervjuet, og alle vedlegga skapar rom for oppfølgingsspørsmål som kan bidra til å kartlegge språkbruken og variasjonen.

#### 4.3 Korleis kan ein observera språkbruken?

Reiskapane eg tek med meg inn i intervjuet er forskjellige. Det første eg tek med meg er eit spørjeark som skal påpeike om verba enno får omlyd, eller om bøyningane er blitt forenkla i dei yngre generasjonane. Eit anna spørjeark vil også innehalde forskjellige spørsmål som kan peike ut korleis differensiasjonen og segmenteringa av konsonantsambanda står i dialekta hos fitjabuen. Utanom desse strukturerte spørjeskjema tek eg med meg eit enkeltark med spørsmål om dei sosiale aspekta på Fitjar. Her reknar eg med at det vil kome store skilnadar frå informantane i dei forskjellige gruppene når det kjem til korleis dei er vaksne opp, og korleis kvardagen er blant dei yngre informantane, kontra slik han var for dei eldre informantane. Rammene for oppveksten og tilgangen til by trur eg også kjem til å vere annleis. Intervjuet kring desse spørsmåla ser eg føre meg at blir ein naturleg samtale der dei svarar meir naturleg, enn den direkte spørjinga med skjematisk observasjon. På grunn av dette går eg også ut i frå at det opnar seg for naturlege oppfølgingsspørsmål, alt etter kvar samtalen tek vegen.

#### 4.4 Feiltypar

Når det kjem til gjennomføringa av intervjua, ser eg føre meg at det er fleire ting som kan spele inn som moglege feilkjelder. For mange kan eit intervju oppfattast som ein unaturleg og formell situasjon, og på grunn av dette kan ein spørje seg om ein får samla saman ein naturleg tale. I formelle situasjonar kan individ, som Sandøy påpeikar (1996, s. 115), legge seg til ein unaturleg og formell tale som er tilpassa situasjonen informanten sit i. Informanten kan på grunn av dette legge seg til ein unaturleg tale. Labov presenterer fem metodiske aksiom som leiar til eit paradoks han kallar «the observer's paradox». Paradokset byggjer på at ein gjennom dei bestemte intervju med informantane aldri kan vere heilt sikre på at ein har fått det røynelege språket til informanten. Det er i denne samanhengen Labov stiller spørsmål til om me som forskarar verkeleg har målt den språkbruken som me ville måle då me tenkte oss intervjusituasjonen. Aksioma Labov snakkar om og som er aktuelle i ein intervjusituasjon er (1) endring i språkstil, (2) merksemd kring språket, (3) «the vernacular» språket som vert snakka ein bestemd stad, (4) formalitet i situasjonen og (5) gode data (Labov, 1978, s.208 og 209).

På grunn av dette har eg valt, med utgangspunkt i samtaledelen (jf. vedlegg 3), å stille supplerande spørsmål og snakke vidare med informanten om det som kan verke naturleg for at situasjonen ikkje skal verte så formell. Dette merkar William Labov (1978, s.209) seg også som ei god løysing «we must either find ways of supplementing the formal interviews with other data, or change the structure of the interview situation by one means or another». I intervju mine gjorde eg begge delar, både endra korleis intervjuet gjekk føre seg, og stilte supplerande spørsmål undervegs for å få fram ein mest mogleg naturleg tale hos informantane mine. I tillegg til dette fortalte eg ikkje informantane mine om kva eg undersøkte slik at dei ikkje kunne tenkje over det når me snakka saman, men dette kan dei truleg ha gjetta etter kvart som spørsmåla vart stilte. Sjølve språkstrukturen endra seg i nokon grad då eg gjekk over frå variabeltestane og til samtalsituasjonen. Difor valde eg å ha to ulike delar av intervjuet, slik at dei forskjellige situasjonane kan kasta lys over om svara eg får på variabeltestane er gjennomførte eller i det heile tatt i bruk i normal tale.

Konkrete eksempel på supplerande spørsmål eg stilte dei yngste informantane kunne handle om kva fritidsaktivitetar dei heldt på med og kva dei likar å bruke tida si på. Vidare kunne eg stille spørsmål om kva dei syntest om skulen eller om dei likte dyr. Hos dei vaksne og dei eldre kunne eg til dømes spørje dei om kva dei haldt på med då dei var unge, eller kva dei brukte tida si på no. Eg valte også å spørje dei eldre og vaksne informantane om dei merka



nokon språkleg skilnad på seg sjølv og barn eller barnebarn. Dei fleste var engasjerte rundt dette emnet, og samstundes som det er innfor dei opprinelege spørsmåla eg hadde laga, gav dette meg også ein viss innsikt i språkhaldningane til dei eg snakka med.


Noko anna som kan reisa problematikk i intervjuet er korleis informantane *ynskjer* å snakka, samanlikna med korleis dei *faktisk* snakkar. Når det kjem til del ein av intervjuet mitt der eg har valt meg ut spørsmål som skal reflektera differensiering og segmentering av konsonantsambanda, palataliserte former og stoda når det kjem til dei sterke verba, er det ikkje umogleg å tenkje seg at nokon faktisk legg seg til ein unaturleg tale fordi dei meier at det er den korrekte måten å snakka på, og at dei forstår kva eg er ute etter. Fleire kjem nok til å seie det dei trur er korrekt etter korleis til dømes besteforeldra eller foreldra snakkar. For å nokolunde løyse denne problematikken har eg den andre delen av intervjuet som dreiar seg om sosiale og samfunnsknyta tilhøve. Desse spørsmåla kan eg som tidlegare nemnd supplere til for å leie intervjuet inn på ting som er naturlege å snakka om for å få fram ein naturleg tale hos informantane. Dette vil også spele ei rolle når det kjem til reliabiliteten av undersøkinga, at resultata er faktiske og at ikkje tilfeldige språklege trekk vert nytta.

Når det kjem til korleis eg handsamar dataa vil eg telje opp resultata frå variabeltestane, og setje dei inn i eit stolpediagram som er delt inn etter dei forskjellige aldersgruppene. Kvar aldersgruppe vert representert av sitt eige mønster i stolpediagrammet, slik at resultata vert oversiktlege å lese. Når det kjem til kvar aldersgruppe vil eg setje inn diagram for kvart vedlegg, slik at ein grafisk kan sjå føre seg fordelinga på formene, kva former som er tradisjonelle og nye, og kva former som er blanda hos informantane. Svare eg får i samtaledelen er vanskelege å talfeste, og eg kjem difor til å skrive ein generell del om oppveksten og samfunnsvilkåra til dei forskjellige aldersgruppene under delkapittelet deira, der eg samanliknar svare eg har fått internt i aldersgruppa.

## 5. Resultat

Diagrammet nedfor er ein oversikt over bruken av tradisjonelle og nye former i dei tre forskjellige aldersgruppene. Diagrammet omfattar svare eg har fått frå vedlegg ein og vedlegg to i intervjuet eg hadde med dei forskjellige informantane. Stolpane i same mønster representerer den same aldersgruppa. Sjakkrutene representerer dei yngste informantane i aldersgruppa 15-24 år. Dei prikkete søylene representerer den vaksne aldersgruppa mellom 37 og 49 år, og den heilt svarte søyla representerer dei eldste informantane frå 60 til 72 år. Til

saman er det 410 svar i kvar aldersgruppe, og då 1230 svar til saman i heile diagrammet. Dersom ein ser på funna her går dei tradisjonelle formene nedover for kvar aldersgruppe, og dei nye formene som er tekne inn i dialekta, går opp. I tillegg til dette er det verdt å nemne at dei eldste blandar minst former, og talet på former som vert blanda stig etter kvart som alderen går ned. Dette i seg sjølv er interessante, men ikkje heilt uventa funn, som eg kjem til å ta opp at seinare i denne oppgåva.



Figur 2: Oversikt over tradisjonelle og nye former hos dei forskjellige aldersgruppene.


Tabellen viser korleis resultata frå dei forskjellige aldersgruppene kjem fram. Det er forskjellige ting å kommentere her. Hos dei yngste informantane manglar det til dømes åtte svar fordi informantane blanda dei to variantane av åtte ord, og ikkje var visse på kva variant dei bruka sjølv. Det same gjeldt dei vaksne og dei eldste som har litt færre former dei blandar. Ut i frå det ein ser her viser resultata at dei eldste brukar flest tradisjonelle former, har teke inn mindre nye former og er sikrast på korleis dei snakkar. Dei færraste er usikre på korleis dei snakkar blant dei eldre, og dette viste att då det kom til samtaledelen av intervjuet mine. Dei eldste brukte gjennomført palataliserte former, segmentering og assimilasjon og dei brukte dei gamle bøyingsformene når det kjem til omlydsverba.

Dei vaksne viser i større grad enn dei eldre at dei vekslar mellom formene. Sjølv om denne vekslinga ikkje er stor, kjem ho likevel fram. Denne vekslinga vart spesielt tydeleg då det kom til samtaledelen av intervjuet. Ordet som spesielt er veksla på er *fjellet* og *fjedle*. Mange av dei vaksne syntest at dialektendringa dei sjølv la merke til var trasig, og dette heng nok saman med korleis dei sjølv vil snakka, og korleis dei faktisk snakkar. I og med at dei sjølv

meiner og kanskje ønskjer å bruke dei palataliserte formene, segmentering og differensiasjonen gjennomført, er det likevel ei endring her som kjem fram gjennom den naturlege talen. Resultata frå undersøkingane viser mellom anna at dei vaksne brukar fleire nye former enn dei eldre, og dette peikar mot at det allereie har skjedd ei viss ending i språket til dei vaksne.

Når det kjem til dei yngste informantane er dei gruppa som desidert brukar overflod av dei nye formene. Dei brukar mange fleire nye former enn dei tradisjonelle som står sterkt i dei andre gruppene, og dei viser også størst grad av veksling i dei forskjellige formene av orda. I tillegg til dette er det dei som meiner at dialekta er identitetsskapande som har gjeve oss dei fleste tradisjonelle formene her, men då samtalen kom i gong og eg spurte dei om oppvekst og samfunnet dei er vaksne opp i, viser dei at dette ikkje er noko som er gjennomført. Dei vekslar i same grad mellom formene når det kjem til palataliserte former, differensiasjon og segmentering, og eg trur dette kan handle om formene dei vil bruke kontra dei formene dei faktisk brukar. Det er til dømes ein informant blant dei vaksne som har gitt meg *leggja* på spørsmål 21 på vedlegg to, medan same informanten har brukt *legga* på spørsmål tre på vedlegg ein der verbet skulle snuast. Vedlegg 1 var: *I går la eg meg*, vart til *i dag skal eg legga meg*, medan vedlegg 2 var: *kva seier du dersom du skal gå å sova?* vart til: *då ska eg legga meg*. Her kjem ein av blandingsformene til syne gjennom at informanten brukar både den palataliserte og den nye forma av *å leggja*.

Når det kjem til korleis ein vil snakka og korleis ein faktisk snakkar trur eg at dette er noko som går att hos dei vaksne og dei få yngste som tenkjer at dialekta er identitetsskapande. Talet på dei tradisjonelle formene eg får ut frå variabeltestane stemmer ikkje alltid overeins med korleis dei snakkar i den lengre samtalen mot slutten av intervjuet. Dette viser at formene anten er veldig vekslende, eller at dei tenkjer seg om før dei svarar på vedlegg ein og to.



Figur 3: Oversikt over uttalen av -r i dei forskjellige aldersgruppene.

Figur tre viser tydeleg korleis bruken av den bakre -r og fremre -r har utvikla seg på Fitjar. Her går det klårt ned for den fremre -r som er størst blant dei eldste. Det som er mest interessant i dette funnet er at det i løpet av 11 år, frå den yngste av dei eldste informantane til den eldste av dei vaksne informantane har gått nesten heilt over frå fremre til bakre -r. Dersom ein ser dette i eit språkendringsperspektiv har denne endringa skjedd veldig fort.

### 5.1 Dei eldste informantane.

Dei eldste informantane eg har snakka med er mellom 60 og 72 år. Alle eg har snakka med i denne aldersgruppa er fødte og oppvaksne på Fitjar, og dei aller fleste har brukt heile livet sitt her. I denne delen vil eg først presentera dei språklege funna eg har gjort gjennom undersøkingane mine i 5.1.1, og i 5.1.2 kjem eg til å greie ut om samfunnsstrukturen slik han var då dei vaks opp. Eg kjem til å gjere greie for dei samfunnsendingane som fortel meg om deira språksituasjon, slik at eg seinare kan sjå dette i samheng med samfunnssituasjonen hos dei andre aldersgruppene. Samfunnssituasjonen vert skildra gjennom dei førebudde spørsmåla og relevante supplerings spørsmål som kan bidra til å forstå situasjonen og som har dukka opp undervegs i intervjusituasjonen.

#### 5.1.1 Språklege resultat.

Dei eldste informantane viser tydeleg at dei har flest tradisjonelle former i sin språkbruk, sjølv om nokre nye former også kjem fram av intervjuet. Dei fleste formene er framleis tradisjonelle

og både segmentering og differensiering, palatalisering av former og omlydsverb er noko som står sterkt blant dei eldre. Ni av ti informantar har den tradisjonelle fremre -r, og berre ein har den relativt nye, bakre -r. Informanten kunne sjølv ikkje svara på kvifor dette var tilfelle.

Begge foreldra hadde den fremre -r, men informanten fortalte at «eg har berre aldri fått det til». Dei tradisjonelle formene er gjennomførte hos dei eldre informantane. Det er enkelte som brukar nokre av dei nye formene, men dei er konsekvente på desse også, så framtidig eg kunne observera. Det er interessant at det er fortidsforma av *å verpa* som vert blanda i vedlegg 1, men dette kan sjåast i samband med at det ikkje er eit høgfrekvent ord for dei lengre. Det er fleire av dei eldste informantane som er oppvaksne på gard, og det kan verke mot dette, i og med at det kunn er den eine informanten som er usikker på dette ordet. Formene dei brukar og som eg har observert viser likevel at dei eldste informantane er konsekvente og bestemte i ordbruken sin, og at formene fell dei naturleg å bruka.

Med utgangspunkt i vedlegg 1 og vedlegg 2, har intervjuet med dei eldre informantane gitt meg følgjande resultat:

| Setning og alternativ<br>Vedlegg 1:                               | Tradisjonelle<br>former (1) | Nye former<br>(2) | Blandar |
|---|-----------------------------|-------------------|---------|
| 1. I går sov eg. I natt (1) seve/ (2) sove eg.                    | 7                           | 3                 |         |
| 2. I går tenkte eg. I dag (1)tenkje/ (2) tenke eg.                | 10                          |                   |         |
| 3. I går la eg meg. I dag ska eg (1)leggja/ (2)legga meg.         | 10                          |                   |         |
| 4. I går vekte eg deg. I dag ska eg (1)vekkja/ (2) vekka deg.     | 10                          |                   |         |
| 5. I går kom eg. I dag (1) kjeme/ (2) komme eg.                   | 9                           | 1                 |         |
| 6. I dag greve eg. I går (1)grov/ (2) gravde eg.                  | 9                           | 1                 |         |
| 7. Eg gjer han te deg i dag. I går (1)gav/ (2)gidde eg an te deg. | 9                           | 1                 |         |
| 8. Høno verpe i dag. I går (1)varp/ (2)verpte ho.                 | 8                           | 1                 | 1       |

|  |    |   |  |
|--|----|---|--|
| 9. Solo skine i dag. I går (1)skein/ (2)skinte ho.                       | 10 |   |  |
| 10. No skrive eg. I går (1)skreiv/ (2) skrivde eg.                       | 10 |   |  |
| 11. Pannekako svir seg. I går (1) svei/ (2) svidde ho seg.               | 6  | 4 |  |
| 12. No trekkje eg eit lodd. I går (1)trakk/ (2)trekte eg.                | 1  | 9 |  |
| 13. No ler me. I går (1)lo/ (2) ledde me.                                | 10 |   |  |
| 14. I går spurte eg ikkje. I dag ska eg (1)spørja/ (2)spørr/ spørr.      | 10 |   |  |
| 15. I stad sat du der. No vil eg (1)sitja/ (2)sitta der.                 | 10 |   |  |
| 16. I går ryngte han ikkje. Så i dag må han (1)ryngja/ringja/ (2) ringa. | 10 |   |  |

| Setning og alternativ<br>Vedlegg 2:  | Tradisjonelle former (1) | Nye former (2) | Blandar |
|--|--------------------------|----------------|---------|
| 1. Kvar oppstår det bølger når det er uver?<br>(1)sjødn/ (2)sjøen                  | 10                       |                |         |
| 2. Kvar heng du bildene dine? (1)veggjen/<br>(2)veggen                             | 10                       |                |         |
| 3. Kvar har skiglade folk hytte? (1)fjedle/ (2) fjelle                             | 9                        | 1              |         |
| 4. Kva heiter nettet som vert brukt til å fange fisk i? (1)gadn/ (2)garn           | 9                        | 1              |         |
| 5. Kva må ein gjere med kornet for at det skal bli til mjøl? (1)kvedna/ (2) kverna | 9                        | 1              |         |
| 6. Kva er eit anna ord for klut? (1)fidla/<br>(2)filla                             | 10                       |                |         |
| 7. Kva er eit anna ord for «heile gjengen»?<br>(1)adle/ (2)alle                    | 10                       |                |         |

|   |    |   |   |
|---|----|---|---|
| 8. Kva skal du gjera dersom du skal setje opp eit hus? (1)byggja/ (2) bygga       | 10 |   |   |
| 9. Kva er eit anna ord for å gni/ stryka noko utover? (1)smørja/ (2)smørta        | 9  | 1 |   |
| 10. Kva er det du held deg med dersom du skadar ein for? (1)krykkje/ (2)krykke    | 10 |   |   |
| 11. Kan du eit anna ord på bunadsskjørtet? (1)stakkjen/ (2)stakken                | 8  | 2 |   |
| 12. Kva er bygg kveite og ris forskjellige typar av? (1)kodn/ (2)korn             | 7  | 2 | 1 |
| 13. Kva må du gjere i ein heis for å bestemme etasje? (1)trykkja/ (2)trykka       | 9  | 1 |   |
| 14. kva treng du for å låse opp huset? (1)nøyla/ (2)nøkla                         | 3  | 7 |   |
| 15. Kva har bukkane på hovudet? (1)hodn/ (2)horn.                                 | 9  | 1 |   |
| 16. Kva henta dei vatn frå før i tida? (1)brødn/ brydn/ (2)brønn                  | 8  | 2 |   |
| 17. Kva brukar ein dersom ein ser dårleg? (1)brille/ (2)brille                    | 8  | 2 |   |
| 18. Når du tar tunga bortpå noko, kva gjer du då? (1)sleikje/ (2) sleika/ slikka  | 7  | 3 |   |
| 19. Kva har ein ved i etter ein har kløyvd han? (1)sekkje/ (2)sekka               | 9  | 1 |   |
| 20. Kva heiter det ein tømmer kaffi frå? (1)kadna/ (2)kanna                       | 3  | 7 |   |
| 21. Kva seier du dersom du skal gå å sova? (1)leggja/ (2)legga                    | 9  | 1 |   |
| 22. Når ein fundera over noko, kva gjer ein då? (1)tenkje/ (2) tenke.             | 10 |   |   |
| 23. Kva er det mange ungar brukar for å pitle seg i nasen? (1)finjen/ (2)fingeren | 10 |   |   |

|  |    |  |  |
|--|----|--|--|
| 24. Gje meg eit anna ord for kanskje.<br>(1)gjedna/ (2)gjerna                          | 10 |  |  |
| 25. Dersom sola varmar godt, kva kan ein seie<br>at ho gjer då? (1)steikje/ (2)steike. | 10 |  |  |

### 5.1.2 Oppvekst og samfunnsvilkår

Dei eldste informantane kan fortelje mykje om Fitjar frå tida då dei vaks opp. Informantane er fødte og oppvaksne forskjellige stader på Fitjar og i forskjellig alder, men dei har likevel hatt mykje til felles i oppveksten. I dag har me eit handelssentrum på Fitjar, men alle dei eldste informantane kan fortelje om at dei hadde ein lokal butikk i nærleiken av heimen sin. Då dei vaks opp var det butikkar rundt om kring i kommunen. Dei hadde mellom anna butikkar i Glippevågen, Sandvikvågen, på Rydland, i Koløyo og på Hageberg. Fleire kan også fortelje at dei ikkje trengte å gå på butikken, fordi dei som var handelsmenn på staden ofte leverte varene heim til dei.

Alle dei eldre informantane kan fortelja at mora deira var heime med barna då dei var små. Mødrene haldt fram med å vere heime til alle barna var store nok til å byrje i skulen, men til og med då var det ikkje sjølvsagt at dei skulle arbeide. Det var også fleire av informantane som hadde begge foreldra sine frå Fitjar. Fleire av dei eldre informantane fortel av dei i tillegg er vaksne opp på gard, og at det difor var naturleg at mødrene var heime og stelte hus og heim. Fleire fortel også at det var vanleg at fleire generasjonar budde på same gard. Det var vanleg at det var fleire bustadhus på garden der besteforeldra hadde eitt hus, og foreldra hadde eitt. Sildefabrikken som tidlegare stod på Hegreneset verdt å nemne i dette høvet. Det var her dei fleste heimeverande som søkte seg jobb etter barna var vaksne opp fekk seg arbeid, og i bygda er denne fabrikk blant dei eldre sett på som ei «kvinnebedrift». Utanom denne bedrifta er det andre arbeidet mødrene til informantane hadde noko som vart kalla heimehjelp. Det var ei kommunal teneste der dei tilsette reiste heim til dei som trong hjelp i kvardagen og hjelpte til med vask, handling og eventuelt matlaging. Av dei stillingane som var vanlege bland mødrene til dei eldre informantane, var det desse to arbeida som vart nemnde i intervju.

I tillegg til dette har alle informantane som ikkje er vaksne opp i sentrum byrja skulegangen sin på ein av dei lokale grendaskulane som no er stengde. Fleire av dei eg har snakka med



gjekk på skule i øyane, Osterneset, Hageberg eller Øvrebygda. Dei som hadde kortast skuletid på den lokale skulen sin er dei som kjem frå Osterneset. Dei gjekk på den lokale skulen i tre år før dei fekk skuleskyss inn til skulen i sentrum resten av skulegangen. Dei andre lokale skulane i kommunen heldt fleire år med skulegang før elevane måtte inn til sentrum. I tillegg til dette la dei lokale grendaskulane ned i ulikt tempo. Medan Osterneset og Ivarsøy la ned sin skule på 1970-talet, står framleis to av grendaskulane på Fitjar igjen i dag, og Hageberg var den siste av grendaskulane som vart lagt ned på 1990-talet. Fritidsaktivitetar vart også sett opp i lokal regi i dei forskjellige grendene i kommunen i større grad enn det er i dag.

Dei eldre informantane fortel at det å samlast til ein felles aktivitet i ei stove i bygda ikkje var uvanleg, og at dei ofte rullerte på kven ein skulle samlast hos for kvar gong. Dersom dei ikkje samlast heime var det ofte ulike arrangement i regi av dei lokale bedehusa som var vanlege å delta på. Dei aller fleste fortel at dei hadde venner lokalt i grenda, og at det ikkje var lengre til næraste leikekamerat enn at dei kunne gå. På grunn av dette fortel informantane som ikkje er vaksne opp i sentrumsområdet at dei vanlegvis ikkje reiste inn til Fitjar sentrum meir enn ein gong i veka før dei vart ungdommar. Mange av informantane fortel då at dei byrja å bruke meir tid i sentrum etter at dei byrja på ungdomsskulen. Dette skjedde på grunn av at det var lagt til rette for fleire ulike fritidsaktivitetar enn dei var vande med heimanfrå og fordi dei knyta nye band då dei gjekk på skulen. I tillegg til dette vart det arrangert både dans for dei som var konfirmerte og kino på det lokale ungdomshuset i sentrum minst to gongar i månaden. Skal ein tru dei eldre damene eg har snakka med var den store hendinga dans, då det kom gitar frå Rubbestadneset for å vere med. Dei aller fleste av dei eldre informantane eg har snakka med deltok på dette, og dette er ein stad der det kom folk frå forskjellige plassar, og då truleg også med forskjellige dialekter.

Skal ein tru «Fitjar 150år» og informantane eg har snakka med, var det meir liv i Fitjar sentrum før. For det første hadde dei handelslag og krambu, meieri, sparebank, elektronikkbutikk, konditori, kafé, fabrikk og forskjellige arrangement på ungdomshuset og på bedehuset. Til og med ferjeleiet som i dag går frå Sandvikvågen låg i sentrum. Meierikaien, som kaien heitte hadde også laste- og lossestad for handelsbåtar og var stoppestad for båten «Bremnes» som tok folk med seg til Bergen.

Når det kjem til vanane kring byturar hos dei eldre informantane, fortel om lag alle informantane at det er Bergen som var by for deira del. Alle dei eldre informantane fortel at det var til Bergen dei reiste dersom dei skulle til by, og det var slett ikkje vanleg å reise til Haugesund dersom ein skulle noko ein måtte til byen for å gjere. Dersom dei skulle på bytur,

reiste dei alltid til Bergen, og der var berre dersom dei skulle noko spesielt. Informantane fortel at det kunn var ved særskilde høve som sjukehusbesøk at dei reiste på bytur. Dei som har familie i Bergen reiste kanskje litt oftare, men den informanten som reiste mest til byen i sin barndom, fortel om tre Bergensturar i året. Det er derimot ganske mange av dei eldre eg har snakka med som fortel at dei har familie i Bergen. Då har dei anten hatt tradisjon for å reise til dei ein gong i året, elles er det fleire som fortel om fint besøk frå byen når byfolka skulle på landeferie om sommaren.

Når dei eldre informantane reiste til byen reiste dei med båten «Bremnes», som henta passasjerar ved Meierikaien. Båten stoppa også andre stader i øyane, slik at det var høve for dei som var busette her å vere med til Bergen. Dei som reiste med denne båten gjekk på om kvelden og reiste heile natta. «Bremnes» var framme i Bergen morgonen etter, og dei kunne reise heim att på same måte om kvelden igjen då dei var ferdige med dei ærenda dei hadde i byen. Dette var den vanlegaste måten å reise på i og med at fleire av dei eldre informantane fortel at dei ikkje er vaksne opp med bil. Det var vanleg at dei reiste med andre i kommunen som hadde bil dersom dei skulle reise til byen og ikkje reiste med «Bremnes». Dette skjedde likevel ikkje ofte, i og med at det ikkje var mange som hadde bil på Fitjar på 50- og 60-talet.

Dei eldre informantane kan derimot fortelja at dei reiser til byen oftare no, enn det dei gjorde for berre 15 år sidan. I og med at mange har born som er flytta bort, vel dei å reise på besøk til dei ofte, og fleire fortel at dei somme tider tek seg helgeturar til byane. Dei eldre reiser framleis helst til Bergen dersom dei skal ha seg ein helgetur og ikkje har noko særskilt dei skal.

I løpet av livet har fleire av dei eldre informantane arbeidd på ulike stader, men dei fleste har alltid hatt sin arbeidsstad her i kommunen, eller i nabokommunen Stord. Sjølv om dei har arbeidd her, har dei vore utsett for andre dialektar. Fleire av informantane kan fortelja at dei har arbeidd med folk som kjem frå andre stader, eller til og med andre land. Dei fleste medarbeidarane dei har, eller hadde, kjem frå andre kommunar i Sunnhordland, men det er også eit mindre tal tilflyttarar frå andre stader i landet og andre land, men desse er i stort mindretal. I tillegg er det også fleire av dei eldre informantane som fortel at dei sjølv var heime med barna sine då dei var små, altså fram til dei yngste byrja på skulen. Nokre har også vore bondekoner sjølv og hatt dette på sida av det å vere heimeverande med borna.

Når det kjem til telefonbruken til dei eldre, er det ein av dei eg har snakka med som ikkje har smart-telefon mest fordi ho «irriterer seg noko valdsamt over dei unge som sit med andletet i

telefonen heile dagen». Dei eldste informantane som har smart-telefon brukar telefonane stort sett til det same: meldingar, telefonsamtalar, facebook og snapchat. Dei fortel også at dei brukar telefonen til e-post, nyhende og vêrmeldingar. Informanten som ikkje har smart-telefon brukar han til å ringje og til å sende meldingar, men brukar datamaskin til dei føremåla som dei andre brukar telefonen til. I så måte kan ein seie at dei brukar det same av kommunikativ teknologi, men på forskjellige plattformer. Dei eldre reknar med at dei kommuniserer med 2 til 7 personar om dagen gjennom alt dette, og at dei brukar alt mellom 30 minutt til tre timar på telefonen kvar dag. Dei kommuniserer for det meste på dialekt dersom dei skriv private meldingar, men alle har nytta nynorsk i jobben sin og føretrakk å skrive nynorsk dersom dei skal velje seg eit skriftspråk. Det er difor det dei stort sett brukar dersom dei skal kommunisere formelt. Dei eldre fortel også at dei somme tider har sett seg nøydd til å legge om dialekta med omsyn til kommunikasjon med andre, men at dette ikkje er noko som har skjedd ofte, og at dersom det førekjem handlar det mest om dialektord.

Når det kjem til kva syn dei eldre har på dialekta, er det ei utbreidd meining at dialekta er viktig for identiteten til dei som er intervjuua. Berre ein informant har stilla seg nokolunde likegyldig til om dialekt er identitetsskapande eller ikkje. Dei andre meiner at dialekta er ein sentral del av personlegdommen deira, og dei merkar seg at dialekta er i endring. Dei som meiner dette fortel at dei merkar endringar i dei yngre sitt språk, og synest det er ergerleg at dei unge «mister dialekta si» som dei seier. Dei eldre er glad i dialekta si, og fleire ser på det som eit slags arvegods som dei har fått av sine foreldre igjen. I tillegg til at dei merkar seg endring, er det fleire av dei eldre som har opplevd at anten yngre slektningar eller born i enkelte tilfelle har hatt vanskar med å forstå det dei seier, og då spesielt når det kjem til dialektord.

## 5.2 Dei vaksne informantane

Dei vaksne informantane eg har snakka med er mellom 37 og 49 år. Dei er vaksne som er fødde og oppvaksne på Fitjar og som i dag er i ulike situasjonar. Dei som arbeider har ulikt arbeid og ulike sosiale rammer i kvardagen, på same vis som dei som ikkje jobbar. Mange av dei eg har snakka med kan fortelje at dei for det meste jobbar med folk som kjem frå andre stader i Sunnhordland med unntak av ein og annan tilflyttar. Dei fleste av dei eg har snakka med har hatt eit kortare opphald der dei har budd borte frå Fitjar, der den som har hatt lengst tid borte frå Fitjar budde borte i 12 år, men som no har budd heime i over ti år. Utanom dette har informantane ikkje hadde lengre opphald enn tre år borte frå kommunen og tre av dei eg har snakka med har ikkje hatt nokon fast bustad utfor kommunen.

### 5.2.1 Dei språklege resultatata

Når det kjem til dei språklege resultatata hos dei vaksne, er det fleire ting å peika på. Gjennom variabeltestane kjem det fram at dei vaksne brukar mange tradisjonelle former, men i samtaledelen viste det seg at dette ikkje er konsekvent. Dei er i mindre grad konsekvente på palataliseringa, segmentering og assimilasjon og omlydsverba. Det skal likevel seiast at fire av dei vaksne informantane brukar dei tradisjonelle formene konsekvent i talemålet sitt.

Resultata eg har fått i variabeltestane kan difor hengje saman med korleis dei vaksne trur dei snakkar, og korleis dei meiner er «korrekt» å snakka. Dei vaksne blandar fleire former enn det dei eldre gjer, og dei brukar også nyare former. Eit blandingseksempel som eg allereie har nemnt er informanten som brukte *leggja* på den eine delen av variabeltesten og *legga* på den hin. Når det kjem til kva variant av -r dei brukar, er den bakre -r gjeldande for denne aldersgruppa, og berre ein av informantane hadde den fremre, tradisjonelle -r. Denne informanten kunne heller ikkje gje noko godt svar på kvifor den fremre -r var i bruk, men spekulerte i at det kunne vere ein konsekvens av å vere dels avgrensa frå sentrumssamfunnet i Fitjar i dei tidlege leveåra. Når det kjem til punkt 24 i vedlegg to som vert presentert under her, er det tre vaksne som seier at dette er eit ord dei ikkje brukar. Dei fleste kom på ordet *gjedna* likevel, men innrømte at *kanskje* var eit ord dei brukte i større grad. Når eg spurde dei peika dei derimot på at *gjerna* ville vore heilt feil variant å bruka.

Med utgangspunkt i vedlegg 1 og vedlegg 2, gav det følgjande språklege resultat for dei vaksne informantane:

| Setning og alternativ   | Tradisjonelle former (1) | Nye former (2) | Blandar |
|---|--------------------------|----------------|---------|
| Vedlegg 1:  |                          |                |         |
| 1. I går sov eg. I natt (1) seve/ (2) sove eg.                | 6                        | 4              |         |
| 2. I går tenkte eg. I dag (1)tenkje/ (2) tenke eg.            | 7                        | 3              |         |
| 3. I går la eg meg. I dag ska eg (1)leggja/ (2)legga meg.     | 7                        | 3              |         |
| 4. I går vekte eg deg. I dag ska eg (1)vekkja/ (2) vekka deg. | 7                        | 3              |         |
| 5. I går kom eg. I dag (1) kjeme/ (2) komme eg.               | 8                        | 2              |         |

|  |    |   |  |
|--|----|---|--|
| 6. I dag greve eg. I går (1)grov/ (2) gravde eg.                         | 8  | 2 |  |
| 7. Eg gjer han te deg i dag. I går (1)gav/ (2)gidde eg an te deg.        | 10 |   |  |
| 8. Høno verpe i dag. I går (1)varp/ (2)verpte/verpa ho.                  | 4  | 6 |  |
| 9. Solo skine i dag. I går (1)skein/ (2)skinte ho.                       | 10 |   |  |
| 10. No skrive eg. I går (1)skreiv/ (2) skrivde eg.                       | 10 |   |  |
| 11. Pannekako svir seg. I går (1) svei/ (2) svidde ho seg.               | 10 |   |  |
| 12. No trekkje eg eit lodd. I går (1)trakk/ (2)trekte eg.                | 6  | 4 |  |
| 13. No ler me. I går (1)lo/ (2) ledde me.                                | 10 |   |  |
| 14. I går spurte eg ikkje. I dag ska eg (1)spørja/ (2)spørre/ spør.      | 8  | 2 |  |
| 15. I stad sat du der. No vil eg (1)sitja/ (2)sitta der.                 | 8  | 2 |  |
| 16. I går ryngte han ikkje. Så i dag må han (1)ryngja/ringja/ (2) ringa. | 7  | 3 |  |

| Setning og alternativ<br>Vedlegg 2:                            | Tradisjonelle<br>former (1) | Nye former<br>(2) | Blandar |
|--|-----------------------------|-------------------|---------|
| 1. Kvar oppstår det bølger når det er uver? (1)sjødn/ (2)sjøen | 9                           | 1                 |         |
| 2. Kvar heng du bildene dine? (1)veggjen/ (2)veggen            | 9                           | 1                 |         |
| 3. Kvar har skiglade folk hytte? (1)fjedle/ (2) fjelle         | 7                           | 2                 | 1       |

|  |   |   |   |
|--|---|---|---|
| 4. Kva heiter nettet som vert brukt til å fange fisk i? (1)gagn/ (2)garn           | 7 | 2 | 1 |
| 5. Kva må ein gjere med kornet for at det skal bli til mjøl? (1)kvedna/ (2) kverna | 7 | 2 | 1 |
| 6. Kva er eit anna ord for klut? (1)fidla/ (2)filla                                | 8 | 2 |   |
| 7. Kva er eit anna ord for «heile gjengen»? (1)adle/ (2)alle                       | 8 | 2 |   |
| 8. Kva skal du gjera dersom du skal setje opp eit hus? (1)byggja/ (2) bygga        | 8 | 2 |   |
| 9. Kva er eit anna ord for å gni/ stryka noko utover? (1)smørja/ (2)smørra         | 6 | 4 |   |
| 10. Kva er det du held deg med dersom du skadar ein for? (1)krykkje/ (2)krykke     | 8 | 2 |   |
| 11. Kan du eit anna ord på bunadsskjørtet? (1)stakkjen/ (2)stakken                 | 8 | 2 |   |
| 12. Kva er bygg kveite og ris forskjellige typar av? (1)kodn/ (2)korn              | 8 | 1 | 1 |
| 13. Kva må du gjere i ein heis for å bestemme etasje? (1)trykkja/ (2)trykka        | 8 | 2 |   |
| 14. kva treng du for å låse opp huset? (1)nøyla/ (2)nøkla                          | 1 | 9 |   |
| 15. Kva har bukkane på hovudet? (1)hodn/ (2)horn.                                  | 9 | 1 |   |
| 16. Kva henta dei vatn frå før i tida? (1)brødn/ brydn/ (2)brønn                   | 7 | 3 |   |
| 17. Kva brukar ein dersom ein ser dårleg? (1)bridle/ (2)brille                     | 7 | 3 |   |
| 18. Når du tar tunga bortpå noko, kva gjer du då? (1)sleikje/ (2) sleika/ slikka   | 7 | 3 |   |
| 19. Kva har ein ved i etter ein har kløyvd han? (1)sekkje/ (2)sekka                | 8 | 2 |   |

|  |    |   |  |
|--|----|---|--|
| 20. Kva heiter det ein tømmer kaffi frå?<br>(1)kadna/ (2)kanna                         | 4  | 6 |  |
| 21. Kva seier du dersom du skal gå å sova?<br>(1)leggja/ (2)legga                      | 7  | 2 |  |
| 22. Når ein fundera over noko, kva gjer ein då?<br>(1)tenkje/ (2) tenke.               | 8  | 2 |  |
| 23. Kva er det mange ungar brukar for å pitle seg i nasen?<br>(1)finjen/ (2)fingen     | 8  | 2 |  |
| 24. Gje meg eit anna ord for kanskje.<br>(1)gjedna/ (2)gjerna                          | 10 |   |  |
| 25. Dersom sola varmar godt, kva kan ein seie at ho gjer då?<br>(1)steikje/ (2)steike. | 8  | 2 |  |

### 5.2.2 Oppvekst og samfunn

Når det kjem til dei vaksne informantane har dei vakse opp i eit litt annleis Fitjar enn slik det er i dag. Dei kan fortelje om at det fanst fleire butikkar enn dei som er i dag. Sjølv om mange av butikkane i grendene var lagde ned, hadde dei framleis butikkar i Koløyo, på Rydland og i Sandvikvågen. Dei som er oppvaksne mot Koløyo og Osterneset fortel at dei fekk varene levert heim ofte, gjekk på skule i grenda, og at dei difor ikkje var i sentrum meir enn ein dag i veka. Då dei vaks opp stod fleire av dei grendaskulane som i dag er lagde ned. Det var skule i Osterneset og på Hageberg i tillegg til dei to grendaskulane som står att i dag. Den siste av skulane i øyane vart lagt ned tidleg på 70-talet, og difor har eg ikkje fått tak i nokon som har gått på skule der.

Dei fleste eg har snakka med har foreldre der den eine er frå Fitjar, og den andre er flytta til staden. Det er likevel to informantar som kan fortelje at begge foreldra kjem frå Fitjar. Foreldra til informantane arbeidde for det meste i kommunen. Nokre som bønder, andre i lokal industri på øya. Av dei vaksne informantane er det fleire som kan fortelje om at mora var heime då dei var små. Dei fleste seier at det var heilt vanleg at mora var heime då dei var små, men to av informantane fortel at mødrene deira alltid var i jobb, til og med frå då dei var små. Det er ingen av dei vaksne informantane som har gått i nokon barnehage, men dei aller fleste kan fortelje at dei anten var heime med mora, eller at dei var hos dagmamma. Nokon var også hos besteforeldra på dagtid medan foreldra var på jobb. I Osterneset kan informantane fortelje om at mødrene som var heime ofte slo seg saman når det kom til

barnepass og at det vart som ein liten barnehage. Etter at barna var store nok til å byrje på skulen var det derimot at mødrene gjekk ut i arbeid, ikkje som heimehjelp eller på sildefabrikken, men dei fleste arbeidde i kommunen som pleiarar eller i butikk og post. Av dei vaksne er det kunn eit par som fortel at dei er oppvaksne på ein gard der fleire generasjonar budde saman.

Alle eg har snakka med hadde venner i nærleiken då dei vaks opp. Det var så korte avstandar at dei anten kunne gå eller sykle når dei skulle på besøk. Mange fortel om aktivitetar i grendene som dei deltok på. Dei som kjem frå forskjellige stader fortel at eit arrangement kalla «yngres» toks tad i dei forskjellige bedehusa kringom i grendene. I tillegg til dette var 4H populært blant dei som budde i Øvrebygda. Dei kan også fortelje at dei somme tider møttest heime hos privatpersonar i grendene der det var andre jamgamle. Etter at dei som budde i grendene byrja på ungdomsskulen, brukte dei meir tid i sentrum og var med på fleire aktivitetar der. Dei aller fleste fortel at dei byrja på felles aktivitetar før dette, kring 4.klasse då dei fekk tilbod om å vere med på handball og fotball. I tillegg til dette var arrangementet «ope hus» på bedehuset populært. Informantane fortel at dette var noko som var stort også for stordabuen, som tok turen for å vere med her.

Elles kan dei vaksne informantane fortelje om eit noko meir levande sentrumsområde som dei kunne vere i. Dei hadde mellom anna «kondisen», eit konditori som vart til enkel restaurant om kvelden og ein kafé som dei treff kvarandre på. I tillegg var det kultur for at ungdommane kjøpte seg båt etter konfirmasjon og brukte dei flittig. Parkeringsplassen i sentrum var også eit møteområde skal ein tru informantane, der ein av dei kunne fortelja at lensmannen etter kvart ville innføre forbod mot lydanlegg i bilane.

Hos dei vaksne informantane har vanane når det kjem til bytur også endra seg kraftig. Dei fleste av dei fortel at Bergen alltid har vore byen for dei, men at dei i vaksen alder reiser til andre byar, og at dei reiser betrakteleg oftare. Då dei var unge fortel dei at dei reiste til Bergen om lag tre gongar i året, og at då dei først reiste hadde dei noko spesielt dei skulle. Dei fortel at det var til sjukehusbesøk eller andre særskilde ting dei reiste til byen. Dei reiste då med bil og ferje. Dei aller fleste av dei vaksne informantane er vaksne opp med bil, men det hendte at dei også reiste med hurtigbåten som i deira tid gjekk innom Fitjar. Dei informantane som reiste til Haugesund reiste der på grunn av familien, og dei reiste ikkje noko oftare enn dei som reiste til Bergen. I seinare tid kan informantane likevel fortelja at dei reiser oftare enn dei gjorde før, og at det no ikkje lenger handlar om kunn ærend. Dei fleste vaksne reiser no mellom fem og åtte gongar i året, og no kan det gjerne vere berre for å få seg ein helgetur.



Dei vaksne arbeider på fleire forskjellige stader. Dei fleste av dei eg har snakka med er tilsett i kommunen i forskjellige stillingar, men eg har også snakka med folk som pendlar til Stord. Dei eg har snakka om kan likevel fortelje at dei pendlarane dei jobbar med for det meste kjem frå andre stader i Sunnhordland, og at det er få tilflyttarar på arbeidsstaden.

Når det kjem til telefonbruken til dei vaksne kan alle fortelja at dei brukar sosiale medium som facebook, snapchat og instagram. I tillegg til desse sosiale media brukar dei telefonen til samtalar, sende melding, lese nyhende, sjekke nettbank og mykje til å sende og lese og skrive e-post. Informantane rekar i snitt med at dei kommuniserer med kring fem personar på telefonen kvar dag, men her er det eit spenn på alt frå to til ti personar. På alt dette reknar dei med at dei brukar telefonen alt frå ein og ein halv til fire timar. Dessutan er det mange av dei som er veldig usikre på kor lang tid dei brukar, så dei fleste estimerer denne tida, men tenkjer at dette er reelt. Dei fleste vaksne brukar dialekta si når dei kommuniserer uformelt på meldingar eller på facebook, men dei fleste fortel at dei brukar nynorsk som føretrekte målform. Det er to av dei ti informantane som føretrekk bokmål, men som likevel skriv på nynorsk på jobb.

Språkhaldningane til dei vaksne informantane er noko annleis enn hos dei eldre, men dei aller fleste meiner at dialekta er viktig og identitetsskapande, samstundes som dei prøver å halde på dialekta etter beste evne. To av dei ti informantane fortalte at dei er likegyldige når det kjem til identitetskjenning kring dialekt og sa at dei eigentleg ikkje brydde seg noko særleg om korleis dei snakka. Det skal likevel seiast at dei var medvitne på at dialekta på Fitjar endra seg, og dei meina sjølv at dei kunne høyre skilnad på seg sjølv og eldre, til og med jamaldra, fitjabuar. I tillegg til at dei merka seg skilnaden skilde desse to seg ut med at dei sa at «eg snakkar jo ikkje skikkeleg fitjardialekt». Dette er veldig interessant, og det viste seg at dei to som sa dette, er dei to som i størst grad snakka med dei nye variantane. I tillegg til dette har dei begge mødrer som kjem frå næraste by, Stord.

### 5.3 Dei yngste informantane

Dei yngste informantane eg har snakka med er mellom 15 og 24 år. Det er elevar i ulike situasjonar der nokon av informantane framleis går på ungdomsskulen, ein informant går på vidaregåande, nokon arbeider og ein informant studerer. Som med dei andre aldersgruppene stiller eg spørsmål for å finne ut kva variantar dei brukar i si dialekt, og spørsmål for å finne ut av samfunnssituasjonen som bidreg til deira språk som vert presentert i 5.3.1. Med utgangspunkt i same spørjemarket eg har brukt i dei andre aldersgruppene, og supplerande spørsmål som har dukka opp i intervjuet vil eg gjere greie for samfunnsvilkåra under 5.3.2.

### 5.3.1 Dei språklege resultatata

Ut frå variablane dei yngste informantane har gjeve meg, ser ein at det er eit klårt overtal av dei nye variantane i dialekta. Det er ikkje mange som har brukt dei tradisjonelle formene når det kjem til segmentering og differensiering og palatalisering. Når det kjem til omlydsverba ser ein at dette er noko lunde intakt enno, men at fleire av tilfella er på veg til å bli nye. Dette gjeld til dømes *komme* for *kjeme* der fleirtalet vil sei at dei komme. Elles er dei palataliserte formene veldig lite i bruk. Informantane som har brukt segmentering og differensiering av konsonantsambanda i denne variabeltesten har ikkje ein gjennomført bruk av dette, som kom fram av samtaledelen i intervjuet. Ein kan også her seie at det handlar om kva dei tenkjer er «korrekt» og korleis dei trur at dei snakkar, framfor at det er slik dei faktisk snakkar. Når det kjem til kva form av -r dei brukar, viser diagrammet i kapittel fem at dei yngste informantane har gjennomført bakre variant av -r.

Når det kjem til punkt 11 og 24 i vedlegg to i dei presenterte variablane under her, er dette former som dei unge ikkje brukar. Det er ein informant som fortel av *gjedna* er i bruk, elles fortel alle informantane at dette er noko dei ikkje brukar i språket sitt. *Stakkjen* er også eit ord som ikkje er mykje i bruk hos dei unge, og det var eit ord som for mange i det heile var vanskeleg å komma på.

Med utgangspunkt i vedlegg 1 og vedlegg 2, gav det følgjande språklege resultat for dei yngste informantane:

| Setning og alternativ   | Tradisjonelle former (1) | Nye former (2) | Blandar |
|---|--------------------------|----------------|---------|
| Vedlegg 1:  |                          |                |         |
| 1. I går sov eg. I natt (1) seve/ (2) sove eg.                | 1                        | 9              |         |
| 2. I går tenkte eg. I dag (1)tenkje/ (2) tenke eg.            |                          | 10             |         |
| 3. I går la eg meg. I dag ska eg (1)leggja/ (2)legga meg.     | 1                        | 9              |         |
| 4. I går vekte eg deg. I dag ska eg (1)vekkja/ (2) vekka deg. |                          | 9              | 1       |
| 5. I går kom eg. I dag (1) kjeme/ (2) komme eg.               | 1                        | 8              | 1       |
| 6. I dag greve eg. I går (1)grov/ (2) gravde eg.              | 1                        | 9              |         |

|   |    |    |   |
|---|----|----|---|
| 7. Eg gjer han te deg i dag. I går (1)gav/<br>(2)gidde eg an te deg.        | 7  | 3  |   |
| 8. Høno verpe i dag. I går (1)varp/ (2)verpte<br>ho.                        | 4  | 5  | 1 |
| 9. Solo skine i dag. I går (1)skein/ (2)skinte<br>ho.                       | 10 |    |   |
| 10. No skrive eg. I går (1)skreiv/ (2) skrivde eg.                          | 10 |    |   |
| 11. Pannekako svir seg. I går (1) svei/ (2) svidde<br>ho seg.               | 6  | 3  | 1 |
| 12. No trekkje eg eit lodd. I går (1)trakk/<br>(2)trekte eg.                | 1  | 8  | 1 |
| 13. No ler me. I går (1)lo/ (2) ledde me.                                   | 8  | 2  |   |
| 14. I går spurte eg ikkje. I dag ska eg (1)spørja/<br>(2)spørr/ spørr.      |    | 10 |   |
| 15. I stad sat du der. No vil eg (1)sitja/ (2)sitta<br>der.                 |    | 10 |   |
| 16. I går ryngte han ikkje. Så i dag må han<br>(1)ryngja/ringja/ (2) ringa. |    | 10 |   |

| Setning og alternativ<br>Vedlegg 2:   | Tradisjonelle<br>former (1) | Nye former<br>(2) | Blandar |
|---|-----------------------------|-------------------|---------|
| 1. Kvar oppstår det bølger når det er uver?<br>(1)sjødn/ (2)sjøen                     | 2                           | 8                 |         |
| 2. Kvar heng du bilde dine? (1)veggjen/<br>(2)veggen                                  |                             | 10                |         |
| 3. Kvar har skiglade folk hytte? (1)fjedle/ (2)<br>fjelle                             | 1                           | 9                 |         |
| 4. Kva heiter nettet som vert brukt til å fange<br>fisk i? (1)gadn/ (2)garn           | 1                           | 9                 |         |
| 5. Kva må ein gjere med kornet for at det skal<br>bli til mjøl? (1)kvedna/ (2) kverna | 1                           | 9                 |         |

|   |   |    |   |
|---|---|----|---|
| 6. Kva er eit anna ord for klut? (1)fidla/ (2)filla                                 | 1 | 9  |   |
| 7. Kva er eit anna ord for «heile gjengen»?<br>(1)adle/ (2)alle                     | 1 | 9  |   |
| 8. Kva skal du gjera dersom du skal setje opp<br>eit hus? (1)byggja/ (2) bygga      | 1 | 9  |   |
| 9. Kva er eit anna ord for å gni/ stryka noko<br>utover? (1)smørja/ (2)smørra       |   | 10 |   |
| 10. Kva er det du held deg med dersom du<br>skadar ein for? (1)krykkje/ (2)krykke   | 1 | 9  |   |
| 11. Kan du eit anna ord på bunadsskjørtet?<br>(1)stakkjen/ (2)stakken               | 6 | 4  | 2 |
| 12. Kva er bygg kveite og ris forskjellige typar<br>av? (1)kodn/ (2)korn            |   | 10 |   |
| 13. Kva må du gjere i ein heis for å bestemme<br>etasje? (1)trykkja/ (2)trykka      |   | 10 |   |
| 14. kva treng du for å låse opp huset? (1)nøyla/<br>(2)nøkla                        | 1 | 9  |   |
| 15. Kva har bukkane på hovudet? (1)hodn/<br>(2)horn.                                | 1 | 9  |   |
| 16. Kva henta dei vatn frå før i tida? (1)brødn/<br>brydn/ (2)brønn                 |   | 10 |   |
| 17. Kva brukar ein dersom ein ser dårleg?<br>(1)bridle/ (2)brille                   |   | 10 |   |
| 18. Når du tar tunga bortpå noko, kva gjer du<br>då? (1)sleikje/ (2) sleika/ slikka |   | 10 |   |
| 19. Kva har ein ved i etter ein har kløyvd han?<br>(1)sekkje/ (2)sekka              |   | 9  | 1 |
| 20. Kva heiter det ein tømmer kaffi frå?<br>(1)kadna/ (2)kanna                      |   | 10 |   |
| 21. Kva seier du dersom du skal gå å sova?<br>(1)leggja/ (2)legga                   |   | 10 |   |

|   |    |    |  |
|---|----|----|--|
| 22. Når ein fundera over noko, kva gjer ein då?<br>(1)tenkje/ (2) tenke.            |    | 10 |  |
| 23. Kva er det mange ungar brukar for å pitle seg i nasen? (1)finjen/ (2)fingeren   |    | 10 |  |
| 24. Gje meg eit anna ord for kanskje. (1)gjedna/<br>(2)gjerna                       | 10 |    |  |
| 25. Dersom sola varmar godt, kva kan ein seie at ho gjer då? (1)steikje/ (2)steike. | 1  | 9  |  |

### 5.3.2 Oppvekst og samfunn

Når det kjem til dei yngre informantane i aldersgruppa 15 til 24 år, har alle dei eg har snakka med vakse opp på Fitjar slik det står i dag. Fritidsaktivitetane og ungdomsskulen er i sentrum av kommunen, og det er her dei må reise til dersom dei skal vere med på fritidsaktivitetar.

Den einaste aktiviteten som skjer i ein av grendene er 4H, der fleire har vore medlem, men som seinare har meldt seg ut til fordel for ein annan aktivitet. Fire av dei eg har intervjuar har gått på ein annan skule før dei flytta til hovudskulen, Rimbareid. Av dei som er ferdige med ungdomsskulen har alle dei eg har snakka med gått vidaregåande skule på Fitjar eller Stord, og det er berre ein av dei ti eg snakka med som har gått på skule andre stader i øya. Den personen gjekk på skule i Bergen i eit år. På grunn av at Fitjar no er blitt sentralisert, og at det ikkje lenger finst butikkar i grendene fortel dei unge at dei er i Fitjar sentrum om lag ein gong om dagen, og at dei reiser til Leirvik minst ein gong i veka.

Av dei yngste informantane er det berre ei som fortel om at mora var heimeverande då borna var små, men ho arbeidde som dagmamma for andre born. Då borna hennar vart vaksne, fann ho seg arbeid ein annan stad i kommunen. Dei aller fleste foreldra arbeider i kommunen, men dei fleste informantane har foreldre der kunn ein kjem frå Fitjar. Sjølv om dei fleste har ein forelder som ikkje kjem frå Fitjar, kjem dei fleste tilflytta foreldra frå omliggjande kommunar i Sunnhordland. Ingen av dei yngste eg har snakka om er vaksne opp på gardsbruk, og dei er vaksne opp i bustadhus i byggjefelt. Dei er vande med å ha butikkane i sentrum og alt dei er med på ligg i sentrum. Dei som er vaksne opp i ei grend er ikkje vande med å ha nærbutikkar, alt som må handlast, må handlast i sentrum. Om ikkje ein kan få tak i det her, er der kort veg til Leirvik, eit større sentrum der dei har tilgang til om lag alt.

Alle dei yngre informantane eg har snakka med er vaksne opp med at foreldra har bil, og dei fortel at dersom dei skal noko, vert dei køyrde av foreldra sine. Dei som er over 18 køyrer rett nok sjølv, men dei har eigne bilar og kan køyre der dei treng. Dei yngre informantane fortel at dei er i Bergen eller Haugesund minst ein gong i månaden. Fleire av dei eg har snakka med reiser på grunn av at dei har familie andre stader, eller berre for å ta seg ein helgetur ein stad. Dei informantane som er over 20 år fortel at dei tek seg ein helgetur eller kjæresttur til Bergen, Haugesund eller Stavanger ein til to gongar på tre månadar. Kva føremålet er med å reise til by er også med på å bestemme kvar dei reiser. Dersom dei har noko einskild dei treng, reiser dei til Haugesund, men dersom dei berre vil ha seg ein tur vert det anten Bergen eller Haugesund. No er det jo ikkje lengre slik at ein må av øya for å komme til næraste sjukehus, og det meste me treng finst i nærleiken Fitjar. Det er enklare å reise og måtane å reise på er blitt utbetra.

Når det kjem til arbeidstilhøva hos dei yngste informantane er fleire av dei framleis skuleelevar. Seks av dei eg har snakka med er elevar ved Rimbareid barne- og ungdomsskule, ein av informantane går på Stord vidaregåande, to informantar arbeider i Stord kommune og den siste er student ved HVL på Stord. Dei som er elevar på ungdomsskulen er ei blanding av grendaskulane i Fitjar og sentrumsskulen, men nokon av lærarane er tilflyttarar, sjølv om fleirtalet er frå Fitjar og Stord.

Når det kjem til telefonbruken til dei yngre, syner det seg at dei brukar telefonen mykje. Alle dei yngre informantane har smart-telefonar som dei nyttar til mykje. Alle informantane brukar sosiale medium som facebook, snapchat, instagram, tiktok og twitter i tillegg til å sende meldingar og ha telefonsamtalar. Dei brukar også telefonen til å sende og svare på e-postar, lese nyhende og sjekke vërmeldingane. Dei som er elevar på ungdomsskulen fortel at dei eigentleg brukar telefonen lite til telefonsamtalar, det er helst dersom dei er ute på noko og treng å avtala henting med foreldra. Dei yngste fortel at dei helst brukar telefonen til tiktok og snapchat. Dei eldste av dei yngste informantane har ikkje denne vanen. Dei har også færre plattformar på sosiale medium, og dei fire eldste brukar til dømes ikkje twitter. Dei føretrekk også å snakke i telefonen og ha ein kort telefonsamtale i staden for å kommunisere på mange meldingar. Dei yngste informantane reknar med at dei kommuniserer med mellom ti til 40 personar dagleg gjennom sosiale medium, telefonsamtalar og meldingar. På all denne kontakten og lesinga på telefonen reknar dei med at dei brukar alt frå fire til åtte timar dagleg. Informantane fortel at dei for det meste kommuniserer med venner på dialekt, men dersom dei skriv med folk som kjem frå andre stader i landet brukar dei heller bokmål, på grunn av at dei

ønskjer at mottakarane skal forstå. To av dei yngste informantane føretrekk bokmål som skriftspråk, men fortel at dei likevel brukar nynorsk dersom dei skal skrive noko i samband med jobb. Elles brukar dei åtte andre informantane nynorsk og føretrekk det skriftspråket.

Identiteten i dialekta står ikkje like sterkt blant dei yngste. Der er det sju personar som fortel at dei ikkje har noko spesiell tilknytning til dialekta si, og som heller ikkje ser at dialekta er viktig for dei. Dei tre eldste av dei yngste informantane er ikkje samde i dette, og synest at dialekta er viktig mellom anna for korleis dei kan uttrykkje seg. I tillegg knyter dei dialekta opp mot røtene sine og synest at dialekta er ein fin måte å syne identiteten sin og bakgrunnen sin på. Dei seks yngste informantane fortel at dei synest mange andre dialekter er «finare» enn dialekta på Fitjar, og dei trur det er difor dei ikkje tenkjer over korleis dei snakkar. I tillegg til dette syner dei som meier at dialekta er viktig bruk av palataliserte former, segmentering og differensiering på variabeltestane, men i den lange samtalen viser det seg at dette ikkje er gjennomført.

Dei yngste informantane kan fortelje at dei ved fleire høve har snakka med eldre personar eller slekt og slite med å forstå kva dei meiner. Dei seier at det er mykje dei eldre seier som skapar problem for dei, men at det for det meste handlar om dialektord dei ikkje kjenner til. Dei yngre fortel også at dei somme tider har sett seg nøydde til å leggje om på dialekta for at andre skal forstå dei, og det er fleire av informantane som har familie på andre stader i landet som dei føler dei må tilpassa seg språkleg. Noko som er interessant hos dei yngste informantane er at alle eg har snakka med har sagt, anten før intervjuet eller i løpet av intervjuet at «eg snakkar jo ikkje skikkeleg fitjardialekt». Dette er interessant fordi dei då sjølv ser at det er ei endring i korleis dei snakkar samanlikna med dei som er eldre. At dei seier at dei «ikkje snakkar skikkeleg» er også interessant fordi dei på eit vis kan distansere seg frå det dei meiner er den «skikkelege» fitjardialekta. Om dette er gjort med meining eller om det er umedvitent er det vanskeleg å seie noko om, men at dei er klare over at det finst eit klårt skilje mellom generasjonane finst det ikkje tvil om. Dette er også interessant når eg kartlegg dialekta på Fitjar, fordi dei er klare over det, men likevel snakkar dei annleis enn dei eldre. Om dette er på grunn av at dei ynskjer å ta avstand frå dei eller ikkje, er vanskeleg å seie noko om, men eg veit av erfaring at dersom ein brukar dei tradisjonelle formene, *kan* ein bli offer for merknadar frå andre medelevar. Dette er nok noko som berre er kortvarig, men eg trur nok at dette somme tider kan vere tilfelle blant elevane som går på ungdomsskulen.

## 6. Drøfting

### 6.1 Skilnader i talemålet

Funna frå undersøkinga mi viser at det er ein reell skilnad mellom talemålet i dei forskjellige aldersgruppene. Varietetane eg skulle undersøka viser ulike tal i dei tre gruppene, og tala for dei tradisjonelle formene som er i bruk, søkk etter kvart som alderen går ned. Dei eldste informantane brukar desidert flest tradisjonelle former, deretter kjem dei vaksne med noko mindre og til sist dei yngste som brukar dei nye formene desidert mest. Det kjem tydeleg fram gjennom resultatata at dialekta på Fitjar er i endring og at denne prosessen er komen godt i gong.

Dei yngste informantane eg har snakka med skil seg frå dei eldre på fleire måtar når det kjem til talemålet. Den første og største skilnaden er at alle dei yngste informantane og dei fleste vaksne har den bakre-r og skarrar på han når dei snakkar. Ingen av dei yngste informantane eg snakka med synte antyding til rulling. Hos dei vaksne var det berre ein informant som rulla på -r-en, ni av dei ti eldste informantane rulla. Det er kunn elleve år mellom den yngste av dei eldste informantane og den eldste av dei vaksne informantane. Dette gjer funnet ekstra interessante fordi det peikar mot ei språkending som har gått lynkjapt når det kjem til språkendringsperspektivet.

Denne raske endringa kan ein finne att hos Richard Wiese som ser på dei forskjellige uttalane av -r, og fortel at uttalen endra seg også i Tyskland mellom generasjonar. Der finn han at det er stor variasjon i uttalen og at endringa går fort, og at dette difor kan verka som ein aldersmarkør (Wiese, 2011, s.717). Opp til 60% av uttalen når det kjem til -r er endra i undersøkinga hans frå ein generasjon til ein annan, og dette stør han med anna forskning:

[...] he notes that at the local school all 1st grade students had uvular [R], while all 9th grade students had alveolar [r]. he also reports a 50 percent realization of both forms for 4th and 5th grade students. (Wiese, 2011, s.719).

Dette er interessant å sjå på når eg gjennom mine resultat finn liknande endring. Det same har skjedd i mi undersøking, der den eldste generasjonen kjem med ein informant som har bakre-r og ein av dei vaksne informantane har fremre-r. Dette stør tanken om at endringane på dei elleve åra eg har hoppa over mellom informantgruppene må innehalde ei liknande endring og truleg er det her den omfattande endringa på -r har skjedd. Dersom ein ser på forskinga til Wiese ser det ut for at det er hos 50-åringane på Fitjar den omfattande endringa har føregått.



I tillegg veks det fram spørsmål når det kjem til dei sosiale nettverka, på grunn av oppveksten til den vaksne informanten med fremre -r. Informanten er vaksen opp noko isolert, var lite i sentrumsområdet og budde tett på familien sin. Informanten brukte også mykje tid saman med familien sin og gjorde mykje saman med dei. Dette har nok skapa eit tett nettverk i familien, og den presenterte forskinga til Milroy og Milroy underbyggjer at dette kan vere eit argument for at informanten framleis brukar dette trekket, trass i at ingen andre i informantgruppa gjorde det. Ein kan også sjå dette gjennom den isolasjonen Skjekkeland snakkar om, og seie at dette faktisk er eit resultat av isolasjon der handel, skulegang og fritidsaktivitetar har vore høve for lokalt i grenda.

Når det kjem til segmenteringa og differensiasjon av konsonantsambanda -ll, -rn og nn er funna noko annleis. Her har dei fleste ungdommane lagt dette dialekttrekket frå seg til fordel for dei nye og forenkla formene som ein ser frå resultata i variabeltesten. Det fanst lite av dette i dialekta til dei unge, men blant nokre av informantane fanst det ukonsekvent bruk av dette dialekttrekket. Dette skil seg ut frå dei vaksne og eldste informantane. Dei eldste informantane brukar dette gjennomført i si dialekt, og det finst få tilfelle av dei nye formene i språket deira. I enkeltord som *sekkje* og *vekkja* kom det fram hos ein av dei yngste informantane, men dette var ikkje gjennomført. Vidare i intervjuet brukte informanten få palataliserte former, og det peikar på at dette ikkje er gjennomført hos informanten. Når det kjem til segmentering og differensiasjon av konsonantsambanda eg undersøker i denne oppgåva ligg dei på lik linje med palataliseringa. Det finst ikkje mange tilfelle å melde om hos dei yngste her heller. Dei to yngste viser at dei brukar palatalisering og segmentering/differensiasjon i variabeltesten, men når det kjem til den generelle samtalen i intervjuet viser det seg at dette ikkje er noko gjennomført. Eg trur dette heng saman med korleis dei vil snakka, og inntrykket deira av kva som er korrekt og feil, meir enn korleis dei faktisk snakkar. Det finst enkelte ord der det kom fram ei antydning til dette, det var to ungdommar som brukte *sjødn* til fordel for *sjøen*, ein ungdom brukar *hodn* til fordel for *horn*, og same ungdommen seier *adle*, *fjedle*, og *kvedna*, i stadenfor *alle*, *ffelle* og *kverna*. Som eg sa tidlegare er dette likevel ikkje noko eg kan observera i den naturlege samtalen, og det underbyggjer tanken om at dei trur dette er den korrekte måten å seie ordet på.

I tillegg til dette er det fleire av verba som vik frå dei tradisjonelle formene og dermed ikkje følgjer den tradisjonelle bøyingsforma lenger. Omlydsverba og verba som typisk har fått palatalisering som eg her har undersøkt har i mange tilfelle fått nye former hos dei yngste informantane. Her skil dei yngste informantane seg ut frå både dei vaksne og dei eldste

informantane, som heller brukar dei tradisjonelle formene. Eit anna verb som skil seg ut er presens av *å sove*. Forma *seve* er utbreidd blant dei eldste og dels dei vakse, medan forma *sove* er vanleg hos dei yngste. Det er to av dei unge som brukar formene *ledde* eller *gidde* for *lo* og *gav*. Samstundes er det vanlegare for dei unge å bruka *komme* i staden for *kjeme* i presens av *å komma*. Ei annan påfallande endring er at ni av dei ti informantane seier *gravde* i staden for *grov*. Dette skil seg frå dei andre informantgruppene der den tradisjonelle omlydsforma står sterkast. *Å sova* blir også til *sove* hos ni av dei ti yngste informantane. I den andre delen av variabeltesten syner dei yngste informantane at dei så godt som har gått bort frå dei tradisjonelle formene med segmentering, palatalisering og differensiasjon. Her er det om lag nye former i alle høva, med unntak av punkt 24, *gjedna*, som berre er i bruk av ein informant, og som dei fleste berre kom på fordi dei har høyrte det hos besteforeldre.

Punkt 24 er interessant på fleire måtar, ikkje berre fordi dei yngste informantane ikkje brukar ordet, men fordi ein ser ein klår nedgang etter kvart som alderen går ned i informantgruppene. Hos dei eldste informantane er dette eit ord som er i dagleg bruk, men hos dei vaksne er det tre informantar som ikkje brukar ordet. Når ein då kjem til den yngste aldersgruppa syner dette seg å vere eit ord som ikkje er i bruk lenger. Dei har då gått over til å seie *kanskje* i staden for.

Noko som er påfallande når det kjem til verb er at dei fleste eldre informantane brukar *trekte* i staden for *trakk* når det kjem til verbet *å trekkje*. I tillegg er *svei* og *svidde* i preteritum av *å svi* noko jamne former hos dei eldre informantane. Påfallande er dette fordi alle dei vaksne informantane brukte *svei* som si naturlege form då dei fekk same spørsmålet. Her kan ein tenkje seg at *trekte* er den forma som er den tradisjonelle, og at *trakk* er naturleg for dei vaksne og yngste informantane fordi det er den vanlegaste skriftlege varianten, og at dei dermed tenkjer at dette er korrekt.

Når det kjem til korleis dei unge uttalar -r, er den bakre-r heilt gjennomført blant informantane. Det er ingen av dei yngste informantane som har den fremre rulle-r, som lenge har stått sterkt på vestlandet. Her har Helge Sandøy rett i spådommen sin om at denne varianten har erstatta den tidlegare rulle-r. Når det kjem til denne varianten av -r, er det ikkje noko sjokkerande at han er gjennomført med tanke på den tidlegare forskinga som er gjort, ei heller med tanke på korleis dialekta var då eg vaks opp.

Når det kjem til kor nøyaktig dette forskingsarbeidet, er det som med alle andre forskingsarbeid fleire fallgruver ein kan gå i. Blant dei unge er det første eg tenkjer på at

samtalen ikkje gjekk like naturleg som hos dei vaksne og dei eldre. Eg opplevde at det var vanskelegare for dei unge å snakka om tjukt og tynt, og på denne måten vart intervjuua noko kortare, men også noko meir kunstige enn med dei eldre. Med kunstige her meiner eg at det vart til ein spørsmål-og-svar situasjon, med mindre grad av fri samtale. Dei eldre kunne derimot sitje lenge å snakka om same saka, og greia gjerne ut dersom dei hadde noko aktuelt å legge til det opphavelige spørsmålet. Sidan dei vaksne og dei eldre snakka meir, vart det naturlegvis enklare for meg å spørje fleire spørsmål kring det me snakka om som kunne følgje opp og gje meg meir innsikt i situasjonen på Fitjar kring deira oppvekst og liv.

Når det kjem til dei eldre sin dialektbruk er den mykje meir konsekvent enn dei yngre sin. Dei eldste svarar konsekvent med palatalisering, differensiasjon og segmentering, medan dei yngre tek seg i at dei somme tider vert usikre på kva former dei brukar. Dette let seg sjekke vidare i intervjuet då det munna ut i dei samfunnsmessige forholda og det vart lagt til rette for spontan samtale. Her også kunne ein skilje dei eldre frå dei yngre, då dei eldre oftare heldt på formene dei hadde oppgitt i den planlagde og strukturerte delen av intervjuet i større grad enn dei yngste.

Når det kjem til den bakre-r eller skarre-r som finst i heile Sunnhordland, og som er den dominerande blant dei unge, kan han sjåast i lys av både hoppemønsteret, men også bølgeomodellen og frømodellen. I og med at Sunnhordland ligg nært både Bergen og Haugesund, der han var etablert lenge før, har folket i Sunnhordland også hatt tett kontakt med danskane på Baroniet i Rosendal. Dette ligg i Sunnhordland og det var mange lokale som arbeidde der, og som igjen hadde handelskontaktar andre stader i regionen. I så måte kan ein tenkje seg at han spreidde seg som bølger eller frø frå Baroniet i tillegg til at ein vart påverka frå Bergen og Haugesund som er omliggjande regionscenter. Han er no ein del av språket i Sunnhordland som mange andre stader som tradisjonelt sett har hatt ein fremre rulle-r.

## 6.2 Samfunnsendingar som språkendingsfaktor

Gjennom intervjuua eg har hatt med informantane kjem det fram at dei forskjellige aldersgruppene har vakse opp under forskjellige samfunnstilhøve. Blant dei eldre er det til og med ein informant som er vaksen opp i øyane som den einaste av alle 30 informantane. Dei eldre informantane har til felles at mange er vaksne opp på ein gard der fleire generasjonar budde saman, noko som legg til rette for tette nettverk. Blant dei yngste informantane gjeld dette ingen. Det er ingen som er vaksne opp på gard eller som er vaksne opp i same bustad

som besteforeldra. Ein kan difor seie at dei yngste er ein del av eit lausare sosialt nettverk når det kjem til andre utfor husstanden, og ikkje har det same forholdet til besteforeldra i eit like tett nettverk som har vore vanlegare i tidlegare generasjonar. Det er også fleire av dei eldre som har fortalt at dei brukar ord som dei yngste ikkje forstår. Dette er også tilfelle for fleire av dei vaksne som til dømes arbeider i skulen. Dei kan fortelje om den same problematikken når det kjem til kva dialektord dei kan bruka på arbeidsstaden.

At tilhøva låg til rette for at dei kunne handle lokalt og byrje skulegangen der dei budde i kommunen har truleg lagt gode tilhøve for å bevare dialekta. Som ein kan lese hos Skjekkeland (2021), er isolasjon ein viktig faktor når det kjem til skaping og bevaring av dialekt, og gjer moglegheit for lokal skulegang og handel til ein bidragsytar til isolasjon. I tillegg er det mogleg at dette har lagt til rette for intern variasjon blant innbyggjarane i større grad enn det som er tilfelle i dag. Alle må no inn til kommunesentrumet når dei skal handla og dei aller fleste går også på skule her. Dette legg til rette for språkkontakt internt i kommunen, som på si side er ei av hovudkjeldene til språkending. Ei anna vesentleg samfunnsending som kan spele inn på nettopp bruken av dei tradisjonelle variantane, er at fleire av dei eldre og somme av dei vaksne er oppvaksne på gard der besteforeldra hadde eit kårhus. Det at dei budde så tett saman legg til rette for tette sosiale nettverk over generasjonar, der dei forskjellige generasjonane har hatt stor kontakt med ein annan og deler gode minne, og dette leiar igjen til at ein vil oppretthalde ein tett språkleg nærleik gjennom å snakke same dialekt.

Det at dei eldste informantane hadde høve til å gå på skule og å handla der dei budde er også noko som er nytt for dei yngste informantane. Dei vaksne hadde noko høve til det, og det er fleire som fortel at dei har gått på skule i Osterneset som no er lagt ned. Utanom denne skulen hadde dei vaksne same tilhøva som dei yngste når det kom til skulegang. Butikkar er det mange av dei vaksne som hugsar kringom i grendene. Dei eldste og dei vaksne kan fortelje om mange forskjellige butikkar rundt om kring, medan dei yngste kunn hugsar handelssentrumet i Fitjar slik det står i dag. Dei eldste informantane var sjeldan i sentrum dersom dei skulle handla fordi det var tilhøve i grendene. Slik er det også mykje med dei vaksne informantane, men dei aller fleste fortel at dei var i sentrum ein dag i veka for å handla likevel. Dei yngste informantane har utelukka handla i sentrum, fordi butikkane i grendene er lagt ned. Denne samfunnsendinga har lagt til større grad av språkkontakt internt i bygda og har vore møtestad for alle som bur her. Tilflyttarar frå andre stader men også folk som kom frå forskjellige plassar på Fitjar. Dermed kan ein tru at dei interne skilnadane i dialekta er meir viska ut, og at det dermed har leia til at språket er noko lunde likt i heile kommunen.

Fritidsaktivitetane er også blitt fleire. Dei yngste informantane har aktivitetar dei er med på både på Fitjar og på Stord. Stord har eit breiare tilbod, og sjølv om Fitjar gjerne tilbyr dei same aktivitetane som Stord gjer, reiser fleire likevel til Stord for å vere med på aktiviteten fordi det er høve for å halde på med aktiviteten på ulike nivå. Dei vaksne informantane fortel om at dei var med på fotball og handball eller skulekorpset. Det er ikkje mange andre aktivitetar dei fortel om når det kjem til sport, men alle aktivitetane dei var med på skjedde i kommunen. I tillegg var det nokon arrangement for unge som ikkje skjer i dag. Dei vaksne fortel til dømes om at dei var med på klubben, yngres og ope hus på bedehusa eller i skulehusa rundt om i grendene, og dette er det slutt på i dag. Dei yngste har eit tilsvarande ope hus dei er med på, men i dag er det på kulturhuset i sentrum. Aktivitetane er i så måte også blitt sentraliserte og det er kring kommunesentrum ting skjer.

I tillegg til dette er byane på mange måtar kome nærare no, enn det dei var då dei eldste informantane var unge. Vegane var dårlege og få hadde bil, ferjene gjekk sjeldan og behova var mindre. I dag er alt tilgjengeleg for dei unge på grunn av det utbetra vegnettet, tilgangen til personbil og det at ferjetidene har blitt utbetra og at dei går fortare. I tillegg treng ein ikkje reise med ferje dersom ein skal til Haugesund. Trekantsambandet var på plass i 2000, og då vart siste ferja ein tidlegare måtte ta sett ut av drift.

At dei eldste informantane er vaksne opp med tette sosiale nettverk der fleire generasjonar gjerne budde saman, leia til ein viss form for isolasjon men også til høg grad av lojalitet inni nettverket. Dei var den samla eininga som arbeidde saman og hadde det meste av fritida saman. I tillegg til at dei hadde desse tette nettverka hadde dei høve til skulegang og handel lokalt i grendene som igjen leia til isolasjon. Dersom ein ser bort frå isolasjonsperspektivet viser dette også til at dei vart mindre utsett for andre talemåtar. Dei reiste lite til byane som avgrensa språkkontakten og var også i noko grad skjerma for andre talemålsvariantar på Fitjar fordi dei kunne leve så lokalt. Det same gjeld for nettverka som er danna i informantgruppene. Teknologien legg i stor grad høve for å vere med i fleire lause nettverk med stor språkleg variasjon. Resultata viser at dess mindre lokale fitjabuen har hatt høve til å vere, og dess meir kontakt dei kan ha med andre, dess større endringar finn ein i talemålet. Dette heng nok saman med denne samfunnsendringa og er eit resultat som viser korleis språkkontakt og isolasjon kan bevara og endra språket.

### 6.3 Språkendringsteoriar

Når det kjem til denne språkendinga på Fitjar er problemstillinga delt i tre. Eg skal altså sjå på språkendinga som skjer, samfunnsendingar og prøve å grunngje kvifor språkendingane skjer som dei gjer. Eg vil no sjå endringane i lys av dei forskjellige teoriane eg presenterte i kapittel to. eg vil først sjå på standardisering og regionalisering, for dermed å snakke om den sosiale nettverks teorien og språkleg tilpassing som faktorar til endringa som skjer her.

#### 6.3.1 Regionalisering som faktor

Når det kjem til regionaliseringa som faktor til språkending, er nok den høgst reell her. Fitjar ligg midt i mellom regionscentera Haugesund og Bergen, og som eg viste gjennom resultatane mine reiser fitjabuen ofte til både Bergen og Haugesund i dag. Dei vaksne og dei eldre informantane fortel at dei reiste lite til by då dei vaks opp, men at dei no reiser relativt ofte. Dei yngste informantane fortel at dei reiser til by minst ein gong i månaden, og det at dei har fått denne språkkontakten så ofte og så tidleg i livet, har nok spela ei rolle for korleis dei snakkar. I dei seinare åra har også dei fleste vaksne og eldste informantane reist meir til by, og det kan truleg ha spela inn på talemålet deira. Det at dei derimot ikkje har vore utsett for denne språkkontakten i stor grad i oppveksten trur eg er ein viktig faktor når det kjem til bevaringa dei har av dialekta si. Som eg tidlegare har nemnt er nok skarre-r eit språktrekk som er konsekvens av denne kontakten. Når dei er vande med å reise til by så ofte, utset dei seg også for andre talemål i stor grad. Dermed vert det lagt til rette for språkkontakt som truleg medverka til dei endringane eg her har funne.

Som følge av denne regionaliseringsprosessen står det Sandøy si påstand om eit felles regionalt talemål på Vestlandet. Når dialekter vert likare, som ein kan sjå gjennom den presenterte forskinga i Bergen og i Haugesund, ser ein at funna her på Fitjar viser dei same endringstendensane som finst der. Skjekkeland og Sandøy snakkar om at dialektgrensene slik dei står i dag er eit resultat av mange små regionaliseringar, og slik funna viser kan dette vere saka også på Fitjar når ein ser at formene går mot dei normerte formene i den yngste aldersgruppa. Når dei formene som er mest brukt i byane spreier seg til mindre stader kan ein snakka om eit regionalisert talemål som vert likare språket i regionscentera. Denne tendensen er som nemnd i 3.1.2 enno sterkare på Sørlandet, og sjølv om ein kan sjå klare regionale fellestendensar gjennom dette forskingsarbeidet, er det likevel ikkje sikkert at målet på Fitjar vil enda opp som talemålet i verken Bergen eller Haugesund i og med at denne endringstendensen ikkje kjem like klårt fram på Vestlandet. Det at palataliseringa, differensiasjon og segmenteringa viser seg å vere på veg ut blant dei yngste informantane og

dels hos dei vaksne, kan ein likevel tenkje seg at dette er som følgje av språkkontakten ein vert utsett for når ein reiser så mykje til regionssentra som ein gjer i dag. I tillegg til dette ligg Fitjar som tidlegare nemnt midt i mellom dei to regionssentra og vert difor påverka frå både nord og sør. På grunn av dette kan ein sjå resultatane av undersøkinga mi i lys av bølgeomodellen der Bergen og Haugesund er novasjonsområde, og Fitjar vert spreingsområdet.

Noko anna som støttar regionaliseringa, og i så måte også bølgeomodellen i dette høvet er provet Gabrielsen og Sandøy legg fram. Som eg skreiv om i teoridelen har Sandøy (2015) gjennomført fleire undersøkingar i Øygarden kring Bergen der undersøkingane hans viser ganske dei same resultatane som eg har fått i mi undersøking. Som eg viste til i teorikapitlet gjorde Sandøy ei gransking i Øygarden frå 2009 som viste at 100% av ungdommane var gått over til *-rn* i staden for *-dn*. Det same skjedde med palataliseringa der det kunn var 6,7% av dei som var fødte kring 1994 følgde palataliseringsregelen. Dei same endringane legg også Gabrielsen fram frå bymålet i Haugesund, og dette gjev eit forsterka inntrykk av regionaliseringa som endringstendens også i målet på Fitjar, når alle resultatane peikar mot den same utviklinga. I tillegg bør statusen som byane har nemnast kontra bygdestatusen. Det bur vesentleg fleire menneske i byane, og dette bidreg nok også til at den nye og regionaliserte forma vert den nye normalen.

I tillegg til dette er arbeidstilhøva for innbyggjarane i Fitjar endra. Mange av dei eldste informantane fortel om at fedrane var i arbeid, og mødrene var heime. Dette er det også mange av dei vaksne informantane som kan fortelje. Blant dei yngste informantane er det ein som kan fortelje at mora var heime ein liten periode under oppveksten, men at ho fann seg arbeid like etter første skuledag og dessutan arbeidde som dagmamma då ho var heimeverande. Foreldra til dei yngste informantane arbeider anten i kommunen eller ein av dei andre kommunane i Sunnhordland. Fleire av fedrane har reisejobb. Dette med arbeid legg også til rette for språkending, og er nok ein stor arena for utveksling av talemålsvariantar. Regionalisering av arbeidsstader vil nødvendigvis også vere ein form for regionalisering når det kjem til talemålet, fordi det leiar til at nye former blir tekne opp. 32% av arbeidstakarane i Fitjar kommune jobbar på Stord, og Stord har også den største vidaregåande skulen i regionen. Ein av informantane er elev ved HVL, som også er plassert på Stord. Når ein ser dette omfanget kan ein tenkje seg at Stord er på veg til å bli eit nytt regionssenter som kan spreie talemålet sitt og regionaliserte former til alle dei som pendlar her for skule og jobb.

### 6.3.2 Standardisering og kontakt.

Sidan 1900-talet har det skjedd store endringar i det norske samfunnet. Det er ikkje berre kontakten mellom menneske som er endra, men folk kan også bevege seg der dei vil til ei kvar tid. Kontakten mellom Fitjar og regionssentera har auka betrakteleg og det er fleire utanfrå som buset seg på øya. Folk som går på skule eller er i arbeid pendlar dagleg til Haugesund, Bergen og Stord, noko som har leia til språkkontakt av høgste grad. I tillegg har nok dette også bidrege til språkending i stor grad. Det at palatalisering av velarane *g* og *k*, differensiasjon og segmentering er på veg ut saman med rulle-*r* og tradisjonelle verbformer peikar mot at det er ein viss grad av standardisering i talemålet.

Etter artiklane frå Haugesunds avis (2006 og 2012) om elevane på Fitjar vidaregåande, og elevar i det gamle Hordaland generelt, ser ein jo også at bokmålet har fått gode røter å veksa på i Sunnhordland. Det at bokmål er det føretrekte skriftspråket hos mange Sunnhordlendingar kan nok bidra til at talemålet endrar seg. Som Helge Sandøy skriv, kan nok dette vere grunnen til at segmentering og assimilasjon har falle bort (Sandøy, 2015, s.208-209). På grunn av undersøkinga hans vert det nærliggjande å tenkja at dette kan vere tilfelle også på Fitjar.

Dersom ein ser på resultatane frå undersøkinga og val av skriftspråk er dette faktorar som peikar i retning av standardisering. Dei fleste informantane seier dei føretrekk å skriva nynorsk og at det er dette dei brukar i det daglege, men det er også dei som føretrekk å skriva bokmål. Mange av dei yngre seier at dei skriv mykje bokmål på sosiale medium, eller når dei skriv til nokon frå andre landsdelar, fordi det skapar ei breiare forståing. Det er mange som opplev at dei ikkje blir forståtte på nettet dersom dei skriv nynorsk eller dialekt. Bokmålet er jo skriftspråket til om lag 90% av den norske befolkninga og er nærliggjande talemålet på «Oslos beste vestkant».

Det er også heilt naudsynt å peike mot kommunikasjonen dei ulike gruppene informantar heldt på med. Dei unge fortel at dei har høg mobilbruk og at dei brukar mobiltelefonen til å omgje seg med fleire digitale venner i Noreg. Det dei ser på er ofte presentert gjennom austlandsk og det dei les er ofte skriva på bokmål. Dei yngste har hatt smart-telefon så lengje dei kan hugse, medan dei vaksne og dei eldste informantane fortel at dei ikkje har fått det før i løpet av dei siste ti åra. Dette bidreg nok til at eksponeringa vert heilt annleis for dei eldre enn dei yngre som har vore eksponerte for det munnlege og skriftlege bokmålet heile livet. Når ein først høyrer og les bokmål over alt i media, har det truleg ein del å seie dersom du byrjar å skriva det sjølv.



I tillegg til at det gjennom avisartiklane viser at det standardiserte bokmålet har fått spelerom på vestlandet, heng nok dette saman med det språket ein stort sett høyrer og ser på fjernsyn og i sosiale medium. Dersom ein høyrer eit språk samstundes som ein les og skriv det, er det nærliggjande å tenkja at dette kan leia til ein viss grad av språkleg endring. Dersom ein ser på korleis utviklinga av dei tradisjonelle trekka har skjedd kan det også hevdast at bokmål og det standardiserte talemålet bidreg til at dei forsvinn i noko grad. I minste fall spelar det ei medverkande rolle.

### 6.3.3 Sosial nettverksteori og tilpassingsteori

Den sosiale nettverksteorien og tilpassingsteorien spelar også ei rolle i språkending. Som eg skreiv om i teoridelen av denne oppgåva handlar den sosiale nettverksteorien om dei primære sosialiseringssentrale ein har kring seg og dei ein brukar mest tid saman med. Det at bokmålet har fått sin stad i skulen på Fitjar (haugesunds avis, 2006) kan ha ein samanheng med dette. Når dei byrjar på vidaregåande skule kan dei velje skriftspråk, og dersom dei ein omgjev seg med vel bokmål er det enkelt å gjere det same sjølv for å passe inn. Bokmål har høgare status enn det nynorsken har, og dette bidreg nok også til at det ikkje er så kult å velje nynorsk. Kva val ein tek i slike samanhengar handlar ofte om kven ein vil assosiera seg med.

Vidare handlar nok dei sosiale media om dette. Dei vaksne og dei eldste informantane brukar dette i mindre grad enn dei yngste, og dette heng noko saman med kva det er forventat at ein har. Dei vaksne og eldste er opptekne av å halde seg oppdatert mest på kva familien og venner held på med, altså primært dei som er med i det tette nettverket, medan dei yngste helst skal få med seg alt av trendar og vite kva som er kult og ikkje. Dei eldste informantane brukar facebook og snapchat som dei einaste sosiale media. Dei vaksne brukar også desse to, men dei har instagram i tillegg. Når det kjem til dei yngste hadde dei vesentleg fleire. Dei brukar alle dei tre nemnde, men i tillegg til dette har dei twitter, tiktok og whatsapp, for å nemne nokon. Her er spekteret breitt, men poenget er at dei yngste brukar mange fleire sosiale medium, og i tillegg brukar dei vesentleg lenger tid på dette enn dei andre informantgruppene. Dette kan handle om at dei skal få med seg alt som skjer rundt dei og at det er ein kultur for denne bruken blant dei unge.

Det at dei yngste informantane brukar vesentleg meir tid på sosiale medium legg til rette for at dei er deltakarar i fleire lause nettverk, som i seg sjølv er ein faktor til endring. Dei lause nettverka er nok mange når ein ser på alle dei forskjellige plattformene dei brukar, og

dessutan er det fleire av informantane som fortel at dei har kontakt med folk på andre stader i landet, og at dei då for det meste skriv bokmål. Det at dei språkleg sett tilpassar seg dei forskjellige nettverka dei er ein del av kan hengje saman med vinglinga i dialekta til dei yngste. Når ein skal sjå dei språklege resultata til dei yngste informantane i samband med den sosiale nettverksteorien er dette truleg ein av grunnane som har leia til endring. Dei er deltakarar i fleire lause nettverk og har truleg ulike identitetar som heng saman med dette. Kven dei er på internett heng nødvendigvis ikkje saman med kven dei er heime, og dermed legg det til rette for språkleg variasjon og dermed endring, alt etter kven dei skal tilpasse seg.

Noko som nok forsterkar denne tanken om at ein skal gjere det andre gjer, er at det framleis er ein viss «alle-kjenner-alle» mentalitet på Fitjar. Det kan leie til at ein ikkje vil skilje seg ut, men heller ha innpass i ei gruppe. Ein skal ha dei same kleda, dei nyaste telefonane og ein skal snakke same språket. Dette er truleg ein tankegong som er sentral blant dei yngste som enno held på å forme identiteten sin. Dei eldste var mindre vinglande i språkbruken sin og var klårare på kva språklege variablar dei brukte enn dei unge.

Av dei eldre og dei vaksne informantane er det fleire som er vaksne opp på gardsbruk der fleire generasjonar budde saman. Av dei yngste informantane fanst det ingen slike tilfelle. Denne livssituasjonen der det bur fleire generasjonar på same gard er ein viktig faktor når det kjem til korleis ein snakkar. Når ein er fleire generasjonar som bur i lag vert det eit veldig tett språkleg nettverk der det er stor grad av språkleg lojalitet inni nettverket. Det handlar då om at den eldre generasjonen i like stor grad som dei føresette gjev språket sitt til barnebarna sine. Foreldra som då har budd med sine foreldre heile livet, vil ha arva eit språk frå dei som er noko lunde likt utgangspunktet. Når ein har eit slikt tett nettverk der dei brukar dei same variablane er det større sjanse for at språket heldt seg stabilt når det er eit likt bilete i fleire generasjonar om korleis ein skal snakka.

## 7. Konklusjon og avslutning

Målet med denne oppgåva var å undersøkje kva endringar som finst i talemålet på Fitjar, og kva samfunnsendringar som kan ha bidrege til dette. Eg har avgrensa oppgåva til tre aldersgrupper på Fitjar, og skal sjå om endringane kan sjåast i samband med alder og samfunnstilhøva på Fitjar. Når eg no skal konkludere og komme med svara på problemstillinga mi, blir det i tre delar i og med at problemstillinga mi har fleire sider. Den første delen av problemstillinga handlar om kva for variasjon og endring som finst i

fitjardialekta. Den andre delen handlar om korleis samfunnet har endra seg og korleis dette kan ha medverka til språkending. I den tredje delen kjem eg til å svara på korleis dei språklege variasjonane og endringane kan grunnleggjast med forankring i samfunnsendingane som har skjedd.

Når det kjem til variasjonen og språkendingane i fitjardialekta har eg kome fram til at det finst ein faktisk variasjon i talemålet. Gjennom resultatane mine kan ein sjå at det er ei tydeleg endring i bruken av tradisjonelle og nye former i dei forskjellige aldersgruppene. Alder viser seg å vere den sosiale faktoren som i størst grad heng saman med språkbruken. Resultatane viser at bruken av tradisjonelle former går ned med alderen, og at låg alder samsvarar med bruk av moderne, nye former. Dei eldste informantane brukar palataliserte former, segmentering og assimilasjon av konsonantsamband og omlydsverb i større grad enn den andre aldersgruppene. Det er også i denne aldersgruppa desse trekk i størst grad er gjennomførte hos informantane. Dei fleste vaksne brukar også desse formene i variabeltesten, men i samtalen viser dei fleste ei veksling som peikar mot at dette ikkje er gjennomført. Det er fire vaksne som har dette gjennomført. I tillegg til dette er det to vaksne som om lag berre brukar nye former på variabeltestane, og dette viser til at det er ei tydeleg endring allereie i denne aldersgruppa. I den yngste informantgruppa er dei nye formene størst, og det finst lite bruk av tradisjonelle former.

Når det kjem til korleis uttalen av -r er på Fitjar, har dette og klårt endra seg. Som eg viste til i førre kapittel har den bakre-r teke over for den tradisjonelle fremre-r, og ein ser korleis utviklinga går. Når det kjem til forskinga til Wiese, og mi eiga forsking, kan ein sjå den høge farten på utviklinga, og truleg er denne utviklinga no heilt gjennomført.

Når det kjem til identifiseringsfaktoren språket har, viser det seg ikkje klårt at denne heng saman med korleis informantane snakkar. Dei to vaksne informantane som ikkje meina at dialekta var identitetsskapande er også dei to som i størst grad brukte nye former, men sjølv om det var ein eldre informant som meina at dialekta ikkje var viktig for identiteten, brukte denne informanten likevel dei tradisjonelle formene. Av dei yngste informantane som meina at dette var viktig brukte to av dei mange tradisjonelle former i variabeltesten, men dei nye formene i samtalen. Det er tvitydige resultat, så det er ikkje sikkert at identitetsaspektet har ein samanheng med resultatane eg har fått i undersøkinga mi. Dei fire vaksne med gjennomførte tradisjonelle former og ni av dei eldste meina dialekta var identitetsskapande, så ein kan likevel ikkje forkasta dette som ein konserveringsfaktor.

Ein kan på konkludera med at dialekta på Fitjar er i ei endring og at det har skjedd ganske omfattande endringar allereie, berre blant dei 30 eg har intervjuet. Dersom språkendringane eg har kartlagt er representative for heile Fitjar, vil dei nye formene bli større, og bruken av dei tradisjonelle formene mindre. Dette er, som ein ser, allereie tilfelle, men i framtida kan det tenkjast at dei nye formene vert større og større i talemålet og i så måte dannar eit talemål som er relativt ulikt språket slik det er hos dei eldste informantane i dag. Dersom resultatane til dei unge peikar mot framtidsmålet er det i det minste sikkert at dei tradisjonelle trekk som finst i dag nok vil forsvinne i framtida.

Når det kjem til dei samfunnsendringane eg har sett på i oppgåva handlar det mykje om korleis informantane er vaksne opp og korleis samfunnet var då dei vaks opp. Når det kjem til korleis desse språkendringane kan grunnjevast er det mange samfunnsendringar som har medverka til dette. Dei eldste informantane er vaksne opp med heimeverande mødrer og budde tett på slektningane sine, gjerne på same gard. Dette legg til rette for dei tette nettverka som er omtala i 3.1.4, og kan dermed verke konserverande på språket. Desse tette nettverka er ikkje like gjeldande i dag, og dei fleste vaksne og unge er vaksne opp i byggjefelt og brukar fritida si annleis enn dei tidlegare generasjonane. Av dei yngste har ni av ti informantar også gått i barnehage, som er ein annleis språkleg arena enn å vere heime med mora i oppveksten. I tillegg har samfunnet gått frå å vere veldig lokalt til at det meste skjer i kommunesentrumet. Butikkar og skular i grendene er lagde ned og dei fleste fritidsaktivitetane er her. I dag må ein til sentrum dersom ein skal noko, og dette i seg sjølv viser til at mindre grad av isolasjon og meir språkkontakt verkar til endring. Det legg tilhøva for ein brei intern språkleg kontakt som truleg har vore ein faktor også i utjamning av lokale former.

Telefonbruken og kor lengje den har vore ein del av informantane sitt liv, er det truleg også noko som har leia til språkendring. Teknologien me har i dag har leia til kommunikasjon som har vore framand for dei eldste informantane mesteparten av livet, og kan dermed seiast å vere ei samfunnsendring. Endringa har truleg leia til fleire lause sosiale nettverk, som me ser gjennom Milroy og Milroy i seg sjølv er ein faktor til endring. Dei lause nettverka kan spesielt hengje saman med denne telefonbruken, og det er då den yngste informantgruppa som er spesielt utsett her, noko som kan samsvara med funna eg gjorde i 5.3.1 og 5.3.2. Til samanlikning kan ein trekkje inn dei vaksne og eldste informantane her, der dei vaksne brukte mindre tid og færre sosiale plattformer enn dei yngste, og dei eldste informantane brukte desidert minst. Funna hos desse informantgruppene kan også samsvara med dette.

I tillegg har dei eldre og dei vaksne ikkje vore vande med byturar eller mykje reising, slik spesielt dei yngste informantane har vore vande med sidan dei var små. Dei eldre og dei vaksne informantane fortel derimot at dei i seinare tid har byrja på reise meir enn det dei gjorde då dei vaks opp, men dei yngste er dei som flyttar seg desidert mest. Utbygginga når det kjem til samferdsle heng saman med språkkontakt i og med at fitjabuen reiser meir, og dei yngste informantane har vore utsett for dette heile livet. Det at dei vaksne og eldre informantane ikkje har reist i like stor grad tidlegare i livet har nok også vore ein faktor til språkkonservering i og med at dette verkar isolerende.

Det at Fitjar er geografisk utsett når det kjem til dei to store regionssentra Bergen og Haugesund, har nok hatt mykje å seie for kva trekk fitjabuen tek opp. Forenklingane eg peika på i resultatane mine kan vere konsekvens av eit større regionalmål som breier om seg, og forskinga til Gabrielsen og Sandøy støyr at dette ein regionaliseringsprosess der dei tradisjonelle trekka på Fitjar må vike for dei nye formene i regionssentra. Det er rimeleg å tru at dei nye formene ser ut til å spreia seg frå naboområda, og på dette viset kan ein sjå spor av ein regionalisering av språket. På denne måten kan truleg dei særlege trekka bli viska bort og dialekta vert utjamna med dialekta i omliggjande kommunar og bygder.

Dei forenkla formene som kjem fram i granskinga mi kan også komme av innverknaden frå standardiseringa. Forenklingane som har skjedd på Fitjar i dette tilfellet er forenklingar av former som ikkje er vanlege i det standardiserte talemålet, som til dømes palatalisering, segmentering og differensiasjon og dei tradisjonelle omlydsverba. Dette støyr tanken om at bokmålet og standardtalemålet er påverkannde faktorar som her har leia til endring. Når ein ser på kva variantar dei yngste informantane som er mest aktive på sosiale media brukar, kontra dei vaksne og eldre informantane, kan ein seie at det er ein samanheng her.

Samfunnstilhøva eg har undersøkt i denne oppgåva har innverka språket i stor grad. Sentralisering av det som ein gong var eit grendesamfunn og teknologien legg til rette for språkkontakt som i seg sjølv verkar til endring. Telefonbruken og dei forskjellige sosiale media legg til dette for at språkkontakten berre et ein «swipe» borte. Ein kan dermed konkludere med at alle dei ovannevnde endringane har bidrege til at dialekta har endra seg slik ein kunne sjå i del 5. Det er både snakk om lausare nettverk no, enn det som var vanleg då dei eldre og vaksne informantane vaks opp, og ein større grad av regionalisering gjennom utbetra samferdsle og andre arbeidsvilkår. Folk flyttar på seg når dei skal til jobb og skule, nokon pendlar og andre reiser bort over lengre periodar for å jobbe andre stader. Det er også blitt vanlegare at fitjabuen tek seg helgeturar til forskjellige byar.

Eg kan soleis konkludere med at dialekta har gått gjennom ei endring når det kjem til dei variablane eg har undersøkt, og resultata mine viser at det er endringar på alle variablane. Når ein ser på fleirtalet av tradisjonelle og nye former, er det tydeleg at låg alder samsvarar med høgt tal nye former i språket og høg alder samsvarar med høgt tal tradisjonelle former. Fitjardialekta er på veg bort frå dei tradisjonelle formene, og har teke til seg mange nye former. Segmenteringa og differensiasjonen er nesten borte hos dei yngste informantane, palataliseringa av *g* og *k* har falle bort hos dei yngste, dei har alle den bakre -r og verba får nye bøyingsformer. Som resultata viser er bruken av dei tradisjonelle formene vesentleg mindre hos dei yngste informantane enn han er hos dei eldste og dei vaksne. Dei som brukar mest tradisjonelle former er dei eldste informantane, medan dei vaksne byter eller vekslar mellom dei tradisjonelle og nye formene. På grunnlag av dette kan ein seie at dialekta har endra seg mykje berre på seksti år, og at samfunnstilhøva og dei sosiale faktorane klårt spelar inn på språkbruken i dei forskjellige aldersgruppene. Resultata snakkar for seg sjølv, og det er rimeleg å tru at dei nye og normaliserte formene kjem til å spreie seg vidare.

## 8. Kjelder

Aasen, I. (1864). *Norsk grammatikk: Omarbeidet udgave af «Det norske Folkesprogs Grammatikk»*, Christiania: B.T Mallings Forlagsboghandel.

[https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb\\_digibok\\_2006082900055?page=1](https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2006082900055?page=1)

Gabrielsen, F. (1991). *Haugesund bymål*. Alvheim og Eide.

Grønli, K. S. (2002, 29.november). Stolte bygdefolk held på dialekten. I *forskning.no*.

<https://forskning.no/sprak/stolte-bygdefolk-held-pa-dialekten/1089482>

Torvund, S., (2006, 28. februar). Bokmål mest pop på Fitjar. *Haugesunds avis*. [Nyheter |](#)

[Bokmål mest pop på Fitjar \(h-avis.no\)](#)

Haugesunds avis (2012, 20. april). Svake nynorsktall i Hordaland.

Jahr, E. H. (Red.). (1990). *Den store Dialektboka*. Novus Forlag.

Kvåle, S., Brinkmann, S. (2010). *Det kvalitative forskningsintervju* (2.utgåve). Gyldendal Akademisk.

Labov, W. (1984). *Field Methods of the Project on Linguistic Change and Variation*

<https://www.ling.upenn.edu/~wlabov/L470/Labov1984.pdf>

Labov, W. (1978). *Sociolinguistic Patterns* (seventh printing), University of Pennsylvania Press.

Larsen, A. B., Stoltz, G. (1911). *Bergens Bymål* (1ste hefte). I kommission hos H. Ascehoug & Co.

<https://www.nb.no/items/eb1e7043914ae5ca8630e268f223dd0b?page=15&searchText=Bergens%20bym%C3%A5l>

Milroy, L. og Milroy, J. (1992). Social Network and Social Class: Toward an Integrated Sociolinguistic Model. *Language in Society*, Vol. 21(No.1), s.1-26.

Mæhlum, B., Akselberg, G., Røyneland, U., Sandøy, H., (2008). *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk* (2.utgåve), Cappelen Damm AS.

Notland, V. (2001). Variasjon og endring i Bømlamålet, *ei sosiolingvistisk gransking av målet i Bømlo kommune i Sunnhordland* (Mastergradsavhandling). Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.

<https://bora.uib.no/bora-xmlui/bitstream/handle/1956/1770/Masteroppgave-notland.pdf?sequence=1&isAllowed=y>

Sandøy, H. (2015). *Talemål etter 1800: Norsk i jamføring med andre nordiske språk*, Novus Forlag.

Skjekkeland, M. (2013). *Dialektar i Noreg: tradisjon og fornying* (1.utgave, 2.opplag ). Høyskoleforlaget.

Skjekkeland, M. (2021, 22.november). *dialektendring*, I *Store norske leksikon*.  
<https://snl.no/dialektendring>

Skjekkeland, M. (2021, 29.november) *dialekter i Bergen*. I *Store norske leksikon*.  
[https://snl.no/dialekter i Bergen](https://snl.no/dialekter_i_Bergen)

Skjekkeland, M. (2021, 3.desember). *dialekter i Hordaland*. I *Store norske leksikon*.  
[https://snl.no/dialekter i Hordaland](https://snl.no/dialekter_i_Hordaland)

Torp, A. (2000). Skarre-*r* – ingen talefeil likevel? Teorier om opphavet til skarring – og hvor langt skarringa vil gå. *Målbryting* 4, s. 63-88.

Torp, A og Vikør, L. S. (2016). *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (4.utg. s. 109-117). Gyldendal Akademisk.

Trudgill, P. (1995). Sociolinguistic studies in Norway 1970 – 1991: a critical overview. *International Journal of the Sociology of language*. 1995 (115), 7-24.

Vidsteen, C. B. (1882). *Oplysninger om Bygdemaalene I Søndhordland*. Bergen: Giertsen.

Wiese, R. (2011). The Representation of Rhotics. I M.V. Oostendorp, C. J. Ewen, E.Hume & K. Rice (Red.) *The Blackwell Companion to Phonology Volume 1: General Issues and Segmental Phonology*. (1<sup>st</sup> edt., s. 711-729). Blackwell Publishing Ltd.



Vedlegg 1:  
Spørjetestar på verb

Døme: i går gjekk eg. I dag **går** eg.

- |  |                   |
|--|-------------------|
| 1. I går sov eg. I natt ..... eg                         | (søve/ sove)      |
| 2. i går tenkte eg. I dag ..... eg                       | (tenkje/ tenke)   |
| 3. I går la eg meg. I dag ska eg ..... Meg               | (legga/leggja)    |
| 4. i går vekte eg deg. I dag skal eg ..... deg           | (vekkja/ vekka)   |
| 5. I går kom eg. I dag ..... Eg                          | (komme/ kjeme).   |
| 6. I dag grave eg. I går ..... Eg                        | (grov/ gravde).   |
| 7. Eg gjev den til deg i dag. I går ..... Eg han til deg | (gav/gidde).      |
| 8. Høna verpe i dag. I går ..... ho.                     | (verpte/ varp).   |
| 9. Solo skine i dag. I går ..... ho.                     | (skein/ skinte).  |
| 10. No skrive eg. I går ..... eg.                        | (skreiv/skrivde). |
| 11. Pannekaka svir seg. i går ..... ho seg               | (svei/ svidde).   |
| 12. No trekke eg eit lodd. I går ..... eg                | (trakk/ trekte)   |
| 13. No ler me, men i stad ..... me.                      | (lo/ ledde)       |
| 14. I går spurte eg ikkje, men i dag skal eg .....       | (spørja)          |
| 15. I stad sat du der, no vil eg ..... der.              | (sitja/ sitta)    |
| 16. I går ryngte han ikkje, men i dag må han.....        | (ryngja/ ringa)   |

## Vedlegg 2:

Spørsmål til informantane for kartlegging av variablar i talemålet. Informantane må svare i heile setningar. **Eksempel:**

1. Kvar oppstår det bølger når det er uver? (sjøen/ sjødn)
2. Kvar heng bileta dykkar? (Veggen/ veggjen)
3. Kvar har skiglade folk hytte? (fjedle/fjellet)
4. Kva heiter nettet som vert brukt til å fange fisk i? (gadn/ garn)
5. Kva må ein gjere med kornet for at det skal bli mjøl? (Kvedna/ kverna)
6. Kva er eit anna ord for klut? (filla/ fidla)
7. Kva er eit anna ord for «heile gjengen»? (alle/ adle)
8. Kva skal du gjera dersom du skal setje opp eit hus? (byggja/bygga)
9. Kva er eit anna ord for å gni/ stryka noko utover? (smørja/smørta)
10. Kva er det ein held seg med dersom ein skadar ein fot? (krykkjer/krykke)
11. Kan du eit anna ord på bunadsskjørt? (Stakken/ stakkjen)
12. Kva er bygg, kveite og ris forskjellige typar av? (kodn/korn)
13. Kva må du gjere i ein heis for å bestemme etasje? (trykkja/ trykka)
14. Kva treng du for å låse opp huset? (nøyla/nøkla)
15. Kva har bukkane på hovudet? (hodn/horn)
16. Kva henta dei vatn frå før i tida? (brydn/brønn)
17. Kva brukar ein dersom ein ser dårleg? (bridle/ brille)
18. Når du tar tunga bortpå noko, kva gjer du då? (Sleika/ sleikja)
19. Kva har ein ved i etter ein har kløyva det? (sekkja/ sekka)
20. Kva heiter det ein tømmer ein kaffi frå? (kadna/kanna)
21. Kva seier du dersom du skal gå og sova? (leggja/ legga)
22. Når ein fundera over noko, kva gjer ein då? (tenke/ tenkje).
23. Kva er det mange ungar brukar for å pitle seg i nasen? (finjen/ fingjen)
24. Gje meg eit anna ord for kanskje. (gjerna/gjedna).
25. Når sola varmar, kan ein ofte sei at ho...? (steikja/ steike).

### Vedlegg 3:

Korleis var oppveksten din?

Kva jobba foreldra dine med?

Kvar vaks du opp? Korleis var skulegangen? Kvar gjekk du på skule?

Kva brukar du telefonen til?

Kor mange personar kommuniserer du med på telefonen kvar dag?

Kor mykje brukar du telefonen i løpet av dagen?

Kva tenkjer du sjølv om fitjardialekta?

Kva forhold har du til dialekta di?

Har du nokon gong skjemst over dialekta di?

Har du nokon gong slite med å halde på dialekta, eller sett deg nøydd til å leggje om på grunn av jobb eller sosiale samanhengar?

Kva er ditt føretrekte skriftspråk?

Kva skriftspråk nyttar du mest i skule/ jobbsamanheng?

Kor stor tilgang til byen?

Kor langt måtte de reise for å komme til by?

På den tida de var unge / arbeidde, var det vanleg at damer arbeidde utfor heimen?

Kor langt måtte de pendle til jobb?

Kven arbeidde de med?

Var det mange pendlarar?

Kven omgjekk dykk?